



Fakultet for helse og sosialvitenskap, institutt for sosialvitenskap og veiledning

**Masteroppgåve av Kamilla Harestad Solvang**

**Ei studie av bu- og omsorgstilbodet til einslege  
minderårige flyktningar i alderen 15-18 år.**

*A study regarding the provision of housing and care for  
unaccompanied minor refugees of the age between  
fifteen and eighteen.*

MATBU; Master i tverrfaglig arbeid med barn, unge og familier

TBU4901

16.01.2023

## Forord

Å skrive denne oppgåva har for meg vore ei bratt læringskurve. Arbeidet har vore både givande og interessant, men også til tider svært mentalt krevande. Utan støtte og hjelp hadde ikke realisering av oppgåva vore mogleg. Støtte og hjelp har eg heldigvis fått frå fleire hold, og det er difor på sin plass å vise min takknemlighet her.

Først og framst vil eg rette ei stor takk til min vegleiar Professor Halvor Nordby. Takk for alt du har lært meg i prosessen, for at du har satt av god tid, og for at du har hatt tru på meg og på konseptet i oppgåva frå start. Dine konstruktive innspel har hjulpe meg til å reflektere, utfordre meg sjølv, og til å ta gode valg igjennom oppgåva.

Eg vil også takke biblioteket ved Høgskolen Innlandet for vegleiing vedrørande litteraturinnhenting, formelle retningslinjer, samt for fleksibilitet når det gjeld utlån, og sending av bøker i posten.

Til slutt vil eg takke familie og venner for å heie på meg igjennom heile prosessen. Takk til min mann Ove, for å ha holdt meg oppe når motet har hengt i ein tynn tråd, og til mi gode venninne Kristin som har bidratt med verdifulle innspel under vefs samt med oversetjinga av samandraget. Eg vil også takke min far, Kjetil, som har sitt virke innfør eit anna fagfelt, og difor har kunna bidratt med kritiske spørsmål til teksta.

## Samandrag

**Bakgrunn:** Einslege mindreårige er born som flyktar, utan foreldre eller andre som utøver foreldreansvaret for dei. Når borna søker opphold i Norge, blir det fra myndighetene si side sett eit skilje mellom borna over og under 15 år. Borna under 15 år blir ivareteke av Bufetat, medan borna over 15 år blir ivareteke av UDI. Føremålet med denne studia er å diskutere denne forskjellsbehandlinga. Problemstillinga er som følger: «Korleis bør bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige flyktingar i alderen 15-18 år vere?».

**Metode og føremål:** For å besvare problemstillinga har eg nytta ein tredelt innfallsvinkel. Eg har først utført ei litteraturstudie som har hatt som føremål å danne eit forskingsmessiggrunnlag for belyse korleis bu- og omsorgstilbodet bør vere. Videre har eg belyst to sentrale faglege perspektiv, som omhandlar traumer og resiliens, og som har til føremål å supplere funn frå forsking. For å besvare spørsmålet om korleis bu- og omsorgstilbodet ‘bør vere’, har eg i tillegg sett det som relevant å belyse offentlege dokument som omhandlar korleis bu- og omsorgstilbodet er ‘tiltenkt å vere’. I dette høvet gjer eg ei form for kritisk dokumentanalyse, med bruk av ‘dekonstruksjon’ av tekst som verktøy, for å rette eit granskande og makkritisk blikk på Stortingsproposisjon 82L (2020-2021).

**Resultat og konklusjon:** Forskingsfunna peiker på at bu- og omsorgstilbodet bør vere anerkjennande samt gi rom til medverknad. Ansatte på bu- og omsorgstilbod for einslege mindreårige rapporterer imidlertid om uklare mandat for omsorgsutøvinga. Fagperspektiva på traumer og resiliens tydeleggjer behovet for at bu- og omsorgstilbodet tek hensyn til at borna ofte ber med seg traumatiske erfaringar frå flukt, men at borna samstundes blir gitt rom til å vere sjølvstendige. Både forsking og fagperspektiv understreker behovet for fagkompetanse i bu- og omsorgstilbodet. I praksis inneber bu- og omsorgstilboda til dei einslege mindreårige over 15 år likevel ofte redusert grad av bemanning samt fagkompetanse. Ved å kritisk analysere Prop. 82L, synast det å tre fram skjulte element av makt, som legg føringar for korleis bu- og omsorgstilbodet skal vere. Analysa avdekker eit mønster i teksta, som degraderer behovet for fagpersonell og ressursar ved bu- og omsorgstilbodet. Føringane ser ut til å ha makt til å påverke praksis, sjølv om dei er i strid med korleis forsking og fagperspektiv indikerer at bu- og omsorgstilbodet bør vere.

## **Abstract**

**Background:** Unaccompanied minor refugees are children who flee alone, without their parents or others with parental responsibility. Unaccompanied children who seeks asylum in Norway are separated into two groups which receives protection, housing and care from different parts of the Norwegian Government. If a child is fifteen years of age or younger they will be under the protection of the child protective services (Bufetat). If a child is between fifteen and eighteen years of age they will be under the protection of the Norwegian Directorate of Immigration (UDI). The purpose of this study is to discuss the difference between these two types of protection, housing and quality of care. The research question is as follows: “how should the provision of housing and care for unaccompanied minor refugees in the age between fifteen and eighteen look like?”.

**Methodology and intention:** To answer my research question, I have chosen three main perspectives which will provide the scientific, academic and theoretical basis for my discussion. The first type of data I present is a literature review with the purpose of grounding the research question within a scientific framework. Furthermore, I present a theoretical framework based on secondary academic sources. In this part I bring in theory on trauma and resilience to complement the scientific findings from the literature review. In order to answer my research question substantially I found it necessary to look closer at an official Norwegian document, Stortingspropositjon 82L (2020-2021). This document is about how the provision of housing and care for unaccompanied refugees is intended from a political point of view. I have made a critical analysis of this document using the tool of deconstruction of a text.

**Conclusion:** The findings of the research clearly points towards the need of recognition and empowerment in provision of housing and care. In order to provide this, both academical research, and theory on trauma and resilience, clarifies the need of professional competence understanding the youths need of care as well as independence. However, despite this knowledge, practice in provision of housing and care often implies reduced staffing and lack of professional competence. Employees also reports on unclear mandates for their provision of care. By critically analysing Prop. 82L, a pattern of hidden elements of power appear. The document may represents an example of what the government intend for the housing and care provision for unaccompanied minor refugees. The pattern seems to demote the need of professional care and resources, and furthermore have practical implications for the exercise of care, despite the guidelines on which both academical research and theory emphasizes.



# Innheld

|   |           |
|---|-----------|
| <b>Innleiring.....</b>  | <b>1</b>  |
| 1.1. <i>Presentasjon av problemstilling, samt refleksjonar rundt tilnærminga til problemstillinga .....</i> | 3         |
| 1.1.2.    Avklaringar og ordforklaringer .....  | 4         |
| <b>2.    Tematisk perspektiv.....</b>   | <b>8</b>  |
| 2.1. <i>Kven er dei einslege mindreårige?.....</i>  | 8         |
| 2.2. <i>Bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige flyktningar.....</i>                                | 8         |
| 2.2.1.    Forskjellar i bu- og omsorgstilbodet for flyktningborn over og under 15 år.....                   | 9         |
| 2.2.2.    Litt statistikk vedrørande bu- og omsorgstiltbodet frå barnevernet .....                          | 10        |
| 2.3. <i>FNs barnekonvensjon i lys av bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige over 15 år .....</i>   | 10        |
| 2.4. <i>Den offentlege debatten rundt einslege mindreårige flyktningar .....</i>                            | 11        |
| 2.4.1.    Prop. 82L, 2020-2021; endringar i utlendingsloven .....   | 12        |
| <b>3.    Metodisk framgangsmåte, og refleksjonar rundt metodeval.....</b>                                   | <b>15</b> |
| 3.1. <i>Fire grunnar for valg av eit tredelt design.....</i>  | 15        |
| 3.2. <i>Litteraturstudie og kritisk dekonstruksjon av tekst.....</i>  | 17        |
| 3.3. <i>Vitenskapsteoretisk grunnlag for valg av framgangsmåte .....</i>                                    | 19        |
| 3.3.1.    Vitskapsgrunnlaget objektiv og aletisk hermeneutikk .....   | 20        |
| 3.4. <i>Framgangsmåte for innhenting av litteratur .....</i>  | 21        |
| 3.4.2.    Prosesen vedrørande innhenting av forsking frå databasar .....                                    | 22        |
| <b>4.    Funn frå forskinga.....</b>  | <b>25</b> |
| 4.1. <i>Betydninga av om einslege mindreårige blir sett som 'born' eller 'flyktningar'.....</i>             | 25        |
| 4.1.1.    Føringar for bu- og omsorgstilbodet .....   | 26        |
| 4.2. <i>Forsking som viser til omsorgserfaringar knytt til borna sin flyktningstatus .....</i>              | 27        |
| 4.2.1.    Føringar for bu- og omsorgstilbodet .....   | 29        |
| 4.3. <i>Betydninga av anerkjennande omsorgserfaringar.....</i>  | 30        |
| 4.3.1.    Fosterheimar som anerkjenner.....   | 31        |
| 4.3.2.    Føringar for bu- og omsorgstilbodet .....   | 32        |
| 4.4. <i>Betydninga av medverknad.....</i>   | 33        |
| 4.4.1.    Føringar for bu- og omsorgstilbodet .....   | 35        |
| 4.5. <i>Betydninga av eit delt omsorgsansvar mellom bu- og omsorgstilbodet og representanten.....</i>       | 36        |
| 4.5.1.    Føringar for bu- og omsorgstilbodet .....   | 36        |
| 4.6. <i>Råd frå flyktningborn til vaksne omsorgsgivarar .....</i>   | 37        |
| 4.6.1.    Føringar for bu- og omsorgstilbodet .....   | 37        |
| 4.7. <i>Tillit og mistillit som meistringsstrategi, i lys av religiøs og kulturell identitet .....</i>      | 38        |
| 4.7.1.    Føringar for bu- og omsorgstilbodet .....   | 38        |
| 4.8. <i>Betydning av etnisk og kulturell identitet.....</i>   | 39        |
| 4.8.1.    Føringar for bu- og omsorgstilbodet .....   | 40        |
| 4.9. <i>Betydninga av transnasjonale nettverk i lys av bu- og omsorgssituasjonen .....</i>                  | 40        |
| 4.9.1.    Føringar for bu- og omsorgstilbodet .....   | 42        |
| 4.10. <i>Betydninga av vennskap, og muligheten til å dele kultur og religion .....</i>                      | 42        |
| 4.10.1.    Føringar for bu- og omsorgstilbodet .....  | 44        |

|   |           |
|---|-----------|
| <i>4.11. Oppsummering av av kva for føringar forskinga gir for korleis bu- og omsorgstilbodet bør vere .....</i>  | <i>45</i> |
| <b>5. Innflytelsesrike faglege perspektiv .....</b>   | <b>47</b> |
| <i>5.3. Traumeforståing i møte med einslege mindreårige flyktingar .....</i>                                      | <i>47</i> |
| <i>5.3.1. Føringar for bu- og omsorgstilbodet .....</i>   | <i>50</i> |
| <i>5.4. Forståing av resiliens i møte med einslege mindreårige flyktingar .....</i>                               | <i>52</i> |
| <i>5.4.1. Føringar for bu- og omsorgstilbodet .....</i>   | <i>54</i> |
| <i>5.5. Oppsummering av kva for føringar fagperspektiva gir for korleis bu- og omsorgstilbodet bør vere .....</i> | <i>56</i> |
| <b>6. Drøfting.....</b>   | <b>57</b> |
| <i>6.1. Kritisk analyse av makt i offentlege dokument .....</i>   | <i>57</i> |
| <i>6.1.1. Dekonstruksjon som metode for å analyse offentlege dokument om asylmottak .....</i>                     | <i>59</i> |
| <i>6.1.2 Ei kritisk analyse av Prop. 82L, med dekonstruksjon som metode .....</i>                                 | <i>62</i> |
| <i>6.2. Dagens praksis, i lys av korleis det bør vere .....</i>   | <i>65</i> |
| <i>6.2.1. Dagens praksis i lys av barna sin rett til omsorg i sitt bu- og omsorgstilbod .....</i>                 | <i>66</i> |
| <i>6.2.2. Dagens praksis i lys av barna sin rett til medverknad i sitt bu- og omsorgstilbod .....</i>             | <i>68</i> |
| <b>7. Konklusjon .....</b>  | <b>73</b> |
| <b>8. Kjeldeliste .....</b>   | <b>75</b> |
| <b>Vedlegg.....</b>   |           |

## Innleiing

Born som flyktar til Norge utan foreldre eller andre omsorgspersonar, og søker om beskyttelse, har rett til eit bu- og omsorgstilbod frå det offentlege. Det er imidlertid forskjell på bu- og omsorgstilboden som blir gitt til borna over 15 år, og tilboden som blir gitt borna under 15 år (Aadnanes & Pastoor 2013; Keiserud 2016; Prop. 82L, 2020-2021; Fløistad 2020; Imdi, 2021). Denne oppgåva vil handle om bu- og omsorgstilboden til flyktingeborn over 15 år.

Medan einslege mindreårige under 15 år blir busett på omsorgssenter styrt av Bufetat, får borna mellom 15-18 år sitt bu- og omsorgstilbod på asylmottak for einslege mindreårige i regi av UDI (IMDI, 2021). Dersom borna får opphold, midlertidig eller permanent, blir dei busett i ein kommune. Bufetat buset borna under 15 år. Her er fosterheim ei vanleg løysing. IMDI har ansvar for å busetje dei einslege mindreårige over 15 år. Det kommunale bu- og omsorgstilboden til einslege mindreårige over 15 år, blir organisert med utgangspunkt ein individuell kartleggingsplan som kommunen får tilsendt frå asylmottaket (IMDI, 2021). Med bakgrunn i denne kartleggingsplanen blir borna vanlegvis busett i bufellesskap som er deltids eller fulltidsbemanna (Garvik, et al., 2016).

I kommunane er det vanleg at borna over 15 år blir busett i bufellesskap som er bemanna fulltid eller etter behov. Dei over 15 år som har evne og ønske om å klare seg sjølv kan busetjast i eigen hybel eller ubemanna kollektiv, begge deler med oppfølging etter behov. Dersom barnet har særlege behov, kan det få tilbod om å bersetjast på ein institusjon, kommunen må då først starte eit samarbeid med barnevernet slik at barnevernet får oppretta sak (IMDI, 2021; Paulsen, et al., 2015). Statsforvaltaren har likevel vist til at dette samarbeidet ikkje alltid blir oppretta sjølv om barnet har behov som tilseier at det burde blitt det (Statsforvalteren, 2020).

Ein av forskjellane i bu- og omsorgstilboden som blir tilbudd flyktingborna over og under 15 år gjeld krav til utdanning og bemanningsstettleik på asylmottak versus omsorgssenter. På asylmottak er det krav til at kun ein tilsett treng barnefagleg utdanning på høgskulenivå. På omsorgssenter for einslege mindreårige opp til 15 år praktiserer Bufetat, til samanlikning, krav om at minimum 50% av dei tilsette har fagutdanning på bachelornivå (Namdal, 2015; Imdi, 2021; St.meld, nr. 82L (2020-2021). I januar 2022 blei det i tillegg krav til at alle

nytilsette på institusjonar i regi av barnevernet har minimum bachelorutdanning (Bufdir, 2022).

Ein anna forskjell gjeld krav til godkjenning av bu- og omsorgstilbodet. Når ein barnevernsinstitusjon skal oppretta, eller ein familie skal bli fosterheim er det krav om godkjenning av Bufetat før barnet får lov til å flytte inn. Dette er eit krav for å ivareta rettsikkerheten til borna. Når det gjeld flyktningbarn over 15 år finnes det inga tilsvarende godkjenningskrav for asylmottaka (Namdal, 2015; Einarsson, 2016). UDI inngår avtalar med ulike driftsoperatørar, i tråd med lov om offentleg anskaffing. Kven som får ansvar for drift av bu- og omsorgstilbodet vil bli vurdert ut frå pris og kvalitet frå tilbydar. UDI har mål om kostnadseffektivitet, som inneber at tilbod blir oppretta og nedlagt etter behov. I bu- og omsorgstilbod gitt frå barnevernet er det likevel barnets behov, og hensyntil barnets beste, som kjem først, og institusjonar vil derfor ikkje bli lagt ned i periodar med lågare plasseringsbehov (Namdal, 2015; Einarsson, 2016).

Ein tredje forskjell gjeld rett til tilsyn i bu- og omsorgstilbodet som borna får når dei får opphold, og blir busett i kommunen. Tilsyn frå statsforvaltaren er eit tiltak som skal sikre born sine rettighetar når det gjeld kvalitet på omsorg (Namdal, 2015; Einarsson, 2016). Rett til eksternt tilsyn frå statsforvaltaren blir likevel kun gitt når bu- og omsorgsansvaret er organisert under barnevernet. For borna mellom 15-18 år er det opp til den enkelte kommune korleis dei organiserer bu- og omsorgstilbodet til borna. Kommunen kan velje å plassere ansvaret for dei einslege mindreårige mellom 15-18 år hos barneverntenesta, flyktningtenesta, Nav, eller direkte under rådmannen. Barna under 15 år får alltid bu- og omsorgstilbod i kommunen frå barneverntenesta (Namdal, 2015; Einarsson, 2016). Det betyr at bufellesskap for einslege mindreårige, som ikkje er definert som fosterheim eller institusjon, ikkje får tilsyn frå statsforvaltaren, og dei einslege mindreårige får derfor tilgang på lågare grad av rettsikkerhet i sitt bu- og omsorgstilbod enn andre born (Aadnanes & Pastoor, 2013; Namdal, 2015; Einarsson, 2016). Kommunane kan i praksis opprette tilsyn med bufellesskapa, men dette er ein lite utbredt praksis. Rettighetsforskrifta, som fungerer som rettsvern for born på barnevernsinstitusjon er altså ikkje gjeldande for dei einslege mindreårige over 15 år som ikkje blir busett i regi av barnevernet (Statsforvalteren, 2020).

### 1.1. Presentasjon av problemstilling, samt refleksjonar rundt tilnærminga til problemstillinga

Eg er nysgjerrig på kva forsking og anna faglitteratur kan fortelje oss om korleis bu- og omsorgstilbodet bør vere for einslege mindreårige flyktningar mellom 15-18 år. Eg lurar også på om det ser ut til å vere samsvar mellom det som forsking og anna faglitteratur vil anbefale, og det faktiske tilbodet slik det er praksis. Eg har difor utarbeida ei problemstilling som lyd som følger:

#### **«Korleis bør bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige flyktningar i alderen 15-18 år vere?»**

Dette er ei normativ problemstilling, opptatt av korleis bu-og omsorgstilbodet *bør* vere. Problemstillinga er vidare open, noko som gjev rom for å velje mange ulike metodiske tilnærmingar. Ei tradisjonell metodisk tilnærming ville vere å gjere eigne empiriske undersøkingar, ved å til dømes intervjuer einslege mindreårige, eller ansatte ved bu- og omsorgstilbodet for å svare på problemstillinga. I denne oppgåva har eg likevel valt ei anna tilnærming. Tilnærminga eg har valt går ut på å nytte eksisterande forsking, anna faglitteratur, samt aktuelle offentlege dokument som eit grunnlag for å bidra til å besvare spørsmålet om korleis bu- og omsorgstilbodet bør være.

Eg har valt å utforme eit design som gjer at problemstillinga vil bli belyst frå tre ulike vinklar i kvar sin del av oppgåva. I del ein vil eg systematisk gjennomgå aktuell forsking og diskutere kva for føringar denne forskinga legger for korleis bu- og omsorgstilbodet bør vere. I del to vil eg belyse og drøfte to innflytelsesrike faglege teoretiske perspektiv og drøfte kva for implikasjonar desse har for bu- omsorgstilbodet til dei einslege mindreårige.

I del tre av oppgåva er hovudmålet å rette eit granskande blikk på dagens praksis. Denne delen vil føregå i to omgangar, der eg først foretar ei form for kritisk tekstanalyse, der eg vil analysere Stortingsproposisjon 82L, som omhandlar praksis i asylmottak for einslege mindreårige over 15 år. Videre i del tre av oppgåva vil eg anvende det eg så langt har presentert til å rette eit granskande sokkels på dagens praksis.

Ein slik tredelt innfallsinkel meiner eg er relevant og nyttig, ved at problemstillinga soleis blir belyst frå ulike kantar. Både forsking, fagperspektiv og offentlege dokument er ein del av litteraturen som er uløyseleg knyte saman. Fagperspektiv baserer seg på forsking, men ny

forsking vil også danne grunnlag for nye fagperspektiv. Offentlege styringsdokument kan basere seg på fagperspektiv og forskning, på same tid som kjelder til ny forsking også kan oppstå når styringsdokumenta blir kritisk analysert. Eg vil presisere at eg i denne oppgåva ikkje er ute etter svar med to strekar under. Eg skal heller ikkje belyse alle aspekt ved problemstillinga. Eg vil snarare bidra til eit heilskapleg svar, ved å utforske nokre viktige aspekt vedrørande bu- og omsorgstilbodet.

### 1.1.2. Avklaringar og ordforklaringer

Eg legg til grunn for oppgåva at leseren er rimelig godt kjent med vanlege ord og uttrykk som gjer seg gjeldande innfor fagfeltet sosialt arbeid. Eg vil likevel gjere greie for nokre ord og uttrykk som enten vil vere særskild sentrale, eller ikkje vil bli nærmare gjort greie for i oppgåva.

#### *Einslege mindreårige flyktninger; begrepsavklaring*

I praksis blir born som bur på asylmottak, og ikkje har fått opphaldstillatelse definert som ‘asylsøkarar’, medan ein først blir definert som ‘flyktning’ når ein har fått innvilga sin asylsøknad og videre blir tildelt bu- og omsorgstilbod i kommunen (UDI, 2022). Når eg omtaler målgruppa i oppgåva vil eg ikkje alltid skilje mellom asylstatus og flyktningstatus, dette fordi borna i begge fasar, uavhengig av status på asylsøknad, har nokre likestilte erfaringar som omhandlar at dei har flykta, samt at dei alle har med seg krysskulturelle erfaringar. I tillegg er det felles for borna over 15 år at dei får eit differensiert tilbod samanlikna med borna under 15 år, og øvrige born som bur og oppheld seg i Norge (Prop. 82L, 2020-2021). I tillegg er den samla menga forsking som finnes innfor temaet ‘bu- og omsorgstilbodet’ avgrensa, og det vil difor vil vere nyttig å inkludere forsking som både omhandlar asylmottaksfasen og busetjingsfasen. I oppgåva vil eg bruke ord som ‘einslege mindreårige’, ‘flyktningborna’, eller ‘borna’ om ein anna, uavhengig om det er asylfasen eller busetjingsfasen som blir omtala.

#### *Krysskulturelle erfaringar*

Krysskulturelle erfaringar viser til at barnet er påverkna av to eller fleire kulturelle kontekstar. Viare at barnet derfor har fleire sett med meininger, verdiar, førestillingar, ideal og normer. Barnet har i betydeleg grad opplevd regelmessig påverknad av to eller fleire kulturar (Holt, 2019).

### *Representant*

Når barnet får opphold får det tildelt ein representant, tidlegare kalt verge. Ein representant er ein vaksen person som skal ivareta juridiske rettighetar, både personleg og økonomisk. Representanten fungerer som juridisk erstattar for foreldra, men har ikkje dagleg omsorgs- eller forsørgeransvar, etter som det er asylmottaket eller kommunen sitt ansvar (IMDI, 2021). Representanten har i oppgåve å sikre at barnets stemme blir hørt, at barnet får passande omsorg, og at vedtak blir gjort til barnets beste (UDI, 2022).

### *Resiliens*

Resiliens er eit uttrykk mange har meint mykje om opp igjennom åra, og det finnes tilsvarande mange definisjonar. Eg vil ikkje presentere ein definisjon her, men likevel kort beskriva kva for forståing eg har av resiliens. Resiliens blei lenge sett som eit individs indre beskyttelsesfaktorar og motstandsdyktighet mot stress og ytre påkjenningar. Idag blir resiliens i større grad forklart som kombinasjonen av indre og ytre beskyttelsesfaktorar (Kvello, 2010), samt kva for forhold som fremjar helse og utvikling hos unge i ein risikosituasjon (Waaktaar & Christie, 2000). Resiliens heng mellom anna tett saman med det Antonovsky (1987) beskrev som ‘motstandsressursar’. ‘Motstandsressursar’ kan til dømes vere sosialt nettverk, sjølvregulering, religiøs tru eller god økonomi. Motstandsressursane hjelper å skape samanheng i vanskelege situasjonar. I følge Antonovsky (1987) vil kjensle av samanheng, vere avgjerande for kva for grad ein klarer å handtere utfordringar.

### *Traume*

Det mange definisjonar og forståingar av traume. I denne oppgåva legg eg Saakvitne, et al., (2000) sin definisjon av traume til grunn. Denne definisjonen beskriv traume som:

*«Ei hending, eller vedvarande betingelsar, som vil overvelde ein person sin kapasitet til å integrere den emosjonelle opplevinga, og vil opplevast som ein trussel mot eige, eller nære andre, sine liv eller kroppslege integritet» (Saakvitne, et al., 2000).*

Traumebegrepet vil videre bli forstått i lys av det traumesensitive barnevernet som teori- og fagfelt.

### *Traumebevisst omsorg*

Ei tilnærming å nytte i møte med borns traumer erutforma av Howard Bath. Tilnærminga baserer seg på tre pilarar; tryggleik, relasjon og affektregulering (Bath & Saita, 2018). Tilnærminga har fokus på å sjå smerte bak affekten til bornet, med bakgrunn i kunnskap om korleis hjernen organiserar seg under kontinuerleg stress (Dønnestad & Steinkopf, 2017).

Tilnærminga har like mykje fokus på miljøterapeuten sin funksjon og framtoning, som på bornet si smerte, og byggjer på ei forståing av at for å regulere andre må ein vere regulert sjølv. Miljøterapeuten må forstå seg sjølv og sine reaksjonar for å utøve god miljøterapi (Dønnestad & Steinkopf, 2017; Nordanger & Braarud, 2017).

#### *Miljøterapeut*

I oppgåva vil ein miljøterapeut vere ein hjelpar som har fagutdanning, og høg grad av faginnsikt, samt evne til å reflektere kritisk over seg sjølv og sin yrkespraksis. Innfor traumebevisst omsorg er miljøterapeuten si viktigaste oppgåve å forstå seg sjølv, slik at miljøterapeuten kan opptre bevisst ovanfor barnet (Dønnestad & Steinkopf, 2017).

#### *Stigmatisering/Stigma*

Stigmatisering betyr å kategorisere nokon negativt i sosial samanheng. Til dømes å stigmatisere minoritetar ved å hevde at dei generelt har därlege eigenskapar, er upålitelege, eller liknande (Malt, 2020).

#### *Prinsippet om ‘barnets beste’*

Prinsippet er nedlagt i artikkel 3 i FNs barnekonvensjon, samt i barnelova §4-1. Prinsippet fungerer både som lovtolkingsnorm samt som prinsipp i skjønnnsutøving, og skal ligge til grunn for alle handlingar som omfattar born (Kvello, 2010). Prinsippet kan likevel innehalde motstridande verdiar, fordi det ikkje er heilt konkret kva det inneheld (Kvello, 2010).

Prinsippet må alltid nyttast opp mot det ein veit om det aktuelle bornet sin situasjon (Sandberg, 2009), og aldri nyttast som argument der det handlar om å velje det minst skadelege alternativet, i ein situasjon der ingen alternativ er gode (Haugli, 2010).

#### *Medverknad/Brukarmedverknad*

Med medverknad eller brukarmedverknad legg eg til grunn at det finnes ulike nivå for medverknad, her kan Shier (2001) sin modell for medverknad vere nyttig å ha i bakhovudet. Modellen er basert på eit hierarki, der punkt ein inneber minst grad av medverknad, og punkt fem inneber mest grad av medverknad. Dei fem punkta lyd som følger:

1. barn blir lytta til
2. barn får hjelp til å uttrykke behova sine
3. barn sine synspunkt blir tatt hensyn til

4. barn blir involvert i prosessar som omhandlar avgjerder knytt til liva deira
5. barn blir medelt makt i situasjoner der valg skal tas, og videre gitt ansvar for valet som blir tatt (Shier, 2001).

Nokre av begrepa over vil eg komme meir utfyllande tilbake til. Førebels håpar eg at beskrivingane ovanfor vil vere tilstrekkeleg klare for å følge diskusjonane i oppgåva. No vil eg ta deg med videre i oppgåva til eit kapittel som kontekstualisierer problemstillinga, deretter følger eit kapittel som vil gi djupare innblikk i den metodiske framgangsmåten eg har nytta.

## 2. Tematisk perspektiv

I 2015 kom nesten 5300 flyktningborn, eller einslege mindreårige flyktningar, til Norge. 80% var i gruppa mellom 15-18 år (UDI, 2016). Dette året kom det fleire flyktningborn enn vanleg, og det blei i kjølevatnet av dette gjort fleire endringar i lovverket som har gjort det vanskelegare å få asyl og opphald i Norge. Til samanlikning frå før lovendringane tredde i kraft, har fleire flyktningborn fått avslag på asylsøknadane sine, og fleire har fått midlertidig opphald inntil fylte 18 år (Valenta & Garvik 2019). Eg vil i det følgande seie noko om kven dei einslege mindreårige er, samt gjere rede for dei konkrete forskjellane i bu- og omsorgstilbodet til denne gruppa.

### 2.1. Kven er dei einslege mindreårige?

Einslege mindreårige er born som flyktar utan foreldre, og ikkje har andre som utøver foreldreansvaret (Førde 2014; Varvin, 2015; Masters, et al., 2020). I følge departementet i Prop 82 L (2020-2021) er einslege mindreårige ei samansett gruppe, der nokre har flykta frå krig og forfølging, medan andre har reist direkte frå heimlandet på søken etter utdanning og ein betre økonomisk livssituasjon. I følge forsking har einslege mindreårige til felles at dei ikkje har kunna leva trygt der dei kjem ifrå, og at dei er born som har blitt fordrive, eller har mista heim og familie som følger av krig, forfølging og systematiske overgrep (Aadnanes & Pastoor, 2013; Bauge, 2014; Jensen, et al., 2015; Omland & Andenas 2019).

Einslege mindreårige blir rekna som ei særskild sårbar gruppe når det gjeld helse og utvikling, fordi dei er utan sine foreldres umiddelbare omsorg og tryggleik (UNHCR, 1997; Aadnanes & Pastoor, 2013; Paulsen, et al., 2015). Fleire studiar har vist at dei har risiko for å lide psykososialt i sitt nye land -også fleire år etter buseting (Jensen, et al., 2014; Oppedal, et al., 2020; Sayyad, et al., 2021). På same tid viser dei seg å ofte vere ressurssterke born med mestringstrategiar, overlevingsevner og livsmot (Raghallaigh & Gilligan, 2010, Aadnanes & Pastoor, 2013; Varvin, 2015; Omland & Andenas, 2018).

### 2.2. Bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige flyktningar

Som skrive innleiingsvis blir einslege mindreårige mellom 15-18 år gitt andre rettar når det gjeld bu- og omsorgstilbod enn andre born som oppheld seg i Norges land. Medan flyktningborn under 15 år, samt alle øvrige born, får rett til bu- og omsorgstilbod i regi av

barnevernet, har det i mange år vore praksis å gi flyktningborn over 15 år eit tilbod i regi av UDI. Praksisen var i mange år ein praksis som ikkje var lovfesta. I april 2021 blei det fleirtal i Stortinget for å vedta at einslege mindreårige over 15 år skal få tilbod om bu- og omsorgstilbod på asylmottak drive av UDI (Prop. 82L, 2020-2021). Bu- og omsorgstilboden til einslege mindreårige over 15 år skil seg frå bu- og omsorgstilboden til andre born på fleire punkter, som eg no vil utdjupe nærmare.

2.2.1. Forskjellar i bu- og omsorgstilboden for flyktningborn over og under 15 år  
Krav til bemanning er lågare på asylmottak for einslege mindreårige, 15-18 år, enn på både omsorgssenter og andre barnevernsinstitusjonar. Våren 2012 var bemanninga på asylmottak for einslege mindreårige mellom 0,47-0,92 årsverk per plass, medan den på omsorgssenter var 2,5 årsverk, og enno høgare på ordinære barnevernsinstitusjonar (Namdal, 2015). I følge ein artikkel av Einarsson (2016) har Norsk Barnevernsamband saman med ei rekke andre aktørar påpeikt at tilstrekkeleg kvalifisert bemanning er det aller viktigaste for å redusere sårbarhet, arbeide med traumer og hjelpe barnet til sunn utvikling. Når det gjeld bu- og omsorgstilboden i kommunen er det som nevnt opp til kommunen å velge kvar dei plasserer omsorgsansvaret, herunder bu- og omsorgstilboden. Her varierer løysingane frå kommune til kommune (Garvik, et al., 2016; UDI, 2021).

Krav til kompetanse, innhold og materielle forhold i omsorgstilboden blir videre ikkje regulert etter ei kvalitetsforskrift, verken på asylmottak eller i kommunale bu- og omsorgstilbod, med mindre det kommunale tilboden er i regi av barnevernet. Born som bur på barnevernsinstitusjonar har på si side rettar i samsvar med ‘rettighetsforskriften’ (Rettighetsforskriften, 2012).

I ei studie om levekår i mottak for einslege mindreårige asylsøkarar (Lidèn, et al., 2013), gir låg bemanning, i tillegg til avgrensa flyktningfagleg og barnefagleg kunnskap blant ansatte, for dårlig oppfølging av borna. Dei beskriv at dersom barnevernet hadde hatt omsorgsansvaret for einslege mindreårige over 15 år, så ville det medført eit regelverk som sikra krav til fagkompetanse og høgare bemanning .(Lidèn, et al., 2013).

Det er heller ikkje krav til å fatte enkeltvedtak, som følger av kartlegging av borna, eller hjemlar som regulerer bruk av tvang når einslege mindreårige mellom 15-18 år bur på asylmottak. På omsorgssenter for flyktningborna under 15 år skal det på si side fattast vedtak knytt til oppfølging av born medan det oppheld seg på senteret, og eventuell bruk av tvang er regulert igjennom lovverket. Det at det ikkje blir fatta vedtak om oppfølging på asylmottak

for einslege mindreårige over 15 år, gjer at disse borna ikkje har reelt høve til å klage på oppfølginga dei får på same måte som andre born. Dette då det ikkje finns eit vedtak som kan overprøvast (Namdal, 2015).

Det at det ikkje finns eit lovverk som regulerer bruk av tvang gjer i tillegg at tilsette i bu- og omsorgstilbodet for flyktningborn over 15 år ikkje har høve til å nytte tvang. Bruk av tvang kan likevel vere viktig av hensyn til bornet sin sikkerhet, og øvrige busette sin sikkerhet (Namdal, 2015).

2.2.2. Litt statistikk vedrørande bu- og omsorgstiltboden frå barnevernet  
I 2020 var det i alt 3834 einslege mindreårige mellom 15-22 år busett i Norge. Av disse mottok 1503 tiltak frå barnevernet, dette utgjer 39,2% av alle dei einslege mindreårige mellom, 15-22 år. Av alle einslege mindreårige frå 0-22 år fekk 643 einslege mindreårige vedtak som omhandla plassering i bu- og omsorgstilbod. Av disse fekk 72 prosent tildelt i bolig med ulik grad av oppfølging, inkludert bufellesskap. 23 prosent hadde tiltak i fosterheim i eller utenom familie og nære nettverk. 5% var busett på barnevernsinstitusjon. I aldersgruppa 15-17 år fekk 65 prosent tiltak i form av bu- og omsorgstilbod frå barnevernet (Kirkeberg, et al., 2022). Andel einslege mindreårige med plasseringstiltak frå barnevernet har likevel vore sterkt redusert den siste tiårsperioda. I 2007 var det til dømes 805 fleire busette einslege mindreårige, enn dei som hadde fått tiltak frå barnevernet. I 2020 er det til samanlikning nærare 2400 fleire busette enn dei med tiltak frå barnevernet (Kirkeberg, et al., 2022). Når det gjeld tilsyn var det ingen av dei einslege mindreårige som mottok tilsyn i sitt bu- og omsorgstilbod i 2022 (Kirkeberg, et al., 2022).

### 2.3. FNs barnekonvensjon i lys av bu- og omsorgstilboden til einslege mindreårige over 15 år

Norge var blant dei første landa til å ratifisere FNs barnekonvensjon, og igjennom konvensjonen har barn klart definerte rettar når det gjeld omsorg og beskytting. Konvensjonen blei innkopert i norsk lov i 2003. Gjennom artikkel 3, nr 2, som gjeld prinsippet om barnets beste, er Norge pålagt å sikre barn den beskyttelse og omsorg som er nødvendig for trivsel (Barnekonvensjon, 1989, artikkel 3, nr 2). I følge artikkel 20 har barn, som midlertidig eller permanent, er fråteke sitt familiemiljø særleg rett til beskyttelse og bistand (Barnekonvensjon, 1989, artikkel 20). Og ifølge artikkel 22 skal barn, som er utan

foreldre eller andre familiemedlemmer, gis same beskytting som eit kvart anna barn som er frårøva sitt familiemiljø (Barnekonvensjon, 1989, artikkel 22).

Sjølv om Norge var blant dei første landa til å ratifisere konvensjonen, har Norge likevel ikkje knytta seg til klageordninga tilknytt barnekonvensjonen som trådte i kraft 14. april 2014 (Fløistad, 2020). Klageordninga sikrar borns rettar ved å gi born ein klagemogleheit til FNs barnekomité dersom nokon meiner at dei er utsett for brot på regelverket i konvensjonen. Regjeringa grunna dette med at klageorganet sine tolkingar av konvensjonen kunne legge føringar på utforming av nasjonal politikk, særleg på utlendingsområdet (Fløistad, 2020).

Det kan vere verdt å merke seg at spørsmålet om ei klageordning kom på FNs dagsorden i 2009, same år som Norge opplevde den første store asylstraumen. Neste store auking i asylsøkarar kom i 2015, då regjeringa på ny skulle ta stilling til spørsmålet om tilslutning til klageordninga. Det var då brei semje bland politikarane om å sikre låge asyltal (Fløistad, 2020). Det har i mange år vore offentleg debatt rundt kva for bu- og omsorgstilbod flyktningborn mellom 15 til 18 år bør få. I neste delkapitel vil eg belyse deler av denne debatten, som bidrag til det tematiske bakgrunnsteppet.

2.4. Den offentlege debatten rundt einslege mindreårige flyktningar Debatten rundt einslege mindreårige mellom 15 til 18 år har i mange år vore prega av usemje, store lovnader og brotne løfter. I Soria Moria-erklæringa frå 2005 kunne ein lese at den raudgrøne regjeringa ville forbetra vilkåra for einslege mindreårige asylsøkarar, ved å overføre omsorgsansvaret til barnevernet (Regjeringen, 2005). I 2007 blei ansvaret for dei einslege mindreårige under 15 år overflytta til barnevernet, og det første omsorgssenteret blei opna. I dokumentet «Høringsmøte om oppfølging av FNs barnekonvensjon», datert 26.10.07. kan ein lese at Barne- og Likestillingsdepartementet (BLD) var i gang med å planlegge tilsvarande omsorgssenter for einslege mindreårige mellom 15 og 18 år, og at regjeringa tok sikte på å overføre ansvaret for denne gruppa i løpet av 2009 (BLD, 2007).

I juni 2009 opplyste BLD at UDI skulle fortsetje å ha omsorgsansvar for einslege mindreårige over 15 år på ubestemt tid, på grunn av auka antal einslege mindreårige som søkte asyl (BLD, 2009). I dei raudgrøne sin regjeringsplattform for perioden 2009-2013 blei det stadfesta det at regjeringa såg ressurssituasjonen i barnevernet slik, at overføringa av dei einslege mindreårige, 15-18 år, ikkje var mogleg i komande fireårsperiode (Regjeringen, 2009).

I 2011 blei det føreteke to forskjellige utgreiingar som konkluderte forskjellig om kva for omsorg einslege mindreårige over 15 år bør få. Den eine utredninga, av Justis- og politidepartementet konkluderte med at UDI skulle fortsetje å ha ansvaret for dei over 15 år. I denne utgreiinga blei det gjort greie for utgifter til mottakslassar i asylmottak, versus omsorgssenter, der det blei konkludert med at å overføre omsorga for alle flyktingborn til barneverntenesta ville innebere vesentleg auke i årlege kostnader (NOU 2011:10). Den andre utgreiinga blei utført av BLD, som konkluderte med at einslege mindreårige over 15 år blei utsett for ekstrem forskjellsbehandling (NOU 2011:20). Begge utgreiingane hadde til felles at dei konkluderte med at minstekravet til omsorga, mellom anna bemanninga, måtte styrkast (NOU 2011:10; NOU 2011:20).

FN's barnekomité, menneskerettskomité, og torturkomité har alle kritisert Norge for forskjellsbehandling av einslege mindreårige 15-18 år, og konkludert med at alle born opptil 18 år bør få eit like godt omsorgstilbod (Prop. 82L, 2020-2021). I tillegg har det blitt påpeika igjennom både barneombodet og forsking at einslege mindreårige over 15 år blir forskjellsbehandla (Paulsen, et al., 2015). Omsorga for dei einslege mindreårige mellom 15-18 år, slik den er i dag, har altså blitt kritisert for å diskriminere frå fleire hold. I 2022 har framleis ikkje barnevernet overtatt ansvaret for alle born, tvert om blei praksisen om omsorg for borna over 15 år i asylmottak lovfesta, på bakgrunn av Prop. 82L (2020-2021). Tilrådinga i Prop. 82L fekk fleirtal i regjeringa, og ny lov tredde i kraft i april 2021 (Inst. 344L, 2020-2021). I det følgande vil eg gjere greie for Prop. 82L, som ligg til grunn for den nye lovendringa.

2.4.1. Prop. 82L, 2020-2021; endringar i utlendingsloven  
Frå Prop. 82L (2020-2021) framgår det at det 12.feb 2021 blei tilrådt frå justis- og beredskapsdepartementet, at dagens standard på omsorg for einslege mindreårige i asylmottak blei lovfesta, dette i henhold til utlendingslova §95.

Regjeringa beskrev i Prop. 82L at det finns klare forskjellar på tilbodet som blir gitt einslege mindreårige under og over 15 år. Likevel foreslo regjeringa at dagens standard og nivå blir vidareført og lovfesta, og at innhaldet i omsorga blei presisert i forskrift. Regjeringa la til grunn at det ikkje ligg føringer om at lovregulering av omsorgstilbodet skal innebere ei heving på dagens nivå av omsorg. Regjeringa beskriv gjennomgående at omsorga på asylmottak for einslege mindreårige over 15 år er forsvarleg (Prop. 82 L 2020-2021).

### *Innspel frå høringsinstansen vedrørende Prop 82L, 2020-2021*

Majoriteten av høringsinstansen som kom med innspel til Prop. 82L, var kritiske til forslaget om å lovfeste omsorgstilbodet til flyktningbarna over 15 år. Dette då dei einslege mindreårige over 15 år får ei meir avgrensa omsorgstilbod enn både dei einslege mindreårige under 15 år, samt andre born som oppheld seg på barnevernsinstitusjonar (Prop. 82L, 2020-2021).

Norges nasjonale institusjon for menneskerettar påpeika likevel at det ikkje nødvendigvis er snakk om diskriminering dersom forskjellsbehandlinga kan grunnast med ulike omsorgsbehov eller andre legitime forhold. Videre at det då må grunnast godt, då det skal mykje til før forskjellsbehandling til borns uginst er rettmessig (Prop. 82L, 2020-2021).

Dei fleste av høringsinstansane kom videre med innspel om at dagens forskjellsbehandling ikkje kan grunnast i barnefaglege hensyn eller andre formål, og at ordninga derfor er i strid med FNs barnekonvensjon (Prop. 82L 2020-2021). Fleire høringsinstansar presiserte at for at omsorga skal vere i tråd med Barnekonvensjonen må den, i tillegg til å vere forsvarleg, også vere likeverdig (NOAS, 2021).

Dei fleste høringsinstansane argumenterte for at ansvaret for einslege mindreårige 15-18 år må flyttast over til barnevernet. Dette for å auke kvaliteten på tilbodet denne gruppa får, ved å mellom anna auke barnevernfagleg kompetanse hos tilsette, tettare oppfølging, og eit betre omsorgstilbod. Alternativt at standarden på omsorgstilbodet, som eit minimum, blir heva slik at omsorga kan bli likeverdig den andre born har rett på. I tillegg påpeika høringsinstansane at det raskt bør innførast eit uavhengig tilsyn for dei einslege mindreårige mellom 15-18 år, då det er uheldig at UDI er både omsorgsansvarleg samt kontrollmyndighet for denne gruppa (Prop. 82L 2020-2021).

Til sist blei det påpeika av fleire i høringsinstansen at krav til kva for oppgåver tilsette på asylmottak skal ivareta er for generelle. Det inneber ein risiko for at andre behov enn barnets beste blir lagt til grunn for omsorgsutøvinga. Høringsinstansane kom med konkrete innspel til korleis avgjerdene kan bli utforma for at einslege mindreårige sitt omsorgsbehov samt deira retter skal ivaretakast best mogleg (Prop. 82L 2020-2021).

### *Konklusjonen i Prop. 82L, 2020-2021*

Frå Prop. 82L framgår det at departementet ikkje nektar for at einslege mindreårige over 15 år får ei meir avgrensa oppfølging enn både einslege mindreårige under 15 år og andre barn som bur på barnevernsinstitusjonar. Det framgår likevel at det er fleirtal i Stortinget for å framhalde ordninga, og videre lovfeste den. Det blir mellom anna vist til at eldre born har

mindre behov for oppfølging enn yngre born. Departementet konkluderer med at forskjellsbehandlinga er rimeleg og sakleg, då eit aldersdifferensielt tilbod speglar ulikt omsorgsbehov. Videre framgår det at departementet meiner at ordninga ikkje i strid med internasjonale forpliktingar, og ei lovfesting av forslaget blir tilrådt (Prop. 82L. 2020-2021). Forsлага i Prop. 82L blei vedtatt med lov (Inst. 344L, 2020-2021). Seinare i oppgåva vil eg setje eit granskande sokelys på denne stortingsproposisjonen, då den utgjer tolkingsgrunnlaget for det nye lovforslaget, og videre legg føringar for dagens praksis i asylmottak.

### 3. Metodisk framgangsmåte, og refleksjonar rundt metodeval

I følge Bratberg (2021) vil forskingsspørsmålet styre val av metode, på same tid som kva ein ser på som aktuelle metodar vil påverke forskingsspørsmålet. Som nemnt innleiingsvis har eg valt eit forskingsdesign, der eg først skal gjere opp kunnskapsstatus på forskingsfeltet, ved å belyse forsking og drøfte korleis bu- og omsorgstilboden bør vere i lys av den aktuelle forskinga. Deretter skal eg belyse aktuelle fagperspektiv og drøfte korleis bu- og omsorgstilboden bør vere i lys av det som blir formidla i fagperspektiva. Til slutt skal eg setje eit kritisk søkelys på dagens praksis, der eg først belyser offentlege dokument knytt til praksis for bu- og omsorgstilboden, for videre å drøfte dagens praksis i lys av det som har kome fram so langt i oppgåva knytt til korleis bu- og omsorgstilboden bør vere. Ved å dele oppgåva inn på denne måten meiner eg at eg har eit godt grunnlag for å bidra til diskusjonen om korleis bu- og omsorgstilboden bør vere. Eg vil no grunngje kvifor eg har valgt eit slikt, noko utradisjonelt design på oppgåva.

#### 3.1. Fire grunner for val av eit tredelt design

Den første grunnen til tredelinga er at å ha ein grundig forskingsgjennomgang kan gi oss verdifulle peikepinnar på korleis bu- og omsorgstilboden bør vere. Norsk forsking knytt til einslege mindreårige har hatt eit hovudfokus på psykisk helse generelt, og traumer spesielt (Seglem, 2012; Jensen, et al., 2015). Videre finns noko norsk forsking på juridiske aspekt (Aadnanes & Pastoor, 2013) samt generelle psykososiale forhold på einslege mindreårige (Eide & Broch, 2010; Svendsen, et al., 2018). Det fins mindre forsking knytt til busetjingsarbeidet (Aadnanes & Pastoor, 2013; Eide, et al., 2017; Svendsen, et al., 2018). Internasjonalt ser det ut til at dei same tendensane er gjeldande (Richason, 2017). Sjølv om det fins mindre forsking vedrørande busetjingsarbeidet kan både forsking om psykisk helse, juridiske aspekt, og generelle psykososiale forhold vere med på å belyse korleis bu- og omsorgsarbeidet bør vere.

Eg har valt å ha ein omfattande forskingsgjennomgang, for å med forskinga som framstod som aktuell frå mine litteratursøk. Av denne grunn vil forskingskapitlet vere noko større av omfang enn dei andre kapitla. Ein grundig forskingsgjennomgang vil i tillegg vere viktig etter som kapittel fem og seks har til føremål å bygge vidare på forskingskapitlet. Forsking åleine vil likevel berre inntil eit visst punkt kunne svare på problemstillinga på ein fruktbar måte.

Den andre grunngjevinga for ei tredeling av designet er difor at det, i tillegg til forsking, finns tungtvegande faglege perspektiv som vil vere nyttige å belyse opp mot spørsmålet om korleis bu- og omsorgstilbodet bør vere.

Medan forskingsgjennomgangen ser på problemstillinga gjennom enkeltstudier, vil fagperspektiva innebere å nytte eit sett faglege briller for å belyse problemstillinga. Fagperspektiv er noko anna enn forskning ved at dei har blitt utvikla over tid og videre har fått innflytelse på eit fagfelt. Fagperspektiv er ikkje oppsummeringar av enkeltstudier, men meir overordna rammeverk som har si rot i både forsking og teori. Når det gjeld einslege mindreårige har to fagperspektiv utpeika seg som særleg sentrale for å belyse livssituasjonen deira. Disse fagperspektiva omhandlar traumer og resiliens. Begge perspektiva synast å vere gjennomgåande i forskinga knytt til einslege mindreårige, og eg får derfor inntrykk av at dei er fagperspektiv som lenge har vore sentrale når det gjeld å belyse einslege mindreårige sin livssituasjon. Kunnskap om traumer og resiliens er også ansett som vesentleg når ein arbeider innfør ‘traumesensitivt barnevern’.

Det kan likevel hende at eit traume- og resiliensperspektiv går igjen i mykje av forskinga, etter som det meste av forskinga retter seg mot dei einslege mindreårige si psykiske helse. Andre fagperspektiv kunne kanskje vore like nyttige å belyse opp mot korleis bu- og omsorgstilbodet bør vere. At traumer og resiliens er fagperspektiv som har fått stor plass i forskinga om einslege mindreårige, og i tillegg er perspektiv som står sterkt innfor feltet ‘traumesensitivt barnevern’, gjer likevel at det er ein god nok motivasjon for meg til å belyse disse fagperspektiva. Det er svært mykje faglitteratur som er skrive om både traumer og resiliens, og eg skal ikkje belyse alle aspekt. Føremålet med kapittelet vil vere å sjå på kva faglige perspektiv på traumer og resiliens kan fortelje oss korleis bu- og omsorgstilbodet bør vere.

Den tredje grunnen til at eg har valt eit tredelt design handlar om at det vil vere interessant å rette eit kritisk søkelys mot dagens praksis for å drøfte korleis bu- og omsorgstilbodet bør vere, dette vil eg gjøre i kapittel seks. Eg meiner det er relevant å rett eit granskande blikk på offentlege styringsdokument som omhandlar bu- og omsorgstilbodet, etter som føringane for praksis i bu- og omsorgstilbodet framgår frå offentlege styringsdokument. Ved å nærlse offentlege dokument, så kan videre skjulte element av makt tre fram, og det vil vere interessant å kva for praksis dokumenta legg føringar for. For å gjøre det meiningsfullt for leseren vil eg, i kapittel seks, først presentere eit døme frå Engebretsen og Heggen (2012) på kva det kan innebere å leite etter makt i tekst i offentlege dokument, samt presentere ein

metode for dekonstruksjon av tekst. Dømet frå Engebretsen og Heggen (2012) kan i tillegg, i seg sjølv, vere med på å belyse problemstillinga, etter som dømet er henta frå analysar av offentlege dokument om asylmottak.

Til slutt i kapittel seks, i den tredje og siste delen av oppgåva, vil eg bruke ressursane eg har utvikla undervegs til å diskutere, på et generelt grunnlag, korleis bu- og omsorgstilbodet bør vere. Eg vil drøfte dagens praksis i lys av korleis forsking og fagperspektiv indikerer at praksis bør vere, samt korleis offentlege dokument framstiller at bu- og omsorgstilbodet er tiltenkt å vere. Eit føremål med denne delen av oppgåva er soleis å sy saman alt som har kome fram til ein heilskap.

Det fins ein fjerde grunn for val av mitt forskingsdesign, som inneber at det kunne vore både etisk og praktisk utfordrande å føreta eigne empiriske undersøkingar knytt til korleis bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige bør vere. Mykje av forskinga om einslege mindreårige peiker på at borna ofte kjem frå heimland der dei ikkje har grunn til å ha tillit til myndighetene (Raghallaigh & Gilligan 2010). I tillegg må all verksemder som får konsekvensar for andre menneske vurderast ut frå etiske standardar (Johannessen, et al., 2010). Fordi det er kjent at einslege mindreårige ofte har mange utfordringar i sin livssituasjon, bør ein difor vere særskilt varsam med å potensielt tillegge dei fleire byrder i sin kvardag (Tomas & Byford, 2003; Hopkins, 2008). Å skape ein intervju situasjon prega av tillit mellom borna og meg som intervjuar, kunne blitt både krevjande og etisk utfordrande, etter som eg truleg ikkje ville hatt tidsmessig kapasitet til å bygge opp ein trygg relasjon i botn før eg måtte ha gjennomført intervjua.

Eg måtte i tillegg ha sørga for at barna forstod at å delta som informant ikkje nødvendigvis vil føre til endring i situasjonen dei finn seg i. Prinsippet om å ivareta sårbare unge bør likevel ikkje stå i vegen for at livssituasjonen deira blir sett sokelys på, og at stemma deira blir høyrt (Hauge & Mittelmark, 2013; Leseth & Tellmann, 2018). Eit prosjekt med eigne empiriske undersøkingar vil kunne vere aktuelt å foreta ved eit seinare høve, til dømes igjennom eit aksjonsforskningsprosjekt, men i denne omgang ser eg det som fruktbart å velje ein slik tredelt framgangsmåte som eg no har beskrive.

### 3.2. Litteraturstudie og kritisk dekonstruksjon av tekst

Delen av oppgåva der eg systematisk går igjennom den eksisterande forskinga på fagfeltet kan kallast ei litteraturstudie. Persson (2021) definerer litteraturstudie som ein metode der ein

systematisk gjennomgår eksisterande forsking på eit tema eller fagfelt. Ein føretar ei form for systematisk kunnskapsstatus på feltet. Eg ser denne metoden som relevant for problemstillinga, då ein ved hjelp av ei litteraturstudie kan samanfatte kunnskap, som opplyser om kvar skoen trykkar, og videre kan gi nyttig informasjon om korleis bu- og omsorgstilbodet til denne gruppa bør vere (Aveyard, 2010; Malterud, 2017). I følge Gough, et al., (2012) kan litteraturstudie egne seg til å utvikle eller opplyse eit felt. Ei litteturstudie kan videre vere av betydning for fagfolk, då alle som jobbar innan sosialfag jamnleg bør oppdaterte seg på nyaste forskning innan det aktuelle feltet (Gough, et al., 2012) Ofte finnes det mykje litteratur å gape over på eit gitt felt, og ei litteraturstudie kan då tjene som ei oppsummering av allereie eksisterande litteratur (Aveyard, 2010). Å gå igjennom fagperspektiva traumer og resiliens vil tjene som ein supplerande del til forskingsgjennomgangen, og kapitlet kan soleis også seiast å vere ein del av den metodiske tilnærminga innfør ei litteraturstudie.

I første del av kapittel seks, når eg skal sjå på Prop. 82L (2020-2021) som omhandlar bu- og omsorgstilbodet i asylmottak til einslege mindreårige over 15 år, vil eg utvise eit makkritisk blikk. Her vil eg nytte ein metode for ‘dekonstruksjon’ av tekst, som handlar om å avdekke makt i språket. Metoden er utvikla av den franske filosofen Jacques Derrida (Derrida, 1967, i Engebretsen & Heggen, 2012).

Dekonstruksjon er kort fortalt ein metode som tar utgangspunkt i at språket kan villede og forføre oss. Metoden har til hensikt å undersøke om tekstar er konstruert slik at dei sender ut andre signal og budskap enn det som eksplisitt er formulert. Videre har metoden til hensikt å løfte fram skjult logikk, som kan undergrave meiningsinnhaldet til den eksplisitte ytringa. Ved dekonstruksjon, som metode for tekstanalyse, blir det ikkje berre fokusert på meiningsmed teksta men også på kva for funksjon teksta har (Derrida, 1967, i Engebretsen & Heggen, 2012). Det ligg ein mistenksomhet til grunn for tilnærminga, som i rettar seg mot teksta og dei språklege strukturane som lesaren blir vevd inn i (Derrida, 1967, i Engebretsen & Heggen, 2012). Prop. 82L kunne også ha blitt drøfta i lys av eigne empiriske undersøkingar, eller ved bruk av andre framgangsmåtar. Eg har likevel valt å sjå på dei offentlege dokumenta med eit makkritisk blikk, der eg er opptatt av om det kan vere element av makt som ligg skjult i teksta, som legg premiss for beslutningar som tas i dokumenta, og videre har innverknad på dagens praksis.

Det er viktig å påpeike at formålet med dekonstruksjonen ikkje er å frata ei tekst eikvar betydning, men å åpne den opp ved å bli bevisst det komplekse meiningsmangfoldet

teksta innehalar (Johnson, 1980). Kva for grunnlag metoden byggjer på, samt konkret framgangsmåte, vil eg komme nærmare tilbake til i starten av kapittel seks.

### 3.3. Vitenskapsteoretisk grunnlag for valg av framgangsmåte

Ein forskar si vitskapsteoretiske forankring vil ha betydning for kva for informasjon forskaren søker (Thagaard, 2018). Framgangsmåten min byggjer først og framst på eit hermeneutisk vitskapsgrunnlag der målet med forskinga er å gi orientering framfor faktakunnskap. Forsking som søker faktakunnskap tar utgangspunkt i at mennesket, i kraft av si mennesklege bevissthet, er grunnleggjande iakttakande av verda. Hermeneutikken gjer oss imidlertid bevisst på vår eigen deltaking i verda og i livet. Ein kan ikkje som menneske berre stille seg utanfor og observere, ein må utfordre sin delaktighet, og evne til å orientere seg i verda (Lindseth, 2017). I den hermeneutiske tankegangen blir bevisstheten til mennesket og den utforskbare verden vevd saman, ein må undersøke den forståinga ein tar utgangspunkt i før ein orienterer seg i verda og finn fram i livet. Hermeneutisk forsking vil fremje vår forståing av tekstar og menneskeverk, men også livssamanhangar. Hermeneutikken har soleis til hensikt å forbetre vår orienteringsevne i verda (Lindseth, 2017).

Ei vitskapsteoretisk forankring vil utgjere grunnlaget for metodeval. Metodevalg er videre etiske valg, og ein forskar sin overordna etiske forpliktelse er å søke sannhet (Leseth & Tellmann, 2018). Hovedformålet med metodebruk er kvalitetssikring. I kvalitativ forsking erstattar kravet om etterprøvbarhet eit krav om transparens. Dette inneber at forskaren opererer med åpenhet om eigne valg i forskingsprosesen (Kaiser, 2018). Når det gjeld framgangsmåten eg har valgt vil dei etiske hensyna mellom anna omhandle at min subjektivitet speler inn på kva for forskning som blir valgt ut som datagrunnlag (Johannessen et al., 2010). Det er derfor av særlig betydning å vere åpen rundt bruk av skriftlige kjelder og referanser. Dette for å vise kvar eg har henta stoffet, samt kva som ikkje er mitt eige tankegods. I tillegg må eg illustrere kjennskap til feltet samt kva for tradisjoner forskninga bygger på (Leseth & Tellmann, 2018).

Det kan derfor vere av etisk betydning at eg tydeliggjer mi førforståing. At eg synleggjer mine synspunkt, samt viser på kva for måte denne forståelsen verkar inn på forskingsprosesen (Malterud, 2017). Eg har også eit etisk ansvar for å sørge for at studia som blir valgt ut er av god kvalitet. Det fins imidlertid alltid ein risiko at førforståinga mi overdøver bodskapen frå forskingsmaterialet. I det følgande vil eg utdjupe det hermeneutiske vitskapsgrunnlaget eg byggjer oppgåva på ytterligare.

3.3.1. Vitskapsgrunnlaget objektiv og aletisk hermeneutikk  
I følge Alvesson og Sköldberg (2017) har hermeneutikken til ulike tider blitt systematisert på ulikt vis. Sjølv skiljer dei mellom fleire ulike typer hermeneutikk, og eg vil i dette delkapitlet gjengi det dei om talar som ‘klassisk objektiv hermeneutikk’ og ‘aletisk hermeneutikk’. Den klassiske objektiv hermeneutikken tar utgangspunkt i forholdet mellom subjekt og objekt, eller heilskap og del, ofte illustrert ved bruk av den hermeneutiske sirkel. Objektiv hermeneutikk inneber ei antaking om at eit uttrykk speglar innhald, ein forstår det som uttrykkes bokstavelig, og tenker ikkje at det ikkje skjuler seg ei anna mening bak det som blir uttrykt (Alvesson & Sköldberg, 2017). I den objektive hermeneutikken blir naturvitenskapen, og positivismen, sett som ein motpol. Men ved å sjå naturvitenskapen som ein motpol, bekrefter ein også at det fins ein subjekt-objektsrelasjon. Altså at det finns eit skarpt skille mellom det forskande subjekt og det objektet som blir utforska. Den objektive hermeneutikken hevder at det finns objektivitet i forskinga (Alvesson & Sköldberg, 2017).

*Refleksjonar rundt kvifor både objektiv og aletisk hermeneutikk er relevant for oppgåva*  
Den første og andre delen av oppgåva, der eg presenterer tidligare forsking på feltet samt gjer greie for rådande fagperspektiv kan synast å vere influert av den objektive hermeneutikken (Alvesson & Sköldberg, 2017). I denne delen av oppgåva kan eg ved hjelp av den hermeneutiske sirkel tolke deler i lys av heilskap. Eg ynskjer imidlertid å få svar på korleis bu- og omsorgstilbodet til dei einslege mindreårige ‘bør’ vere, og det vil derfor også vere behov for å avdekke noko av det som ikkje blir eksplisitt uttalt (Alvesson & Skjöldberg, 2017). I kapitla der eg presanterer forsking og fagperspektiv vil eg til dømes utforske kva akkurat denne forskinga, eller disse fagperspektiva, kan fortelje oss om korleis bu- og omsorgstilbodet bør vere. I den siste delen av oppgåva vil eg bevege meg enno lengre inn i det usagte. Ved å sjå på offentlege dokument, og problematisere kva teksta som kan vere skjult ved første augekast seier, vil den objektive hermeneutikken bli eit for tynt vitskapsgrunnlag å byggje på. Til denne delen av oppgåva får eg altså behov for å byggje på ein del av hemeneutikken der den objektive hemeneutikken ikkje lengre strekk til.

#### *Føremålet med aletisk hermeneutikk*

Alvesson og Sköldberg (2017) knytter målet med å gå djupare inn i det usagte, til det dei kaller aletisk hermeneutikk. I følge Alvesson og Sköldberg (2017) problematiserer den aletiske hermeneutikken forholdet mellom subjekt og objekt. Innfør den aletiske hermeneutikken blir det hevdat at det er vanskeleg å skilje mellom fortolkar og

fortolkingsmateriale. Aletisk hermeneutikk blir soleis ein motsats til den objektive hermeneutikken, fordi forholdet mellom subjekt og objekt blir viska vekk (Alvesson & Sköldberg 2017). Den aletiske hermeneutikken introduserer videre ein ny hermeneutisk sirkel, som sirkulerer mellom førforståing og forståing. Her gjer ein avsløringsstruktur seg gjeldande, der det grunnleggjande er å avsløra det som ligg skjult (Alvesson & Sköldberg, 2017) Aletisk hermeneutikk vil bli særskild relevant som vitskapsgrunnlag i den siste delen av oppgåva, når eg skal setje eit kritisk søkelys på Prop. 82L, samt drøfte dagens praksis i lys av korleis bu- og omsorgstilbodet bør vere.

#### *Aletisk hermeneutikk, og betydninga av å vere bevisst si førforståing*

Mi førforståing vil vere viktig at eg er bevisst igjennom heile oppgåva. I den siste delen av oppgåva, der eg skal utøve eit maktkritisk blikk, og leite etter det som er usagt, vil det kanskje vere av særskilt betydning at eg er bevisst mi eiga førforståing. Å vere bevisst si førforståing er viktig fordi det kan bidra til transparens som gir forskingsmaterialet truverdigheit. Mi førforståring handlar mellom anna om at eg i 2013 skreiv mi bacheloroppgåve om samme tema. Eg har difor ei antaking om at at einslege mindreårige 15-18 år ofte blir tildelt eit redusert bu- og omsorgstilbod samanlikna med andre born fordi dei ikkje blir tilstrekkeleg prioritert når ressursar skal fordelast. I tillegg mistenker eg at det ikkje nødvendigvis blir lagt tilstrekkeleg vekt på faglege argument når bu- og omsorgstilbodet skal organiserast. Likevel er eg nysgjerrig på kva som eventuelt har endra seg sidan eg skreiv mi bacheloroppgåve, eg ønsker også å dykke djupare inni temaet enn eg fekk moglegheit til i bacheloroppgåva. Eg er nysgjerrig på kva for funn nyare forsking presanterer, og generelt kva ulik faglitteratur kan fortelle oss om korleis bu- og omsorgstilbodet bør vere.

#### **3.4. Framgangsmåte for innhenting av litteratur**

Aktuell litteratur om bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige mellom 15-18 år, har blitt innhenta på litt ulike måter i dei tre hovuddelane av oppgåva. Når det gjeld innhenting av forsking, så har eg føretatt systematiske litteratursøk i ulike databasar. Framgangsmåten og prosessen for innhenting av forskingslitteratur vil derfor bli nøyde igjennomgått i dei neste delkapittela.

Når det gjeld valg av fagperspektiv så har det ikkje vore ein systematisk innhentingsprosess, då eg både kjente til fagperspektiva igjennom utdanning og arbeidserfaring, men også fordi fagperspektiva tydeleg trådte fram ved innhenting av

forsking. Det har heller ikkje vore ein systematisk prosess vedrørande innhenting av offentlege dokument. Eg var imidlertid frå starten av masterprosjektet nysgjerrig på kva for offentlege dokument som kunne belyse problemstillinga, og blei nysgjerrig på Prop. 82L (2020-2021), etter som dokumentet var gjenstand for offentleg debatt i tidsrommet eg har jobba med masteren. Nokre refleksjonar rundt val av fagperspektiv samt rundt val av det offentlege dokumentet Prop. 82L vil eg likevel komme nærmare tilbake til i starten av dei aktuelle kapitla.

Frå litteratursøket i forbindelse med forskingsgjennomgangen framkom det fleire drøftingsartiklar som ikkje hadde direkte røtter i eit forskingsprosjekt, men som likevel omhandla relevante tema i lys av problemstillinga. Disse artiklane blei ikkje brukt i forskingsgjennomgangen, men både i kapitlet som gjer greie for tematisk perspektiv, samt i drøfting i kapittel 6.2.

#### *3.4.1. Inklusjons og eksklusjonskriterier*

Grunnlag for å ekskludere artiklar til forskningsdelen? omhandla mellom anna at dei utelukkande fokuserte på ei terapeutiske tilnærmeng i traumearbeid med dei einslege mindreårige, at dei omhandla studier av einslege mindreårige i flyktningeleirar, at dei fokuserte på skuletilbuddet til dei einslege mindreårige, eller fokus på alderstesting samt konsekvensar ved midlertidig opphold. Alt dette ville vore interessant å utforske, men på bakgrunn av oppgåva sitt omfang har eg valgt å fokusere på bu- og omsorgstilbodet i asylmottak samt i kommunen.

Artiklane eg inkluderte omhandla einslege mindreårige som var ankome eit vertsland. Eg inkluderte videre Europeiske vertsland, som Sverige, England og Irland, då sosial- og helse-systemet frå disse Europeiske landa i størst grad kan minne om systemet me har i Norge.

Eg valte også som eit inklusjonskriterie at alle dei einslege mindreårige anten budde på asylmottak eller var blitt busatt i ein kommune. At borna skulle bu på asylmottak eller i kommunane var viktig då eg vurderte at disse studiene ville ha mest å seie for korleis bu- og omsorgstilbodet bør vere. Videre var eit inklusjonskriterie for artiklane til forskingsgjennomgangen at alle artiklane var publisert i eit tidsskrift, at dei alle var fagfellevurdert, samt at dei omhandla funn frå eit forskingsprosjekt.

#### *3.4.2. Prosessen vedrørande innhenting av forsking frå databasar*

For å finne fram til aktuell forsking er det ei rekke potensielle søkeord ein kan nytte, i tillegg til ei rekke aktuelle databasar. I denne prosessen ba eg om ein vegleingstime frå ein

spesialbibliotekar, som kunne gi meg gode råd om korleis eg kunne gå fram. Eg fekk anbefaling om å nytte ein norsk og ein internasjonal database, disse var Idunn og PsychInfo. Eg bestemte meg i tillegg for å føreta eit artikkelsøk i databasen Oria. For å komme fram til mest mogleg nøytrale og sentrale søkeord rådførte eg meg videre. Funna i mi oppgåve er eit resultat av dei valga eg har tatt. Det at det fins det mange potensielle søkeord å nytte i databasane, vil til dømes påverke kva for forsking eg får opp i søker, som videre er avgjerande for kva for forsking som er blitt nytta i oppgåva.

I databasen Idunn følgande søkeord: ‘enslige mindreårige flyktninger 15-18 år’, med tidsbegrensing frå 2011-2021, her fekk eg totalt 32 treff. Her var totalt 6 artiklar innfør inklusjons og eksklusjonskriteria. Eg sökte også på ‘enslige mindreårige flyktninger 15-18 år + bo’, der eg fekk 21 treff, som var dei same som i første søker, derav dei same 6 artiklane.

I Oria sökte eg på ‘enslige mindreårige flyktninger’, også her tidsbegrensa frå 2011-2021. Her fekk eg opp totalt 20 artiklar, der 10 var innfør inklusjons og eksklusjonskriteriene. 6 av dei var dei same som i søker i Idunn, medan 4 var nye.

I PsychInfo brukte eg sökeorda ‘Unaccompanied AND asylum-seeking’, med tidsbegrensing 2011-2021. Her fekk eg 94 treff når søkeret var tidsbegrensa frå 2011-2021. Av disse var 11 relevante som forskingsmateriale. Eg sorterte relevansen i dei ulike artiklane ved å lese samandrag, og eventuelt konklusjonar og funn. Basert på inklusjons og eksklusjonskriteriene sat eg att med 21 artiklar. Nokre av dei var ikkje direkte knytt til eit forskingsprosjekt, men var likevel relevante, og blei difor nytta i forbindelse med drøfting.

Eg gjekk i tillegg igjennom litteraturlistene til dei aktuelle artiklane frå litteratursøket, for å finne aktuell forsking på denne måte. Etter som ein kan rekne med at forfattarar, av fagfellevurderte artiklar i anerkjente tidsskrift, har nytta anerkjent litteratur, er denne måten å leite etter litteratur på ansett for å vere godt kvalitetssikra (Persson, 2021). Eg har i tillegg motteke tips til nokre aktuelle doktorgradsavhandlingar frå vegleiar på masteroppgåva. Ei av doktorgradsavhandlingane har eg brukt som datamateriale, dei andre har eg brukt som inspirasjonskjelde for struktur, og innhenting av litteratur.

Eg har så langt det har latt seg gjere søker til primærkjeldene for forskinga. Somme gonger har likevel primærkjelda blitt utgitt på eit språk eg ikkje beherskar, og i disse tilfella har eg nytta sekundærkjelder. Videre består artiklane av både kvalitative og kvantitative studier, med ei hovedvekt på kvalitative studier, etter som det er gjort flest kvalitative studier på feltet.

### *Redegjering for presentasjon av funn i oppgåva*

For kvar artikkel eg fann, som var innfør inklusjons og eksklusjonskriteria, skreiv eg funna inn under ei hovudoverskrift ‘funn frå forsking’. Eg laga deloverskrifter for kvar artikkel som omhandla ulike temaer, og skreiv funna inn under deloverskrifta. Når artiklar omhandla liknande tema som tidligare artiklar, skreiv eg funna inn under det same avsnittet, og deloverskrifta, der eg hadde skrive funn frå artiklane med liknande tema.

Når eg hadde gjennomgått alle forskingsartiklane, samt skrive inn all forskingsfunna, gjennomgjekk eg alt, og finsorterte forskingsfunna på ny, samt finpussa dei tematiske deloverskriftene. Deretter føretok eg ei drøfting av kva akkurat denne forskingslitteraturen kan fortelje oss om korleis bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige mellom 15-18 år bør vere.

## 4. Funn frå forskinga

I dette kapitlet er eg ute etter kva forskinga legg av føringar for korleis bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige mellom 15-18 år bør vere. Kapitlet vil bli delt inn i tematiske delkapittel der forskingsfunna blir presentert, for så å bli drøfta i lys av korleis bu- og omsorgstilbodet bør vere.

**4.1. Betydninga av om einslege mindreårige blir sett som ‘born’ eller ‘flyktningar’**  
Lutine de Wal Pastoor leia i perioda 2010-2017 eit forskingsprosjekt vedrørande skule, og bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige flyktningar mellom 15-18 år. Prosjektets metode innebefatta casus-studier, av utdanningstilbodet samt bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige i tre kommunar. Prosjektet innebar også kvalitative intervju med førti einslege mindreårige, samt intervju med fag -og omsorgspersonar i bufellesskap, skulen, barnevern og andre instansar, i tillegg til dokumentstudier av staten, kommunen og fylkeskommunen si oppfølging av einslege mindreårige. Forskingsprosjektet har resultert i ei rekke artiklar som er publisert i ulike tidsskrift. Ein av artiklane er skrive av Aadnanes og Pastoor (2013), og omhandlar spørsmålet om einslege mindreårige blir diskriminert samanlikna med omsorga andre born får.

Aadnanes og Pastoor (2013) beskriv at funna frå forskingsprosjektet viser at einslege mindreårige mellom 15-18 år får eit bu- og omsorgstilbod som ber preg av deira status som flyktning veg tyngre enn deira status som born, mellom anna ved at tilboden dei får inneber lågare grad av rettsikkerhet enn det andre born får i sitt bu- og omsorgstilbod (Aadnanes & Pastoor, 2013). Også anna forsking har kome fram til tilsvarande funn.

Paulsen, et al., (2015) har igjennom eit forskingsprosjekt, på oppdrag frå Redd Barna, gjennomført prosjektet «Asylsökende barn- er det mitt ansvar?». Dei føretok i forskingsprosjektet fokusgruppeintervju og individuelle intervju med 36 ansette i ulike barneverntenester, ansette i politiet, UDI, i mottak, utekontakten og RVTS. Målet var å belyse korleis barnevernet jobbar med einslege mindreårige i mottaksfasen.

Funna til Paulsen, et al., (2015) viser til at det i perioda 2008 til 2014 forsvann 384 born frå norske asylmottak, og videre at denne gruppa blir fulgt opp i mindre grad når det gjeld forsvinningssaker, enn om det gjeld forsvinning av eit norsk barn. Funna viste videre at barn som bur på asylmottak lever på fattigdomsgrensa, både materielt sett på mottaket, men også med midlane dei får utdelt til å leve for. Paulsen, et al., (2015) sine funn viste videre at

ansatte på mottak har uttalt følgande: «*På mottaket var det to stykker som var på jobb, og jeg vet ikke hvor mange gutter som bodde der, 12-13, det hadde jo aldri gått med en barnevernsinstitusjon, med to ansatte til så mange*».

Eide, et al., (2017) gjennomførte eit forskingsprosjekt som omhandla profesjonsutøvarar sine erfaringar med bu- og omsorgstilbodet til dei einslege mindreårige. Dei intervjuja 36 profesjonsutøvarar, derav 17 miljøarbeidarar i omsorgsboligar til dei einslege midnreårige. Resten av informantane jobba innfor helse, Nav og barnevern.

Funna frå forskingsprosjektet viste at dei fleste informantane opplevde uklarheter verdørande formålet til bu- og omsorgstilbodet. Profesjonsutøvarane beskrev ei spenning mellom å ansjå boligane som institusjon på eine sida og heim på andre sida. Videre at dei opplevde rollene og relasjonane i møte med dei einslege mindreårige som uforutsigbare og uklare.

Siv Førde føretok eit kvalitatitt forskingsprosjekt der ho kombinerte ei omfattande litteraturstudie med å føreta semistrukturerte dybdeintervju med fem einslege mindreårige. Målet med forskingsprosjektet var å få tak i kva som fremja livskvalitet, psykisk helse og resiliens hos borna (Førde, 2017).

Alle informantane i Førde si studie delte at dei hadde erfaring med å bli krenka av personar dei trudde skulle bry seg. Historiane til borna bar preg av at dei fortalte om uvennlege, mistenksomme og avvisande hjelparar. Førde (2017) viser til eit sitat frå ein informantane som seier følgande: «For UDI er me først og fremst flyktingar, så er me mennesker, og heilt til sist er me born». Førde (2017) fann at det for borna var ein føresetnad, for å kunne engasjere seg i positiv aktivitet, at borna hadde etablert ein trygg relasjon til ein voksen over tid. Dette var avgjerande for å skape ei oppleveling av samanheng og forståing. Borna beskrev dei voksne som dei fekk den gode relasjonen til som modne, varme og ekte. Dei var voksne som har forståing for seg sjølv og eiga åtferd, samtidig som dei tolte borna sine vanskelege historiar (Førde, 2017).

#### 4.1.1. Føringar for bu- og omsorgstilbodet

Funn i dette delkapitlet speglar at kvaliteten i bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige flyktingar kan avhenge av om dei blir sett som flyktning eller som born. At haldningane blant ansatte, som arbeider med borna, ser ut til å bli negativt påverka at av borna først og framst

blir sett som flyktninger er kritikkverdig. Funna peiker på at når flyktingstatusen til borna er det som først og framst blir sett, så fører det i praksis til at borna blir mindre fulgt opp, at dei får færre rettar, at dei blir tildelt færre ansatte på bueiningane sine, at dei kjenner seg avvist, og at formålet med bu- og omsorgstilbodet oppleves uforutsigbart både for ansatte og for borna (Aadnanes & Pastoor, 2013; Paulsen, et al., 2015; Førde, 2017; Eide, et al., 2017).

Eide, et al., (2017) fortolka funna i si forsking som at profesjonsutøvarane opplevde omsorgsmandatet som uklart fordi det var uklart om dei skulle forstå dei einslege mindreårige primært som barn eller som flyktning. Videre var det uklart for dei ansatte om dei skulle forstå borna som sårbare og avhengige eller ressurssterke og sjølvstendige. Korleis borna blei fortolka, såg ut til å legge føringar for omsorgsideologien og organisasjonskulturen som blei rådande i omsorgsboligen, og videre korleis profesjonsutøverane møtte dei einslege mindreårige. Etter som enkeltpersonar i stor grad ser ut til å påverke kvaliteten på bu- og omsorgstilbodet, ser det ut til at det er behov for eit klart omsorgsmandat for dei ansatte som arbeider der. Forskingsfunna viser at borna etterlyser varme vaksne dei kan bygge relasjon til, eit ynskje som må ansjåast for å vere rimeleg. Det kan likevel tenkast at dersom ansatte i bu- og omsorgstilbodet er både underbemanna samt under konstant stress, vil dette med alt sannsyn påverke evna deira til å vere trygge vaksne som videre kan tilby tilknytning og god psykososial støtte.

Alt i alt kan forskingsfunna i dette delkapitlet understreke betydninga av at ansatte i bu- og omsorgstilboda, men også samfunnet forøvrig, ikkje mistenkeleggjer einslige mindreårige i lys av at dei er flyktninger, men heller ser på dei som born på lik linje med andre born. Videre bør bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige innebere eit godt psykososialt miljø der dei einslege mindreårige får lov til å vere barn, oppleve seg trygge og ivaretatt, samt at dei får moglegheit til å bygge relasjon til vaksne omsorgspersonar.

**4.2. Forsking som viser til omsorgserfaringar knytt til borna sin flyktingstatus**  
I ei forskingsstudie av Söderqvist, et al., (2014) blei det i fem verker føretatt daglege observasjonar av personalet på eit senter for einslege mindreårige over 15 år, i tillegg blei det føretatt kvalitative intervju av 13 ansatte ved senteret.

Funna frå studia viste at dei ansatte tok utgangspunkt i sine eigne svenske heimar når dei snakka om korleis forholda på senteret for dei einslege mindreårige burde vere. Funna viste videre at dette ofte kom i konflikt med omsorgsbehova til dei einslege mindreårige. Studia viste til at behova til dei einslege mindreårige ikkje blei kartlagt godt nok, og at dei

ansatte derfor tok utgangspunkt i sine erfaringar og preferanser ved utforminga av innhaldet i bu- og omsorgstilbodet.

I internasjonal forsking har Bradby, et al., (2017) vist til funn frå sitt forskingsprosjekt som omhandlar omsorgserfaringar hos borna. Forskinga deira føregjekk i to omgangar, i England og Sverige, der både aksjonsforsking i grupper og individuelle intervju blei bruka som metode. I første omgang i 2015 nytta dei aksjonsforsking med 24 personar i England som alle var for gamle, eller var i ferd med å bli for gamle, til å ha rett til bu- og omsorgstenestene dei fekk ved status som einslege mindreårig opp til 18 år. I 2016 føretok dei individuelle oppfølgingsintervju med alle som hadde delteke i aksjonsforskinsprosjektet.

I tillegg føretok Bradby, et al., (2017) ei litteraturstudie som samanlikna helsebehov hos einslege mindreårige i England og Sverige.

Bradby, et al., (2017) fann at samtlege av informantane kunne rapportere om at dei hadde opplevd å bli ignorert eller behandla med mistenksomhet av omsorgsutøverar og lokalsamfunn, dette var funn som også var gjenspeglia i litteraturstudia dei føretok. Ein informant kunne fortelle at han ikkje orka å oppsøke helsehjelp fordi alle stilte han dei same spørsmåla, noko som blei for krevjande. Ein anna fortalte at han ikkje hadde tillit til hjelpeapparatet fordi det hadde skjedd så ofte at han blei stoppa av politiet på gata, og at politiet mistenkte han for kriminalitet. Fleire informantar fortalte at dei ikkje ønska at jamnaldrande på skulen skulle vite at dei var under offentleg omsorg, fordi dei opplevde at dei då blei negativt dømt eller ignorert. Eit interessant funn frå Bradby, et al., (2017) si forsking var at hos einslege mindreårige, som bar på ei kjensle av sårbarhet eller psykisk uhelse, kunne berre ei oppleving eller møte med ein insensitiv profesjonell bety at forventninga til omsorg og helsehjelp blei redusert betrakteleg, og at dei i verste fall ville unngå kontakt med hjelpeapparatet. Videre viste funna at fleire av informantane opplevde det som svært einsamt å bu i bufellesskap, samt at dei einslege mindreårige som ikkje erfarte vaksenstøtte, opplevde signifikante vansker i overgangen born-vaksen (Bradby, et al., 2017).

I eit forskingsprosjekt frå Finland blei atten einslege mindreårige intervjua over ein periode på tre år, frå 2016-2019 (Korkiamäki & Gilligan, 2020). Seksten av informantane budde i gruppeheimar, medan to var over 18 år og budde på eit flyktningsenter.

Funna til Korkiamäki og Gilligan (2020) avdekkja at samtlege av informantane var opptekne av at dei blei sett som flyktningar av omverda. Informantane brukteorda ‘fordi me er flyktningar’ i samanhengar der dei snakka om ubehagelige eller urettferdige aspekt ved liva

sine. Videre viste funna at borna aksepterte statusen sin som ‘flyktning’ når det gjaldt dei juridiske aspekta, men at dei ofte opplevde at ansatte på bu- og omsorgstilbodet, og i samfunnet rundt hadde negative assosiasjonar til begrepet ‘flyktning’. Funna til Korkiamäki og Gilligan (2020) viste at alle dei einslege mindreårige hadde opplevd ulike former for stigma knytt til deira status som flyktning. Informantane kunne fortelje om at dei ikkje opplevde seg anerkjent av samfunnet og at dei kjente seg usynlege, eller uinteressante for jamnaldrande. Somme av dei fortalte også om manglande anerkjennelse frå gruppeheimane dei budde i.

#### 4.2.1. Føringer for bu- og omsorgstilbodet

Funna i dette delkapitlet speglar at einslege mindreårige, både i samfunnet og i sitt bu- og omsorgstilbod, opplever stigma tilknytt deira status som flyktning. Dei har opplevelsar av at verken samfunnet, ansatte eller jamnaldrande har tru på dei, men tvert om behandlar dei dårlig fordi dei er flyktningar (Bradby et al., 2017; Korkiamäki & Gilligan, 2020). Bu- og omsorgstilboden bør i alle tilfelle vere ein trygg arena, der borna aldri bør oppleve at dei blir stigmatisert, men i tillegg bør bu- og omsorgstilboden aktivt bidra til at borna opplever minst mulig stigma elles i samfunnet også. Her kan det tenkast at utforminga av bu- og omsorgstilboden spelar ei rolle; både fysisk plassering av tilboden, men også materiell standard. Det vil vere av betydning at bu- og omsorgstilboden er plassert fysisk nær kollektive knutepunkt, slik at borna kjem seg rundt på aktivitetar, samt at det blir enkelt å invitere med seg venner heim. Det kan imidlertid tenkast at når bu-einingane til einslege mindreårige er sparsommeleg utforma materielt sett, så kan det medverke negativt med tanke på å invitere venner med seg heim, og soleis medføre einsemd og opplevingar av stigma.

At borna oppgir at dei føler det einsamt å bu i bufellesskap, samt at dei har opplevingar av å ikkje bli sett av ansatte (Bradby et al., 2017) ser ut til å kunne medføre alvorlege konsekvenar, som at dei unngår å oppsøke hjelp og i verste fall ikkje får avdekka alvorlege helseproblem. Når alvorlege helseproblem ikkje blir avdekka vil heller ikkje nødvendig hjelp kunne bli gitt, og det vil med all sannsynlighet gå ut over moglegheita til å aktivt delta i samfunnet, som igjen vil bidra til kjensla av å vere anleis og utanfor fellesskapet. Her kan funna til Söderqvist, et al., (2014) vere med på å belyse behovet for miljøterapi i bu- og omsorgstilboden til dei einslege mindreårige. Dersom ansatte tar utgangspunkt i eigne behov og erfaringar når dei skaper ein heim for borna, så er det naturleg at ein konsekvens blir at borna ikkje føler seg sett og forstått. Eit bu- og omsorgstilbod bør ha behova til borna i

fokus. Å sørge for at ansatte har utdanning og fagleg kunnskap, samt at dei blir utrusta til å føreta gode kartleggingar kan soleis vere av betydning når det gjeld å legge til rette for gode omsorgserfaringar i bu- og omsorgstilbodet.

Alt i alt belyser forskinga i dette delkapitlet at dei einslege mindreårige over 15 år treng eit bu- og omsorgstilbod som som gir gode omsorgserfaringar både på asylmottak og videre ved busetjing i kommunane. For at dei einslege mindreårige skal oppleve gode omsorgserfaringar må bu- og omsorgstilboden imidlertid fremje anerkjennelse, heller enn stigma, fellesskap heller enn einsemd, samt moglegheita til å aktivt delta i samfunnet heller enn ein livssituasjon som inneber fattigdom.

#### 4.3. Betydninga av anerkjennande omsorgserfaringar

I ei litteraturstudie gjort av Kauhanen og Kaukko (2020) blei det søkt i to databasar for å finne studier som omhandla «anerkjennelsens betydning» i einslege mindreårige sine liv. Det blei brukt sökeord som resulterte i 511 artiklar, av disse blei 233 sila ut som relevante med bakgrunn i gjennomgang av overskrifter. Samandraga i alle 233 artiklane blei lest, og artiklar som primært hadde mental helse og traumefokus blei ekskludert. Dei satt til slutt igjen med 37 artiklar som blei tematisk analysert basert på temaet anerkjennelse.

Funna som Kauhanen og Kaukko (2020) viser til gjennom sin litteraturgjennomgang, er at det som gjennomgåande ligg til grunn for bu- og omsorgssituasjonen til einslege mindreårige oftast er alder og oppholdsstatus, heller enn personlege behov for kjærleik, anerkjennelse, rettigheter og solidaritet. Dei viser til 18 ulike forskingsartiklar, som alle beskriv at einslege mindreårige som bur på institusjon eller i bufellesskap opplever at relasjonen til dei ansette kan vere nære, men distansert fordi den ansatte er profesjonell. Dei einslege mindreårige opplever dei ansette først og fremst som mennesker som berre gjer ein jobb, heller enn personar dei kan emosjonelt investere i. Funna viser også at dei fleste borna har opplevelsar av at behov for kjærleik og støtte ikkje har blitt anerkjent av ansatte i boligane dei bur i. Der dei einslege mindreårige har opplevd seg ivaretatt så har dette først og framst handla om at omsorgspersonen har evna å investere emosjonelt i dei.

Kauhanen og Kaukko (2020) viser også til 12 ulike forskingsartiklar som argumenterer for at det er utfordrande, men likevel mogleg å tilrettelegge for institusjonar som minner om familieheimar, då familie, eller fosterheimar i mange studier har vist seg å

kunne verke positivt med tanke på å anerkjenne borna. I det følgande vil eg vise difor ta føre meg forsking på fosterheimar som bu- og omsorgstilbod for einslege mindreårige flyktingar.

#### *4.3.1. Fosterheimar som anerkjenner*

Kauhanen og Kaukko (2020) fann 6 ulike studier som samanlikna fosterheimar med institusjonar. Alle seks studia fann at det var større sannsyn for å utvikle gjensidige relasjonar i fosterheimar enn på institusjonar (Kauhanen & Kaukko 2020). Også forskinga til Bradby, et al., (2017), som allerede nevnt, viste til den positive betydninga av fosterheimar som bu- og omsorgstilbod. Bradby, et al., (2017) si forsking viste at fosterheimar kunne kompensere for manglane tilbod frå asylsystemet, som for eksempel tilbod om psykisk helsehjelp. Forskinga deira viste likevel at dei færraste einslege mindreårige i England fekk tilbod om fosterheimar, sjølv for korte periodar, og at dei fleste fekk tilbod om busetjing i bufelleskap.

Wade, et al., (2012) føretok eit forskingsprosjekt i England i perioda 2009-2011. Her blei det først føretatt ei kvantitativ forskingsstudie der 2113 einslege mindreårige deltok. Deretter blei 133 fosterforeldre til einslege mindreårige, samt sosialarbeidarane som fulgte opp dei mindreårige, intervjua kvalitativt i form av semistrukturerte intervju, og i tillegg blei det føretatt ei oppfølgingsstudie, for å dokumentere korleis det hadde gått med dei einslege mindreårige. Forskinsprosjektet til Wade, et al., (2012) førte til fleire artikkelpublikasjonar. I dette delkapitlet vil eg ta utgangspunkt i tre av artiklane, av Wade (2019), Rezaie (2019) og Sirriyeh og Ni Raghallaigh (2018).

Wade (2019) beskriv at funna frå forskingsprosjektet viste at fosterheimar som er godt trent og førebudd kan bety ein svært positiv forskjell i einslege mindreårige sine liv. Rezaie (2019) har kommentert funna i forskingsprosjektet, og hevdar med utgangspunkt i eigne erfaringar at det å bli busett i ein god forsterheim er som å vinne i lotto. Rezaie (2019) beskriv at å få tildelt ein god fosterheim vil vere den beste måten å få hjelp med både helse og immigrasjonsutfordringar når ein skal busetjast som einsleg mindreårig flykting.

Sirriyeh og Ni Raghallaigh (2018) samanliknar i sin artikkel funna frå Wade, et al., (2012) med funna frå ei Irsk studie frå 2012 av Ni Raghallaigh (2013). Den Irske studia var kvalitativ, og brukte semistrukturerte intervju samt fokusgruppeintervju som metode. 69 personar blei intervjuata, derav både einslege mindreårige og fosterforeldre.

Når Sirriyeh og Ni Raghallaigh (2018) samanlikna studia frå England og Irland, fann dei at når det gjeld emosjonell anerkjennelse var bruk av fosterheimar godt egna til einslege mindreårige som er langt borte frå eigen familie, og som må handtere ulike vansker og potensielle traumatiske erfaringar. Dei fann videre at fosterheimar kunne være til hjelp i disse prosessane, samt med å bygge rutiner og å gi kjærleik og omsorg i ein vanskelig livssituasjon. Begge studiene viste til at alle fosterheimane hadde holdt kontakten med dei einslege mindreårige etter dei flytta ut. Studiene viste imidlertid også at der den einslege mindreårige hadde blitt 18 år, og framtida eller oppholdsstatus enno ikkje var klart, kunne eit brudd frå fosterheimen bety ein betydelig stressfaktor. Når det gjeld anerkjennelse i form av rettigheter fann Sirriye og Ni Raghallaigh (2018) at fosterheimane, som var intervjua både i den Engelske og den Irlandske studia, såg på seg sjølve som talspersonar på vegne av den einslege mindreårige. Funna viste at fosterheimane handla på vegne av borna når det kom til utdanning, rettigheter, og hjelpeapparat. Studia viste også at dei einslege mindreårige opplevde at fosterheimane var der ved deira side og støtta dei (Sirriye & Ni Raghallaigh, 2018). Sirriye og Ni Raghallaigh (2018) fann videre i begge studiene at fosterheimane bidrog til anerkjennelse i praksis ved at dei hjalp borna igjennom skuledagen, til å finne aktivitetar på fritida, samt vektla det å gjere huslege ting i fellesskap.

#### 4.3.2. Føringar for bu- og omsorgstilbodet

Forskinga i dette delkapitlet peiker på at mange einslege mindreårige opplever mangel på anerkjennelse, kjærleik, solidaritet, og hjelp i samband med rettane i sine bu- og omsorgsstilbod. Forskingsfunna vist til i dette delkapitlet viser at bu- og omsorgstilbod som minnar om ein familiesituasjon, til dømes fosterheimar, kan skilje seg ut som eit positivt alternativ ved å bidra til heilsaklege og anerkjennande omsorgserfaringar i einslege midnreårige sine liv (Bradby et al., 2017; Sirriye & Ni Raghallaigh 2018; Wade, 2019; Rezaie, 2019; Kauhanen & Kaukko, 2020).

Det ser på same tid ut til at fosterheimane, som har blitt med i disse studiene, både har evna å invistere emosjonelt i barnet, men også å engasjere seg i daglege gjeremål, samt i dei juridiske aspekta rundt barnet. Dette vil truleg ikkje vere tilfelle for alle fosterheimar, og det kan tenkast at funna hadde sett anleis ut dersom også fosterheimar som ikkje meistra dette hadde delteke i studia.

For einslege mindreårige som ikkje blir busett i fosterheim, men får andre bu- og omsorgstilbod, kan funna peike på viktigheten av at ansatte på boligane tør å invistere

emosjonelt i barnet og bygge relasjon. Dette fordi forskinga viser at dei einslege mindreårige treng nærhet og omsorg framfor profesjonell distanse. Dersom dei ansette ikkje invisterer emosjonelt i barnet kan det forsterke ei kjensle av å vere åleine i verda, som videre vil kunne, påverke barnets psykiske og sosiale fungering.

Alt i alt viser forskingsfunna frå dette delkapitlet at einslege mindreårige har behov for eit bu- og omsorgstilbod der dei kan oppleve kjærleik og anerkjenning frå vaksne i sitt bu- og omsorgstilbod. Videre synast det å vere godt dokumentert at fosterheimar kan egne seg for å immøtekommisse disse behova.

#### 4.4. Betydninga av medverknad

I ein artikkel av Newbigging og Tomas (2011) blir funna frå eit stort forskingsprosjekt frå England, Wales og Nord Irland gjort greie for. Føremålet med forskingsprosjektet var å identifisere nøkkelfaktorar for god praksis i møte med einslege mindreårige. Det blei i forskingsprosjektet føretatt ei litteraturstudie for å innhente bakgrunnsinfo, nasjonale undersøkingar, fokusgruppeintervju samt oppfølgingsintervju. I dei nasjonale undersøkingane blei totalt 535 organisasjonar invitert til å delta, dei fekk tilsendt spørreskjema i posten. Av disse organisasjonane svara 20.6% av organisasjonane som jobba for barns rettigheter og velferd. Medan 40.4% av flyktningorganisasjonane svara. I fokusgruppeintervjuet blei 10 einslege mindreårige intervjuat.

Frå litteraturstudia som blei føreteke i forkant blei det ikkje funne kva for faktorar som indikerer god praksis i møte med einslege mindreårige (Newbigging & Tomas, 2011).

I gjennom dei empiriske undersøkingane viste det seg imidlertid som eit funn at ein indikator for god praksis i møte med einslege mindreårige omhandla å involvere dei i alle prosessar som omhandlar deira liv, og at medverknad soleis kunne sjåast som ein resiliensfremjande faktor. Videre viste funna betydningen av å hjelpe dei unge med nettverksbygging, samt å utvise sensitivitet i møte med deira behov (Newbigging & Tomas, 2011). Ein informant i studia uttalte at nøkkelfaktorar i møte med einslege mindreårige stort sett er dei same som i møte med andre i behov av sosiale tenester; ein må avklare behova deira, og alltid ha med seg at dei først er barn, og så asylsøkarar. I tillegg var eit hovudfunn at einslege mindreårige asylsøkarar hadde større behov enn dei borna som ankom saman med familiemedlemmer

I eit forskingsprosjekt i Irland blei sosialarbeidarar i «The Social Work Team for Separated Children Seeking Asylum», heretter omtala som sosialarbeidarteamet, observert over ein åtte

vekers periode i 2016 (Richason, 2017). I tillegg blei det føretatt kvalitative intervju med sosialarbeidarane i sosialarbeidarteamet, samt føretatt ei litteraturstudie over eksisterande forsking vedrørande omsorg for einslege mindreårige (Richason, 2017).

Richason (2017) observerte at når einslege mindreårige kjem til Irland får dei tildelt ein eigen sosialarbeidar, som følger opp den einslege mindreårige i asylprosessen, og ofte igjennom busetjingsprosessen i fosterfamilie eller gruppeheim, og nokre gonger til etter 18årsdagen. Sosialarbeidaren har i oppgåve å kartlegge og immøtekommne omsorgsbehova til den einslege mindreårige, og lagar på bakgrunn av informasjonen som kjem fram frå kartlegginga ein omsorgsplan. Fokuset i omsorgsplanen er på å få fram barnet si stemme, det vesentlege er at barnet får seie noko om situasjonen sin og kva barnet ser føre seg framover (Richason, 2017). Funna til Richason (2017) viste at det kreves mykje tid og ressursar å gjennomføre metoden i Irland, samt vilje til forpliktelse frå sosialarbeidarane. Eit funn frå observasjonane var imidlertid at sosialarbeidarteamet viste overbevisning om at det var kritisk å forsikre seg om at barnet opplever å medverke i sin eigen situasjon.

Funn frå Richason (2017) viser til at sosialarbeidarteamet anerkjente at ikkje noko sosialt arbeid er perfekt, og at dei difor samarbeida dei med EPIC-teamet (Empowering People In Care), som sørga for å ha minst ein samtale med kvar einslege mindreårige ved busetjing, der dei skulle få komme med det dei eventuelt er misnøgde med. EPIC-teamet sørga for at den einslege mindreårige si stemme blei tatt på alvor (Richason, 2017). Funn frå Richason (2017) viste også at sosialarbeidarteamet i Irland hadde frie tøyler til å vere kreative for å finne dei beste løysingane for dei einslege midreårige.

I eit forskingsprosjekt frå Stavanger blei det brukt både kvalitative og kvantitative metodar; herunder dokumentanalysar, intervju med 33 nøkkelpersonar som arbeida med einslege mindreårige, intervju med 4 einslege mindreårige, samt økonomiske analysar (Berg, et al., 2019).

Funna frå Berg, et al., (2019) viste at kommunen ofte veit lite om ungdommane som skal busetjast, fordi kartleggingane frå asylmottaka ofte er tynne og gir lite informasjon, og at det er difor vanskelig å vite kva for tiltak som er best eigna. Kommunen har difor etablert ei 'tiltakstrapp' der ungdommane først blir plassert på institusjon med tett oppfølging for å bli grundig kartlagt, for så å bli plassert i eigna tiltak. Funna viste imidlertid at 'tiltakstrappa' ofte ikkje fungerte etter hensikten, både fordi ungdommane som regel ønska å bu for seg sjølve når dei flytta frå institusjonen, men også fordi ei slik tiltakstrapp inneber mange flyttingar og tilsvarande mange relasjonsbrot (Berg, et al., 2019). Frå intervjua oppga både ungdommar og

ansatte betydninga av å få medverke i utarbeiding av planer, tiltak og tilbod, og at medverknad måtte innebere ansvarleggjering. I praksis opplevde dei ansatte ofte at dei ofte Ansatte peika videre på at kommunen ofte vektlegg større grad av sjølvstende hos disse borna enn hos andre born, fordi dei har klart seg igjennom ei flukt. Dei ansatte opplevde at det ikke blei teke tilstrekkeleg høgd for at samfunnet i norge er ukjent for dei einslege mindreårige, og at mange av dei har behov for både traumehjelp og helsehjelp.

#### 4.4.1. Føringer for bu- og omsorgstilbodet

Forskningsfunna i dette delkapitlet peiker på betydninga av at einslege mindreårige får moglegheit til å medverke i alle aspekt ved livssituasjonen sin, også bu- og omsorgstilbodet (Newbigging & Tomas, 2011; Richason, 2017). Det fins forskjellige nivå av medverknad, jamfør Shier (2001), og forskningsfunna kan tyde på at i kor stor grad borna skal få makt i valg av bu- og omsorgstilbodet bør bero på ei heilsakleg vurdering av den einslege mindreårige sine behov samt grad av modenhet (Berg, et al., 2019). Forskningsfunna til Richason (2017) viste til gode erfaringar med at ein person følger opp den einslege mindreårige frå ankomst til ettervern, ei slik ordning kan vere med på å sikre at eit treffande bu- og omsorgstilbod blir gitt, samt at det då kan vere lettare og meir effektivt og finne nye løysingar, dersom det viser seg at den valte bu- og omsorgsløysinga ikkje fungerte så bra likevel. For at medverknad skal vere reell og verknadsfull vil det vere av betydning at det blir brukt god tid i kartleggingssituasjonar, samt at dei einslege mindreårige har tilgang på eit kontrollorgan utføre bu-og omsorgstilbodet, der dei kan melde frå om det dei er misnøgde med.

Richason (2017) argumenterer for at at sjølv om metoden i Irland krevjer ekstra ressursar og tid, så er den noko andre Europeiske land bør sjå etter, då disse borna blir ein del av neste generasjon, og invistering i deira liv soleis er til det beste for heile samfunnet (Richason, 2017). I tillegg argumenterer Richason (2017) for at dei frie tøylane sosialarbeidarane får til å nytte løysingane dei meiner er best, er av betydning for trivsel og låg ‘turnover’. At sosialarbeidarane opplever tillit til sin kompetanse kan tenkast å videre ha positive ringverknader når dei skal i møte med einslege mindreårige skal sørge for reell og positiv medverknad.

Alt i alt kan forskinga i dette delkapitlet vise at det er essensielt for gode velfungerande løysingar, at einslege mindreårige får medverke i sitt bu- og omsorgstilbod. Videre at dei, for å vere trygge nok til å medverke, treng ansatte som evnar å utvise sensitivitet og lydhørhet i møte med deira behov. Det er også føresetnad for reell medverknad

at det blir føretatt grundige og gode kartleggingar av barnet, og at barna blir gitt moglegheit til å uttrykke til eit uavhengig tilsynsorgan, kva for område som treng forbedring, eventuelt kva som ikkje fungerer i bu- og omsorgstilbodet.

#### 4.5. Betydninga av eit delt omsorgsansvar mellom bu- og omsorgstilbodet og representanten

Omland, et al., (2018) intervju i sitt forskingsprosjekt 15 einslege mindreårige saman med deira omsorgsgiver. Intervju foregjekk i to omgongar. Ved første intervjurunde hadde dei einslege mindreårige budd i Noreg i 3-6 månader. Eit år seinare blei dei intervju med nye omsorgspersonar i sin nye gruppeheim. I gruppeheimane hadde ca 50% av staben ei form for formell fagkompetanse. Omland, et al., (2018) ville finne ut kva for psykologisk og sosial betydning det har at at spørsmål vedrørande juridiske aspekt ved borna sin siuasjon ikkje blir sett på som den daglege omsorgspersonens ansvarsområde.

Funna til Omland, et al., (2018) viste at når omsorgspersonane til dei einslege mindreårige fekk spørsmål frå borna som omhandla rettigheter, så responderte dei som oftast med «dette må du snakke med vergen din om». Funna viste at dei daglege omsorgspersonane sjeldan såg det som sitt omsorgsansvar å engasjere seg i juridiske spørsmåla vedrørande borna. Videre viste funna at omsorgspersonane somme gonger hadde hjulpe borna med spørsmål vedrørande rettighetene deira, men at omsorgspersonane då persiserer at det kun var fordi «barnet har ein for sløv verge».

Omland, et al., (2018) viser i sine funn til intervju med ein 14 år gammal gut som beskrev at han ikkje opplevde å få hjelp nokon stad, og at han stod åleine i jobben med å navigere i søknadar og havet av kompleks informasjon. Fleire av borna i studia beskrev det som ei tung byrde å stå i dei juridiske aspekta ved liva sine åleine, samt at dei opplevde det som håplaust. Fleire informantar beskrev i tillegg omfattande psykologisk stress tilknytt dei juridiske aspekta, og det i nokre tilfeller omfatta stresset desperasjon og suicidale tankar (Omland, et al., 2018).

##### 4.5.1. Føringar for bu- og omsorgstilbodet

Forskinga i dette delkapitlet belyser at når det ikkje fins eit system der ein voksenperson held i alle trådane vedrørande ulike livsaspekt for barnet, så kan det gå hardt ut over barnet si

moglegheit til å fungere optimalt i kvardagen. Dei står då åleine i arbeidet med å håndtere, og manøvrere i tungt byråkratisk papirarbeid, og funna frå forskinga viser at dette arbeidet kan utgjere ei tung byrde som i verste fall fører til håpløyse og suicidale tankar. Forskinga belyser derfor behov for at dei einslege mindreårige har tilgang på ein voksenperson der dei bur, som kan vere tilgjengelig og hjelpe dei, ikkje berre med daglegdagse gjeremål, men også med dei juridiske og byråkratiske oppgåvene.

Alt i alt belyser Omland, et al., (2018) si forsking behov for koordinering mellom omsorgspersonane i relasjon til bornet, og at minst ein voksenperson har oversikt og ansvar for koordineringa.

#### 4.6. Råd frå flyktningborn til voksne omsorgsgivarar

I ei oppfølgingsstudie gjort av Skårdalsmo og Harnischfeger (2017) blei 66 flyktningungdomar, som alle hadde som kome åleine til Norge før fylte 15 år, spurt om dei hadde nokre råd til dei voksne som jobbar med born som hadde kome på same måte som dei sjølve.

Funna frå studia viste at alle ungdommane hadde vekse opp under krig og konflikt, og at nesten alle hadde opplevd ei svært traumatiske flukt, der dei enten hadde opplevd å nesten døy sjølve eller vore vitne til at andre døydde. Ungdommane kom med råd på fleire område. For det første var det viktig for dei at dei voksne var snille og immøtekommande. Nokre ungdommar råda dei voksne til å forsøke å vere som foreldre, medan andre påpeika at dei aldri kunne erstatte foreldra, men at dei trengte at dei voksne var like villige til å hjelpe som sine eigne foreldre. Dei beskrev behov for hjelp med praktiske ting, men også til følelsesregulering.

Videre råda dei voksne til å sjå borna sitt perspektiv, å tolke å høyre historiane deira, og å aktivt forsøke å forstå borna. Dei råda dei voksne til å konkret etterspørre borna sine behov. Borna ønska voksne som kunne tilby seg sjølv som trygge tilknytningspersonar, som gong på gong toler å bli avvist, samt å vise borna respekt og gjensidighet. Til slutt ønska dei at voksne er fleksible og at dei ønsker å forstå borna sin implisitte kommunikasjon.

##### 4.6.1. Føringar for bu- og omsorgstilbodet

Forskinga i dette delkapitlet peiker på eit behov for fagkompetente miljøterapeutar i bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige, der dei ansatte har kunnskap om traumatisering og

traumebevisst omsorg. Funna kan også peike behovet for vegleing for ansatte i bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige der dei ansatte får moglegheit til å vokse. Etter som borna etterlyser trygge vaksne som toler borna samt er trygge tilknytningspersonar, er det av betydning at dei vaksne forstår seg sjølv, samt evner å regulere seg sjølv, og vegleing kan soleis vere eit nyttig verktøy (Dønnestad & Steinkopf, 2017). Artikkelforfattaren argumenterer for at funna gjeld uavhengig av om borna er i mottaksfasen eller når dei er busett i ein kommune (Skårdalsmo & Harnischfeger, 2017).

Alt i alt vil det vere av betydning å sørge for at borna, i sitt bu- og omsorgstilbod, om det er i asylmottak, på hybel, i bufellesskap, fosterheim eller på barnevernsinstitusjon; opplever å bli møtt av vaksne som kan hjelpe dei både med praktiske aspekt ved livssituasjonen, men også med følelsesregulering.

**4.7. Tillit og mistillit som meistringsstrategi, i lys av religiøs og kulturell identitet**  
Raghallaigh og Gilligan (2010) gjennomførte eit forskingprosjekt der dei først føretok deltagande observasjonar på gruppeheimar for einslege mindreårige, deretter føretok dei kvalitative intervju med 32 einslege mindreårige der dei budde.

Raghallaigh og Gilligan (2010) viser til funn som vektlegg dei personlege eigenskapane, overbevisingane og meistringsstrategiane hos dei enslege mindreårige. Funna viste at alle dei einslege mindreårige som var med i studia var svært sjølvstendige, og at nesten alle hadde ei tillit til at Gud passa på dei. Funna viste videre at når dei einslege mindreårige klarte å halde på kulturelle og religiøse tradisjonar og rituale, så var dette med på å hjelpe dei å tilpasse seg den nye kvardagen, samt å være nysgjerrige på å lære. Tilliten til seg sjølv og Gud av betydning for å kunne sjå positivt på livet og å ha håp for framtida. Informantane i studia formidla at relasjonar med både jamnaldrande og profesjonelle var viktig for dei, men at det var dei sjølve og Gud dei verkeleg var avhengige av. Funna viste at dei såg på seg sjølve som svært sjølvstendige, noko dei var stolte av. Funna viste også at mistillit til andre mennesker var ein meistringsstrategi hos dei fleste einslege mindreårige som deltok i studia (Raghallaigh & Gilligan 2010).

#### **4.7.1. Føringar for bu- og omsorgstilbodet**

Funna i dette delkapitlet kan belyse at uansett kvar for bu- og omsorgstilbod einslege mindreårige får tildelt, så er det av betydning at dei blir gitt eit rom, samt blir oppmuntra til å

praktisere religion, tradisjon og ulike rituale, etter som disse elementa synast å vere viktig for å meistre livssituasjonen.

Det kan videre tenkast at dei einslege mindreårige som bur på hybel åleine, eller i bufellesskap med delvis oppfølging, er enno meir avhengige av sine personlege ressursar, og tillita til Gud, etter som dei ikkje har like stor grad av tilgjengelig personal som kan tilby psykososial støtte. Det at å stole på seg sjølv og på Gud reduserte behovet for å stole på andre, kan på same tid belyse at borna har opplevingar av å bli svikta som gjer at mistillit til menneske blir ein viktig meistringsstrategi i livssituasjonen.

Alt i alt kan funna Raghallaigh og Gilligan (2010) vise at mange einslege mindreårige både er sjølvstende og at dei meistrar mykje. Kunnskapen om at dei er sjølvstendige, må likevel aldri bli brukt som grunn for ‘ansvarsfråskriving’ frå det offentlege hjelpeapparatet, ved at dei blir tilbuddt eit minimun av oppfølging i sitt bu- og omsorgstilbod. Kva som ligg bak mistilliten bør tvert om utforskast i saman med barnet, noko som føreset ein trygg relasjon. Bu- og omsorgstilboden bør soleis innbere eit balansert tilbod, der det både er rom til utøving av personleg tru, rom til sjølvstendighet og tillit til eigne valg, men at det samstundes fins tilgjengeleg trygge, tillitsfulle vaksne, som tilbyr hjelp og støtte på dei områda borna treng det.

#### 4.8. Betydning av etnisk og kulturell identitet

I eit forskingsprosjekt av Oppedal, et al., (2020) deltok 895 einslege mindreårige ved hjelp av ei kvantitativ undersøkelse. Alle dei einslege mindreårige hadde fått oppholdstillatelse i Norge. Føremålet med studia var mellom anna å undersøke forholdet mellom depresjon hos borna, og deira etniske eller kulturelle tilhørighet.

Frå studiet framkom det funn som viste at alle dei einslege mindreårige opplevde stor grad av depresjon det første året etter ankomst. Dette var uavhengig av deira opplevelse av etnisk og kulturell tilhørighet. Funna viste videre at hos dei som haldt fast på ein sterkt etnisk og kulturell tilhørighet, hadde graden av depressive symptom synke parallelt med antall år dei hadde budd i Norge (Oppedal, et al., 2020). Funna viste også at hos dei einslege mindreårige som hadde ei svak etnisk og kulturell tilhørighet var depresjonssymtoma forblitt høge, uavhengig av kor mange år dei hadde vore busett i Norge. Funna viste i tillegg at lengden på asylprosessen ikkje var vesentlig for symptom på depresjon, så lenge dei mottok

oppholdstillatelse til slutt. Funna viste imidlertid at psykiske påkjenningar som dei opplevde igjennom asylprosessen kunne knytast til depresjon i ettertid (Oppedal, et al., 2020).

#### 4.8.1. Føringar for bu- og omsorgstilbodet

Funna i dette delkapitlet peikar på betydninga av at borna har positive kjensler knytt til sin etniske og kulturelle identitet, etter som ei sterk etnisk og kulturell tilhørighet representerer ein resiliensfaktor i dei einslege mindreårige sine liv (Oppedal, et al., 2020). Videre kan forskingsfunna belyse betydninga av at ansette i bu- og omsorgstilbodet evner tenker utafor sine eigne kulturelle og etniske forståelsesrammer, og prøver å tune seg inn på dei einslege mindreårige sine krysskulturelle erfaringar med nysgjerrighet og openheit.

Alt i alt kan forskinga i dette delkapitlet gi sterke indikatorar på at etnisk og kulturell tilhørighet for einslege mindreårige kan gi ei oppleving av kontinuitet og samhold i ein ellers oppbrutt livshistorie. Videre kan funna peike på viktigheta av at dei ansette i bu- og omsorgstilbodet innehavar krysskulturell kompetanse, slik at dei kan hjelpe dei einslege mindreårige til å byggje bru mellom den nye livssituasjonen sin og livserfaringane frå heimlandet, og relasjonane som er att der. Det fins ein risiko for at viktig resiliens ikkje vert fremja, dersom ansatte ikkje evner å anerkjenne borna sitt etniske og kulturelle opphav som ei ressurskjelde.

#### 4.9. Betydninga av transnasjonale nettverk i lys av bu- og omsorgssituasjonen

I eit ein rapport av Lidèn, et al., (2013) blei det satt soknelys på levekår på asylmottak for einslege mindreårige flyktningar. Bakgrunnen for rapporten var eit forskingsprosjekt der Lidèn, et al., (2013) først føretok ei litteraturstudie, der dei gjennomgjekk den nyaste forskinga vedrørande omsorg for einslege mindreårige. Deretter føretok dei ei feltstudie der dei intervjuja fire grupper; personal, barnevern, skule og bebuarar sjølv. Dei intervjuja totalt 30 einslege mindreårige. Forskarane var tilstades i kvart mottak mellom 2-4 dagar, og føretok intervju medan dei var til stades i dagleglivet og miljøet på mottaket.

Funna frå Lidèn, et al., (2013) viste at fleire asylmottak la til rette for kulturelle innslag i kvardagen, ved til dømes matlaging frå heimlandet, men at borna sjølve ønska å lære mest mogleg om det nye landet dei var kome til. Av observasjonane såg dei at kulturell identitet blei ivaretatt, men i intervjua blei temaet tatt opp i liten grad. Funna viste at asylmottaka la hovedvekta på integrering, noko som også syntes å vere i tråd med borna sine

ønsker og behov. Funna avdekkja videre at det var manglende omsorgskunnskap blant personalet i asylmottak, men også i barnevernet generelt, når det gjaldt omsorgsbehova til einslege mindreårige.

I eit forskingsprosjekt frå Omland og Andenas (2018) blei det intervjuet 18 einslege mindreårige i saman med deira primære omsorgsperson. Alle dei 18 einslege mindreårige var frå Afghanistan, og i alderen 12-16 år.

Fortellingane til informantane innebar livserfaringar frå krig, bombing og henretting av familiemedlemmer. Alle informantane kunne beskrive ei farleg flukt med fleire livstruande opplevingar. Videre beskrev alle eit sterkt ønske om å hjelpe dei av familiemedlemmene som var igjen i heimlandet, og at dei ikkje opplevde ønsket om å hjelpe som ei byrde eller ei plikt, men snarare noko som gav dei håp og ei oppleving av å vere i kontakt. Funna viste at borna hadde ulike opplevingar av om dei ansatte hjalp dei med å hjelpe familiane sine. Ein informant opplevde etter kvart at omsorgspersonane anerkjente at han ville ha ein jobb for å hjelpe familien sin økonomisk. Omsorgspersonane hjelpt han då å strukturere kvardagen sin slik at jobben ikkje kom i konflikt med skulearbeidet og sosial samhandling med jamnaldrande (Omland & Andenas, 2018).

Ein anna informant opplevde at dei ansatte ikkje hadde forståelse for at han hadde vansker med å gå på skulen etter at han fekk vite at mor og søsken i heimlandet var alvorleg sjuke. Den manglende forståinga frå omsorgspersonane førte til at han isolerte seg, og oppsøkte eit nettverk prega av hasjrøyking og dårlig døgnrytme. Informantane beskrev også eit sterkt ønske om å lære seg norsk fort for å kunne delta i samfunnet (Omland & Andenas, 2018). Omsorgspersonane på omsorgssenteret, der Omland og Andenas (2018) føretok sine intervju, reflektete over at mange einslege mindreårige hadde eit så sterkt ønske om å tjene pengar for å hjelpe familien at det kunne føre til at dei flytta ut av omsorgssentera tidligare enn det som var godt for dei. At dei i eit kollektiv med jamnaldrande ville ha meir kontroll over kvardagen og pengane sine, men at dette kunne gå på bekostning av den psykososiale støtta dei ville få på omsorgssenteret (Omland og Andenas 2018).

Også i Bradby, et al., (2017) si studie, som vist til tidligare, viste funna at ein av informantane sin høgaste prioritet var å bli gjenforent med familien sin, det einaste han tenkte på, og prioriterte, var familien. Behovet hans for å bli gjenforent med familien var i tillegg mykje større enn behovet for å ta vare på seg sjølv.

#### 4.9.1. Føringar for bu- og omsorgstilbodet

Forskinga i dette delkapitlet kan belyse at det fins ein risiko for at den krysskulturelle kompetansen dei einslege mindreårige har med seg blir underkjent, dersom dei einslege mindreårige legg all sin energi i å bli kjent med sitt nye vertsland (Lidèn, et al., 2013). Bu- og omsorgstilbodet bør derfor ikkje berre legge til rette for, men oppmuntre, og utvise nysgjerrighet på borna sine erfaringar og krysskulturelle kompetanse.

Videre kan forskingsfunna belyse at mange einslege mindreårige har behov for å hjelpe familien i heimlandet, og at dei ofte blir ståande åleine i det prosjektet, noko som medfører ein fare for å ønske å flytte for seg sjølve før dei eigentleg er klare for det. Omland og Andenas (2018) tolka det som at når dei ansatte ikkje anerkjente borna sitt utviklingsprosjekt og ønske om å hjelpe familien, kunne det føre til ei kjensle av håplaushet og einsemrd hos barnet som videre kunne medføre at dei oppsøkte destruktive nettverk der dei likevel opplevde ei kjensle av tilhørighet (Omland & Andenas 2018). I lys av forskingsfunna er det av betydning at bu- og omsorgstilbodet hjelper til med å byggje bru mellom tidlegare livssituasjon og den noverande. Slik kan meistringserfaringar, tilknytning og psykiske helse fremjast hos dei einslege mindreårige. Eksempelvis oppfordrar Omland og Andenas (2018), igjennom sitt forskingsprosjekt, alle som jobbar med einslege mindreårige til å hjelpe borna å lage ein langsiktig plan som bygger bru mellom dagens skulearbeid og det å hjelpe familien i morgen.

Alt i alt viser forskinga som har blitt presentert i dette delkapitlet at einslege mindreårige på den eine sida treng hjelp til å byggje kontakt med sitt transnasjonale nettverk, og å finne ein måte å kunne hjelpe familien i heimlandet. Samstundes treng dei hjelp til å vere til stades i den nye livssituasjonen, til å komme seg igjennom skulekvardagen, prioritere vennskap og å bygge seg ei framtid. Igjen framtrer behov for eit tydeleg omsorgsmandat for ansatte på bueiningane, som her inneber viktigheita av å anerkjenne krysskulturelle erfaringar, samt kontakta med transnasjonale nettverk, for å best hjelpe dei einslege mindreårige til å meistre livssituasjonen her og no.

#### 4.10. Betydninga av vennskap, og muligheten til å dele kultur og religion

I eit forskingsprosjekt frå Thommessen, et al., (2017) blei det føretatt kvalitative intervju av seks einslege mindreårige.

Funna frå denne studia viste at temaet dei einslege mindreårige var mest opptatt av var viktigheten av meingsfylte relasjonar og å føle seg tilknytning til eit anna menneske.

Informantane snakka om korleis vennskap bidrog til ein positiv distraksjon frå vanskelege tankar og andre daglege vansker. Funna viste videre at dei einslege mindreårige i studia opplevde at det var vanskeleg å finne sin plass i fritidsaktivitetar med lokale jammaldrande.

Omland og Andenas, som vist til ovanfor, har også føretatt ei longitudinell studie der dei har undersøkt kva som gjer at einslege mindreårige, i sin nye kvardag, kan gjenoppta sine sosiale liv på ein måte som gir dei kjensle av samhørighet. I det longitudinelle forskingsprosjektet fulgte Omland og Andenas (2019) 15 einslege mindreårige under 15 år, saman med deira omsorgspersonar, over tid der dei først føretok intervju då borna budde på omsorgssenter, for så å intervju dei eit år seinare når dei var busett i bufellesskap i kommunen.

Funna til Omland og Andenas (2019) viste at alle dei einslege mindreårige kunne fortelje om betydningsfulle vennskap som hadde blitt stifta då dei først kom til Norge. For fleire var det av betydning å finne ein venn som delte kultur eller religion, då dette gjorde det naturleg å dele minner frå heimlandet. Forskinga til Omland og Andenas (2019) viser at det frå norske myndigheter blir tatt hensyn einslege mindreårige som har søsken eller familie i landet, ved at disse blir busatt saman. Det fins på same tid inga tilsvarende ordning for å bevare vennskap som einslege mindreårige har etablert i mottakfasen.

Funna, frå dei ansatte som var intervjuata, viste i at det råda ei haldning om at å busette venner, spesielt dersom dei hadde samme kulturelle bakgrunn, ville vere uheldig med tanke på integrering. Dei ansette såg det å bli busett saman med venner frå mottakfasen som eit potensielt hinder for å bygge vennskap med jammaldrande norske born. Borna viste på den andre sida sterkt motstand mot å bli separert frå vennene dei hadde fått i mottakfasen. Fleire av borna fortalte at dei opplevde at dei unge, i lokalsamfunnet tilknytt bufellesskapet, hadde vist litra interesse i å bli kjent, og at det derfor betydde ekstra mykje med vennskapa frå omsorgssenteret (Omland & Andenas, 2019).

I ei anna studie som viser til betydninga av vennskap er føretatt av Masters, et al., (2020). Her blei sju einslege mindreårige og sju fagpersonar i barnevernet intervjuata kvalitativt.

Funn frå denne studia viste at ein god måte å sikre overgang, frå bufellesskap til sjølvstendig tilvære, er å hjelpe borna å etablere gode nettverk. Funna peikte videre på at å hjelpe å etablere gode nettverk kan bidra til integrering og tilhørighet i samfunnet, i tillegg til at borna har nokon når kontakten med hjelpeapparatet vert avslutta.

I Bergen kommune er ansvaret for alle flyktningborn underlagt Barneverntenesta. Kommunen har ulike bu- og omsorgstilbod, som omfattar fosterheimar, barnevernsinstitusjonar, delvis bemanna kollektiv og hyblar med oppfølging frå oppfølgingstenesta (Bergen kommune, 2021). I Bergen kommune blei det utført eit forskingsprosjekt av Sayyad, et al., (2021), som hadde som føremål å hente fram brukarstemma for å la dei einslege mindreårige medverke i sin situasjon, og alle einslege mindreårige over 15 år som var busett i kommunen blei derfor invitert til å delta. Det blei sendt ut spørreskjema til alle dei einslege mindreårige, der dei kunne gi tilbakemeldingar på korleis dei opplevde tenestene dei mottar, korleis dei trives i kommunen, samt korleis dei har det med seg sjølv. Undersøkinga hadde ei svarprosent på 80% (Sayyad, Randal, Bøe & Kvestad, 2021).

Resultata frå forskingsprosjektet viste til at fleire av dei einslege mindreårige opplevde lite sosial støtte frå vaksne personar utanfor barnevernet. Funna viste videre at 50% av respondentane opplevde symptom på posttraumatisk stressyndrom. Eit gjentakande ønske frå borna var at barneverntenesta må starte nettverksbygging på eit tidlig tidspunkt. Videre viste funna at borna hadde større språklege barrierer enn først antatt (Sayyad, Randal, Bøe & Kvestad, 2021).

#### 4.10.1. Føringar for bu- og omsorgstilbodet

Forskinga i dette delkapitlet viser at einslege mindreårige, som alle andre, treng gode venner, og at vennskap representerer mening i kvardagen til dei einslege mindreårige.

Forskningsfunna viser at einslege mindreårige ofte opplever å etablere vennskap i mottaksfasen, men at det er vanskeleg å bevare vennskapa dersom dei seinare blir busett i ulike kommunar langt frå ein annan. I lys av tidligare forskningsfunn, kan det tenkast at vennskapa som blir knytt i mottaksfasen kan hjelpe dei einslege mindreårige å byggje bru mellom det som har vore og det som er, ettersom felles for vennskap etablert i mottaksfasen vil vere krysulturelle erfaringar samt erfaringar med transasjonale nettverk.

Dersom dei einslege mindreårige ikkje får høve til å bli busett nær vennskap etablert i mottaksfasen, er det desto viktigare at bu- og omsorgstilbodet bistår med nettverksbygging, samt med å finne konstruktive fritidsaktivitetar som kan bidra til at dei einslege mindreårige opplever tilhørighet i samfunnet og busetjingskommunen. Det bør likevel ikkje vere grunn til å skilje gode venner på bakgrunn av frykt for at dei då ikkje skal integrerast i lokalmiljøet.

Etter som mange einslege mindreårige oppgir at dei kjenner på stor grad av einsemd og

vansker med å bli inkludert i lokalsamfunnet, synast det tvert om å vere av betydning at dei einslege mindreårige får moglegheit til å bevare fellesskap med venner frå mottaksfasen.

Alt i alt viser forskinga som er presentert i dette kapitlet at fleire einslege mindreårige opplever det som vanskeleg å finne sin plass i samfunnet ved at dei opplever lite interesse frå lokale unge (Omland & Andenas, 2019). Det er derfor av betydning at det i bu- og omsorgstilboden blir jobba for å skape ei balanse som både fremjer integrering, men og som sørger for å bevare dei einslege mindreårige sine verdifulle krysskulturelle vennskap og erfaringar. Ei slik balanse kan videre føre til ein god overgang inn i vaksenlivet samt at dei blir gode bidragsytarar til samfunnet.

#### 4.11. Oppsummering av av kva for føringar forskinga gir for korleis bu- og omsorgstilboden bør vere

I denne delen av oppgåva har eg tatt føre meg forsking som kan fortelje oss noko om korleis bu- og omsorgstilboden til einslege mindreårige bør vere. Noko forsking har gitt tydelege indikasjonar på kva for type omsorgstilbod som viser seg å vere godt eigna for einslege mindreårige, her viser forsking om fosterheimar seg å kunne vere ei god løysing, etter som fosterforeldre synast å evne å både ivareta borna praktisk, emosjonelt, samt når det gjeld juridiske aspekt.

Anna forsking har i større grad belyst kva einslege mindreårige har behov for i sitt bu- og omsorgstilbod. Her synast det å vere godt dokumentert at dei einslege mindreårige har behov for omsorgspersonar som evner å tilby seg sjølv som trygge omsorgspersonar, fordi dei einslege mindreårige har behov for kjærleik, og anerkjennelse i sitt bu- og omsorgstilbod.

Samstundes vises det at einslege mindreårige ofte er ressurssterke, og meistrar mykje i sin livssituasjon, og at bu- og omsorgstilboden difor bør legge til rette for stor grad av medverknad, samt oppmunstre til å ivareta den krysskulturelle kompetansen dei har med seg. Forskingsfunna indikerer likevel tydeleg at å bli gitt stor grad av medverknad ikkje bør gå på bekostning av å bli gitt stor grad av kjærleik og anerkjening.

Funn viser at einslege mindreårige rapporterer at dei opplever seg stigmatisert, og ofte mistenkliggjort i kraft av at dei er flyktningar, og at dette er erfaringar dei har frå både jamnaldrande i lokalsamfunnet men også frå vaksne som skulle ha representert trygghet og støtte. Forskinga ser ut til å forenast om at bu- og omsorgstilboden til einslege mindreårige flyktningar alltid bør ha fokus på barnets beste, og i det ligg det at både dei ansatte og heile

organisasjonsstrukturen er samstemte om at det først og framst er ‘barn’ som skal møtast, og at dei er ‘flyktningar’ i andre rekke.

Alt i alt synast det ikkje å vere noko i funn frå forsking som indikerer at einslege mindreårige flyktningar mellom 15-18 år har behov for eit redusert bu- og omsorgstilbod samanlikna med andre born. Tvert i mot, viser forskninga eg har gjort greie for i denne delen at det på mange måtar er anbefalt at einslege mindreårige mellom 15-18 år får eit minst like godt tilbod som andre born. Dette gjeld både materielle forhold, at det blir gitt ei heilskapleg omsorg utført av kvalifisert omsorgspersonell, samt at deira ressursar og sårbarheter blir møtt på ein konstruktiv måte.

## 5. Innflytelsesrike faglege perspektiv

I dette kapitlet vil eg gå igjennom og drøfte to aktuelle fagperspektiv som vil supplere funna frå forskinga i førre kapittel. Disse er fagperspektiva *traumer* og *resiliens*. Målet er at fagperspektiva kan tjene som to berikande innfallsvinklar som kan bidra til å belyse spørsmålet om korleis bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige 15-18 år bør vere.

I følge Eide, et al., (2017) kan det vere utfordrande når profesjonsutøvarar enten vektlegg sårbarheten til dei einslege mindreårige, eller vektlegg at dei er spesielt ressurssterke. Det er derfor grunn til å reflektere kritisk over kvifor eg velger å ha med fagperspektiva traumer og resiliens. Eg kunne ha valgt andre fagperspektiv, til dømes psykisk helse i sin heilskap, då traumer for nokre kan synast som eit smalt perspektiv, kanskje til og med kontroversielt. Det kunne i tillegg vore nyttig å belyse andre fagperspektiv, som til dømes nettverksteori. Andre fagperspektiv kunne videre ha påverka svaret på spørsmålet om korleis bu- og omsorgstilbodet til dei einslege mindreårige bør vere. Som skrive i metodedelen har eg ikkje har som føremål å belyse alle aspekt ved fagperspektiva, men å belyse nokre aspekt som kan bidra til refleksjonar rundt korleis bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige mellom 15-18 år bør vere.

### 5.3. Traumeforståing i møte med einslege mindreårige flyktningar

Traumebegrepet blei opprinnelleg utvikla i medisinen, og henviste til øydeleggjing av kroppens vev forårsaka av ytre vald. Seinare blei det bruka for å beskrive korleis stor skade på det «mentale vevet» kan påverke psyken (Laub, 2005; Varvin, 2015). Innfør traumeforståing blir psyken sett på som eit nettverk av følelsar og tankar som er forbunde med kvarandre på ein organisert måte. Disse forbindelsane blir brotne og øydelagde når det oppstår eit psykisk traume (Laub, 2005; Varvin, 2015). Baum (2005) beskriv at traumatiske opplevingar skaper ei indre oppleving av hjelpesløyse, samt av å vere forlatt. Raundalen og Schultz, (2010) skriv at traumatiserte barn ofte har problem med å styre og kontrollere følelsar tilpassa tid, stad og situasjon. Eksempelvis kan barnet, i følge Rosenbaum og Varvin (2007), vere like redd for at overgrep skal inntre i notid, sjølv når det har gått lang tid sidan overgropa skjedde. Cohen, et al., (2018) skriv at ulike barn kan oppleve og respondere ulikt på ei traumatiske hending. Variablar som påverkar oppleving og respondering kan vere barnets forståing av den traumatiske hendinga, barnets tilgang til familie og andre støttepersonar, samt korleis barnet

integrerer hendinga i eigen sjølvoppleveling. Slike variablar kjem eg nærmare tilbake til i kapitlet om resiliens.

#### *Opplevde traumer, og reaksjonar på traumer hos einslege mindreårige*

Forsking viser at flesteparten av einslege mindreårige lever med tap av sine kjære, samt traumatiske erfaringar frå krig og konflikt i heimlandet og frå sjølve flukta (Jensen, et al., 2015; Skårdalsmo & Harnischfeger, 2017). Einslege mindreårige flyktnigar kan oppleve å bli traumatisert både igjennom å bli utsatt for direkte overgrep og belastning, men også igjennom at foreldra ikkje klarer, eller er der fysisk, for å trygge dei og romme angsten deira (Varvin, 2015). Dyregrov og Yule (2006) beskriv at barn som lev under krig og flukt lev i kronisk risiko. Etter hendingane blir dei ofte plaga av gjentakande sterke tankar om hendinga, dei er redd for mørket, og vil helst være nær foreldre eller andre vaksne dei har ein god relasjon til. Dyregrov og Yule (2006) skriv at disse reaksjonane er like for både born og tenåringar.

Ein person som er traumatisert kan oppleve at følelsane lett løper løpsk, blir overveldande, og somme tider heilt lammande. Under normale omstendigheter kan ein stoppe opp etter ei sterk emosjonell oppleveling, og reflektere over kva som skjedde. Dette forutsetter imidlertid at nettverket mellom dei emosjonelle og koordinerande delene i hjernen fungerer (Schore, 2019). Traumatisering kan føre til vansker med å åpne seg for andre, og å stole på andre. Resultatet kan bli at den traumatiserte blir åleine med svært vanskelege følelsar, der både indre evne til å regulere seg sjølv, samt muligheten til å få hjelp utanfrå blir redusert. Eit sentralt problem for traumatiserte kan då bli ei svekka evne til å gi mening til erfaringar, og til å meistre relasjonar til andre menneske; Det blir for vanskelig å forstå både seg sjølv og andre (Varvin, 2015).

Ofte opplever borna sinne og irritasjon mot venner og omsorgspersonar, i kombinasjon med at dei ikkje ønsker å snakke om traumeerfaringane, samt at dei opplever eit negativt syn på framtida. I følge Moa og Kohli (2021) er det vanlig at dei vanskelege minnnene frå flukt og heimland melder seg først når dei opplever å ha fått ‘lande’ i det nye tilværet (Moa & Kohli, 2021).

Traumatiserte barn kan videre utvikle ei svekka evne til å føle eller motta empati frå andre og frå seg sjølv. Utan evne til å motta empati frå seg sjølv og andre blir ein overlatt til den ytterste følelse av einsemd (Varvin, 2015). På bakgrunn av nedsatt empati, sviktar ofte evna til eigenomsorg. Når verknaden av traumer rammer psykiske prosessar, samt evnen til å forholde seg til andre menneske, blir helingsprosessen svært utfordrande (Varvin, 2015).

For den traumatiserte er livet ofte farlig, andre er ikkje til å stole på, og han må klare seg sjølv – til tross for at han kan ha stort behov for hjelp. Verknadane av traumatiseringa vises ofte på måten den traumatiserte er på i møte med seg sjølv og andre menneske. Men for den traumatiserte kan traumene vere underbevisste, noko som krevjer god behandling og gode relasjoner over tid for at utryggheten skal lette (Varvin, 2015).

For menneske som arbeider med flyktningbarn, er det viktig at hjelparen tilegner seg kunnskap om traumer og kriser (Raundalen & Schultz, 2010), etter som ein del av arbeidet kan bestå i å møte disse barna sine livshistorier og traumer (Førde, 2014). I følge Raundalen og Schultz (2010) kan hjelparar utan kunnskap om traumer gi god krisehjelp og enkel førstehjelp til traumatiserte barn og unge, men vanlegvis vil god fagleg forståing av traumer auke motivasjonen for å hjelpe, samt sørge for at at barnet får riktig henvisning videre til andre faginstansar.

*Ekstrem traumatisering, og potensielle konsekvensar av ekstrem traumatisering*

Nokre einslege mindreårige har vore utsett for *ekstrem traumatisering*. *Ekstrem traumatisering* blir av Varvin (2015) definert som ondsinna handlingar, utført og organisert av andre menneske/organisasjonar/statar, med hensikt å forårsake skader på individet, grupper eller sosiale organisasjonar. Fleire ekstremt belastande hendingar, kan medføre eit brot i barnet sin utviklingsprosess. Dette gjeld forøvrig også for vaksne si utvikling av til dømes sjølvfølelse, identitet, kulturell tilhørighet og evnen til å føle tillitt (Varvin, 2015). Hensikten bak mykje politisk motivert vald er å skape eit tilverke av frykt og hjelpeflysje, og på lengre sikt sosial destabilisering. Dette gir voldsutøverane moglegheit til opprettholde makt gjennom undertrykking av individ og grupper.

Dersom ein einsleg mindreårig, etter ekstrem traumatisering, samt flukt, opplever å bli møtt med mistru i ankomstlandet, vil dette med all sannsynlighet treffe såre punkter som kan føre til nye traumer (Varvin, 2015). Etter ekstrem traumatisering, som fører til posttraumatisk stresssliding (PTSD), blir den traumatiserte si evne til tilpasning og utvikling forstyrra. Nettverket i hjernen, som mellom anna sørger for følelsesregulerung, symbolisering og forsvar blir forstyrra, og den traumatiserte har derfor vansker med å kontrollere sterke følelsar. Når noko i no-situasjonen trigger traumet skjer det ein slags tidskollaps, der det som skjedde tidligare blir opplevd som ein aktuell fare her og no (Varvin, 2015).

Yule og Smith (2015) forska på Posttraumatiske stressslidingar (PTSD) blant Barnesoldatar, og fann at at små born kan vere beskytta mot utvikling av PTSD symptom ved at dei har svekka kognitiv og intellektuell kapasitet. Dei fann videre at dei eldste borna leid

mest etter traumer. Dei fortolka disse funna som at dei eldste borna i større grad enn dei små forstod kva dei hadde tapt, av skule og arbeid, ved å måtte vere barnesoldatar. Yule og Smith (2015) fant i tillegg, då dei forska på reaksjonar hos born etter terroren på World Trade Center 11. september 2001, at også her leid eldre born meir enn yngre etter traumer. Forskarane undra seg over om kriteria for å få PTSD ikkje var gode nok, eller om dei små borna rett og slett var meir resiliente.

#### *Sekvensiell og kumulativ traumatisering*

Traumene til einslege mindreårige skjer ofte i ulike fasar; i heimlandet, under flukta og i nytt etableringstilvær (Varvin, 2015). Ei slik form for traumatisering blir kalla *sekvensiell traumatisering*. Begrepet *sekvensiell traumatisering* blei utvikla av Hans Keilson, som undersøkte jødiske barn som kom tilbake til Holland i 1945. Fasane her gjaldt undertrykkingsfasen, konsentrasjonsleirfasen og heimkomstfasen. Keilson undersøkte borna 25 år etter krigen, og fann at det var den siste fasen, heimkomstfasen, som hadde mest å seie for korleis det gjekk med dei. Her var to forhold avgjerande: for det første at nokon lytta og forsøkte å forstå det dei hadde opplevd, for det andre i kor stor grad dei følte at dei fekk bekrefa identiteten sin (Varvin, 2015).

Dersom barnet ikkje har høve til å komme seg frå ei belastande oppleveling, før ein opplever den neste, kan dei påfølgande belastande hendingane ha ei forsterkande verknad på det som tidligare har skjedd. Denne formen for traumatisk belastning blir kalla *kumulativ traumatisering*. Når eit barn blir traumatisert om og om igjen, vil traumene kunne opplevast verre og verre (Varvin, 2015). Vedvarande stress, traumer, eller risikofaktorar, vil som oftaast skade barn meir enn avgrensa livsperiodar med massivt traumatisk stress (Schoon, 2007). Dei borna som har opplevd enkelhendingar som kan vere traumatiserande har soleis større sjanse til å komme seg etter traumet enn dei borna som lev i traumatisk stress over tid (Varvin, 2015).

#### 5.3.1. Føringar for bu- og omsorgstilbodet

For å drøfte korleis bu og omsorgstilbodet bør vere i lys av kunnskap om traumer, er det viktig å presisere at traumeerfaringane- og reaksjonane hos einslege mindreårige er individuelle og varierte. Sjølv om dei fleste einslege mindreårige har opplevd traumer, er det mange som ikkje har utvikla emosjonelle, sosiale, eller andre vansker som følger av traumene. I tillegg vil det vere individuelt på kva for tidspunkt traumreaksjonane aktiveres i den

einslege mindreårige. I lys av eit traumeperspektiv vil det derfror ikkje vere tilstrekkeleg at dei einslege mindreårige har tilgang på vaksne som lyttar og validerer berre den første tida, det er tvert om av betydning at einslege mindreårige har kompetente vaksenpersonar tilgjengelig for lytting og validering i både i asylmottaksfasen, men også videre i når dei skal busetjast i kommunen. Det vil vere uheldig dersom ein einsleg mindreårig får tildelt hybel med delvis eller inga oppfølging, og traumreaksjonane melder seg når den einslege mindreårige opplever å ‘lande’ på hybeln. Med bakgrunn i kunnskap om sekvensiell traumatisering vil det videre vere i den fasen barnet opplever å ‘lande’ at det er viktigast med god støtte.

Det kan samstundes tenkast at det for nokre einslege mindreårige kan vere vanskeleg å be om den hjelpa dei treng, fordi dei til dømes kjenner på frykt for å bli sendt ut av landet dersom dei har midlertidig opphold. I tillegg kjem mange einslege mindreårige frå land der det er tabu å snakk om psykiske lidingar (Portnoy & Ward 2020). Traumatiserte einslege mindreårige kan reagere med å isolerer seg, og unngår kontakt med andre, men likevel kjenne seg einsame og åleine i verda. Atter andre har ikkje eit språk for psykisk smerte, då det kanskje aldri har vore tema der dei kom ifrå. Disse barna snakker gjerne om psykisk smerte som kroppsleg smerte; vondt i magen, vondt i hovudet, vondt i kroppen. Her er det av betydning at omsorgspersonar ved bu- og omsorgstilbodet forstår kva dei fysiske symptomata kan vere uttrykk for, og at dei har kompetanse til å gjenkjenne når det er traumer som ligg bak åferda og uttrykka til barna.

Barn som lid av ekstrem traumatisering kan trenge mykje hjelp til å skape og halde på relasjonar, i tillegg til hjelp til å ta imot empati og å utvikle eigenomsorg. Å ha hjelparar tett på kan hjelpe i ei viss grad, men i eit traumeperspektiv bør hjelparane i tillegg vere utdanna miljøterapeutar med spesialisert kompetanse innfør traumer og traumebevisst omsorg. At hjelparane innehar kompetanse er viktig fordi uttrykka til disse borna i større grad har ein tendens til å vekke motstand hos hjelparane og dermed også kreve kunnskap hos dei som skal hjelpe for å kunne utøve best mogleg omsorg. I tillegg er det av betydning å sørge for at barnet ikkje blir møtt med mistru i bu- og omsorgstilbodet, etter som å bli møtt med mistru kan skape nye traumer. Å ha nødvendig kunnskap om traumer kan hjelpe ansatte å forstå barnet, og soleis motverke mistenkeleggjering og potensiell kumulativ traumatisering.

Kunnskap hos hjelparen er av betydning for å kunne henvise til rett behandlingstilbod, men også for å sørge for at barnet blir møtt på ein god og sensitiv måte i bu- og omsorgstilbodet. På asylmottaket er det av betydning med traumekunnskap i samband med kartlegging, som sikrar at borna videre får det bu- og omsorgstilbuet som dei vil trenge.

Opplæring og vegleiing av ansatte vil i så måte vere viktig, for at dei einslege mindreårige skal bli møtt slik dei treng i bu- og omsorgstilbodet.

#### *Oppfølging av eldre versus yngre barn, i lys av eit traumeperspektiv*

Ei studie av Sourander (1998) viste at einslege mindreårige over 15 år meldte om signifikant mindre mentale helseproblem enn dei som var yngre. Dette kan derfor tale for at mange einslege mindreårige over 15 år har mindre behov for psykososial støtte i sitt bu- og omsorgstilbod, og at dei dermed kan vere godt egna for å bu i delvis bemanna kollektiv eller i eigen hybel. I nyare forsking har Yule og Smith (2015) på si side vist til at eldre born sleit meir enn dei yngre etter traumatiske hendingar, noko som kan ha samanheng med at einslege mindreårige over 15 år kan kjenne eit større ansvar enn dei under 15 år til å forsørge og hjelpe familien i heimlandet. Ansvarskjensla kan videre gå på bekostning av å ta vare på sine eigne behov og psykiske helse.

Eit bu- og omsorgstilbod bør difor sørge for, at uansett kor sjølvstendig eit born over 15 år er, så må dei også ha tilgang på vaksne omsorgspersonar som dei er trygge på, slik at dei kan få hjelp og støtte når dei treng det. Bu- og omsorgstilboden bør også sørge for at dei einslege mindreårige slepp å vere åleine om å bere ansvaret for sitt eige liv i tillegg til ansvarskjensla for familien sitt liv i heimlandet.

#### 5.4. Forståing av resiliens i møte med einslege mindreårige flyktningar

Resiliens er opprinnleig kjent frå fysikken og industrien, der det handlar om evna eit materiale har til å gjenoppta sin opprinnelige form eller tilstand, etter å ha blitt utsett for sterk fysisk påkjenning (Førde, 2014). Generelt er resiliens anerkjent som motstandskrafta mot risikofaktorar i miljøet, evna til å handtere stress og endring godt, eller å klare seg relativt greit til tross for ulike erfaringar med risiko (Rutter, 2006). Resiliens handlar altså om individet sin reaksjon på stress eller vanskelege livsforhold, men også om individet sine beskyttelsesfaktorar (Sameroff & Rosenblum, 2006; Kvello, 2010). Rutter (2011) samanliknar resiliens med fysisk helse. God fysisk helse oppstår ikkje ved å unngå kontakt med bakteriar, men ved å handtere kroppens møte med bakteriar på ein god måte.

Barn og unge som har opplevd krig, terror og flukt har auka risiko for utvikling av psykiske helseproblem (Borge, 2018). I følge Varvin (2015) vil mange kalle barn som flyktar og kjem til Noreg åleine for overlevarar, då motstandskrafta deira har vore stor. For mange av flyktningbarna er det som ofte skjer, at smerten og dei vonde minna melder seg når dei ikkje

lenger treng å halde beredskapen oppe, og det kan ta tid før dei kjenner seg ordentlig trygge (Varvin, 2015). Å ha eit resiliensperspektiv i møte med einslege mindreårige handlar derfor ofte om å leite etter lokale, familiære samt individuelle beskyttelsesfaktorar, slik at opplevingane av påkjenningar kan reduserast samt at resiliens kan fremjast (Borge, 2018).

#### *Resiliens; meir enn indre eigenskapar*

Resiliensforskarar har dei siste åra kome fram til at resiliens er mykje meir enn eit individ sine indre eigenskapar og åtferd. Mange faktorar kan bidra til resiliens, og både gener og miljø kan vere kjelder til motstandskraft (Sameroff & Rosenblum, 2006; Førde, 2014; Kvello, 2010).

Videre kan ein vere resilient i visse former for stress, vansker og belastning, eller vere resilient i ein periode av livet (Rutter, 2006). Rutter (2011) hevder soleis at resiliens er meir ein prosess enn ein personleg eigenskap, som videre handlar om strukturelle forhold, relasjonar og grad av tilgang på sosial rettferdighet. Resiliens vil vere i utvikling igjennom livet; før, under og etter påkjennande livserfaringar (Rutter, 2011).

Når flyktningborn i sitt nye tilvære skal i gang med å forsone seg med det som har skjedd, og tilpasser seg det nye, utviklar dei ulike strategiar for å klare seg, og for å handtere smerten slik at dei tilpasser seg best mogleg. Dei ulike strategiane den enkelete bruker for å klare seg under utfordrande forhold, vil vere ein del av den enkeltes resiliensprosess (Varvin, 2015). Barnets resiliens kan videre bli forstått ut frå barnets opplevelse av kontroll i situasjonen, barnets reaksjon på stress, inteligense, sjølvfølelsen, barnets evne til sjølvregulering og planlegging, samt tilgang på sensitive og responderande omsorgspersonar og venner (Rutter, 2006).

Som nevnt tidligare vil imidlertid ikkje alle born som opplever traumatiske hendingar oppleve betydelige psykiske vanskar i ettertid. Dyp, et al., (2014) si forsking etter Utøya-terroren viste til dømes at 47% av ungdommane i etterkant av terroren oppfylte krava til Posttraumatisk Stressyndrom (PTSD) diagnose, medan 53% ikkje oppfylte krava. Dette til tross for at alle ungdommane befant seg midt i terrorhandlingane. Alle ungdommane viste imidlertid til ulike plager, som var verre enn i ungdomsbefolkinga øvrig, men plagene var likevel av ein slik art at dei fungerte greit videre i kvardagen. Sjølv om forskinga ikkje primært hadde eit resiliensperspektiv, så var eit viktig funn at dei som opplevde færre plager også opplevde høg grad av sosial støtte (Dyp, et al., 2014).

### *Betydning av sosial støtte som resiliensfremjande faktor*

Fleire studier har vist betydninga av sosial støtte som ein viktig resiliensfaktor. Ei studie blir kalla ‘Chicago studia’, og den omhandla studier av vald og kriminalitet i ulike nabolag rundt i USA. Funn frå studia viste at i samfunn med høg grad av kriminalitet, reflekterte kriminaliteten at det aktuelle samfunnet mangla positiv sosial støtte som fungerte som buffer mot kriminalitet (Sampson, et al., 1997). Ei anna studie av Bruhn og Wolf (1993) undersøkte dødsraten fra hjerteinfarkt i byen Roseto i USA. Funna viste at dødsraten i Roseto var halvert samanlikna med resten av USA. Bruhn og Wolf (1993) fann at dei positive forskjellane i byen ikkje stamma frå kosthold, mosjon eller familiehistorie. Måten byen Roseto skilde seg ut på var ved at dei hadde skapa ein solid beskyttande sosial struktur, som omhandla å skape relasjon mellom byens velståande og byens mindre velstand. Her blei det arrangert hageselskap og det var lav terskel i byen for å stoppe opp å slå av ein prat med medborgarar på gata.

Også nyare studier har vist til at sosial støtte kan vere ein viktig beskyttelsesfaktor. Chase og Sapkota (2017) forska på sosial støtte i to boligområde i USA og Nepal, der det budde flyktingar frå Buthan. Funn frå begge boligområda viste at det å få ein venn i den nye bosituasjonen var avgjerande for utvikling av resiliens.

#### **5.4.1. Føringar for bu- og omsorgstilbodet**

Mange einslege mindreårige meistrar kvardagen i det nye landet bra. For dei borna som strever trengs det på si side bredde i tiltaka for å aktivt fremjer resiliens, noko som kan gjere det til ei komplisert oppgåve for hjelparar å fremje resiliens hos borna. I kor stor grad bu- og omsorgstilbodet bidrar til resiliensfremjande prosessar vil difor bero på fleire ulike faktorar. I lys av eit resiliensperspektiv synast det mellom anna å vere godt dokumentert at eit bu- og omsorgstilbod bør tilby sosial støtte.

Når det gjeld sosial støtte vil det, i tillegg til sosial støtte frå ansatte, vere naturleg å tenke seg at ein bestevenn kan fungere som ei god sosial støtte (Borge, 2018). Når det gjeld einslege mindreårige vil dei ofte ha forlatt sin beste venn i heimlandet, noko som understrekker viktigheita av at ansatte ved bueiningane for einslege mindreårige aktivt legg til rette for for gode nettverk og vennskap både i boligen og i lokalsamfunnet, men også at dei tilbyr seg sjølve som personar det er trygt å søke støtte hos.

I tillegg vil det være av betydning at bu- og omsorgstilbodet har kunnskap om at barn kan framstå som resiliente, når det i realiteten handlar om at dei har undertrykt smerten sin.

Dette vises til dømes i forskinga frå Utøya. Når forskarane skulle fortolke korleis det kunne ha seg at 53% ikkje oppfylte krava til PTSD, tok dei forbehold om at nokre deltagarar kunne ha undertrykt symptomata sine, medan andre kunne få symptom ved eit seinare tidspunkt (Dyp, et al., 2014). Bu- og omsorgstilbodet bør derfor tilby eit trygt miljø der borna kjenner at det er trygt å vise sin smerte, slik at dei også kan bli møtt med den sosiale støtta dei har behov for.

#### *Farer ved å idyllisere resiliens*

Kvello (2010) problematiserer at ein kan stå i fare for å ‘idyllisere’ resiliens hos born, og hevdar at det er av betydning å utforske prosessane som ligg til grunn for borna sin resiliens. Elles kan ein stå i fare for å bruke borna sin resiliens som unnskyldning for å ikkje setje inn gode tiltak og målretta innsats, og begrunne det med at ‘det kan jo gå bra’. Kvello (2010) framhever ein slik tankegang som etisk forkasteleg. Når det gjeld bu- og omsorgstilbodet er det derfor av betydning at dei ansatte ikkje ‘låser’ seg i å sjå dei einslege mindreårige som enten resiliente eller sårbare.

I tillegg kan det tenkast at mange einslege mindreårige blir ‘tvungne’ til å vere resiliente, ved at tiltaka ikkje treff godt nok, og at dei på den måten blir nødt til å utvise stor grad av sjølvstendighet. Å tørre å sleppe ut indre smerte krever at nokon er der for å ta imot. Dersom barnet ikkje opplever å ha nokon rundt seg som er robuste nok, og trygge nok, til å tolle deira smerte, så er det fare for at barnet heller velger å halde smarta inni seg. Det tek imidlertid tid å bygge tillitsfulle relasjonar som gir rom til å dele indre smerte, og bu- og omsorgstilbodet må sørge for at dei ansatte er tilgjengelige samt at dei har kapasitet til å ta imot barna. Dersom barnet velger å halde smarta inni seg vil det i tillegg vere utfordrande for hjelparane å fange opp barnets sårbarhet, og barnet blir kanskje i ein kartleggingsprosess vurdert til å vere meir resilient enn det som faktisk er tilfelle. Dette kan føre til at feil bu- og omsorgstilbod blir tilbuddt.

Det kan vere problematisk når det stilles for høge krav til barnet sin ibuande sjølvstendighet og resiliens. Sandberg (2012) har argumentert for at i henhold til artikkel 20 i barnekonvensjonen, skal einslege mindreårige sin sårbarhet bli tillagt særskild vekt. Dette fordi dei ikkje berre er utan sine foreldre og sitt familiemiljø, men også er utanfor sitt heimland. Bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige bør difor vere klar over at resiliens både handlar om personlege eigenskapar i tillegg til miljøskapete faktorar, og på den bakgrunn strekke seg etter å representera ein resiliensfremjande faktor i barnets miljø.

## 5.5. Oppsummering av kva for føringar fagperspektiva gir for korleis bu- og omsorgstilbodet bør vere

Bu- og omsorgstilboden til einslege mindreårige bør inneha kompetanse til å ivareta dei borna som treng omsorg og støtte utan at dei lid av alvorlege traumer, dei borna som ikkje har vist reaksjonar på traumer -men som likevel har traumereaksjonane liggjande latent i kroppen, samt dei borna som strever på ein slik måte at det vekkjer motstand i hjelparen. For at bu- og omsorgstilboden skal verke resiliensfremjande, må dei ansatte på asylmottaket, som skal kartlegge borna, ha nødvendig kompetanse og kunnskap om traumer og resiliens.

Eit resiliensfremjande bu- og omsorgstilbod vil innebere traumesensitiv omsorg, og tett oppfølging for dei borna som har opplevd og har sterke reaksjonar på traumer. Eit resiliensfremjande bu- og omsorgstilbod, for borna som ikkje strever med traumeerfaringar, kan i større grad innebere rom til sjølvstendighet, men å gi borna rom til sjølvstendighet må ikkje brukast som unnskyldning for å ikkje tilby tilstrekkelig psykososial støtte, eller unskyldning for å ikkje aktivt hjelpe dei einslege mindreårige med nettverksarbeid.

Det er godt dokumentert at sosial støtte i alle høve vil vere av betydning for fremjing av resiliens, men type sosial støtte vil variere sett i lys av om barnet er traumatisert eller ikkje. Det kan til dømes tenkast at eit resiliensfremjande tilbod for borna, som ikkje har dei heftigaste traumeerfaringane, kan vere fosterheim. Medan ein barnevernsinstitusjon med spisskompetanse på traumer i større grad vil verke resiliensfremjande for borna som strever med traumer.

Oppsummert kan det i lys av eit traume- og resiliensperspektiv argumenterast for at omsorga for alle einslege mindreårige burde vere plassert under barnevernets mandat, etter som det er innfør barnevernet det fins mest fagkompetanse både når det gjeld barn, traumer og resiliens.

## 6. Drøfting

Denne delen av oppgåva vil føregå i to deler. Først vil eg rette eit maktkritisk blikk på offentlege dokument om asylmottak, og drøfte kva for føringar som ser ut til å ligge til grunn for dagens praksis i bu- og omsorgstilbodet i asylmottak. I denne delen av drøftinga vil eg starte med å introdusere sentrale tenkarar for maktkritisk tilnærming til tekst. I metodekapitlet presanerte eg aletisk hermeneutikk som eit aktuelt vitskapsteoretisk grunnlag å basere dette drøftingskapitlet i oppgåva på. Eg beskrev at den aletiske hermeneutikken kan egne seg som forståingsgrunnlag, etter som den er ute etter å avdekke det usagte, eller å avsløre det som kan vere skjult ved første augekast (Alvesson & Sköldberg, 2017). Når eg snart skal leite etter underliggende strukturar i offentlege dokument, som kan representera kjelder av makt, vil eg nytte den aletiske hermeneutikken i praksis.

I del to vil dagens praksis bli drøfta i lys av korleis bu og omsorgstilbodet til einslege mindreårige mellom 15-18 år bør vere. Det som så langt er utvikla av ressursar i oppgava; vedrørande offentlege dokument, forsking samt fagperspektiv, vil utgjere hovedsøylene for drøftinga i denne delen. Med dagens praksis legg eg til grunn informasjonen frå kapittel to, om korleis bu- og omsorgstilbodet er utforma i asylmottak og ved busetjing i kommunane.

### 6.1. Kritisk analyse av makt i offentlege dokument

Engebretsen og Heggen (2012) introduserer i si bok «Makt på nye måter» begrepet *velferdsmakt*. Velferdsmakt blir beskrive som ei form for makt som fortuner seg i tekst og språk tilknytt velferdsstaten og dens profesjonar. Hauge og Mittelmark (2013) skriv at makt har ein særlig tendens til å maskere eller skjule seg i språk der ideologiar og gode intensjonar råder. På sitt mest usynlege og subtile vis kan velferdsmakta fortone seg ved at tankane blir leia inn på bestemte spor, utan at det er behov for ytre regulering, tvang eller sanksjonar. Gjennom tekstanalyse og språkleg nærlæsing viser Engebretsen og Heggen (2012) korleis rutiner og avkryssingsprosedyrar til dømes kan bli definande for omsorgsansvaret til yrkesutøvarar, på ein slik måte at det sårbare individ kjem i bakgrunnen. Videre at kvalitet i mange samanhengar har blitt eit kvantitativt begrep, som heller peikar på sikring av visse minimumsstandarder i stadenfor faktisk kvalitet. Ordet ‘kvalitet’ vil til dømes for allmennheten innebere ei viss standard på innhald. Kvalitet som eit teknisk omgrep, som til dømes omhandlar ‘kvalitetssikring’, vil på den andre sida måle ‘kvaliteten’ som verksamhetene sjølv dokumenterer og rapporterer, og soleis blir ‘kvalitet’ heller til måling av ‘kvantitet’. Blikket vårt blir på subtilt vis leia frå å fokusere på faktisk kvalitet i

profesjonsutøvinga, til å bli opptatt av det som er målbart (Engebretsen & Heggen, 2012). Ei slik omforming av *kvalitet* som omgrep vil seinare bli eksemplifisert.

Maktanalysane i boka «Makt på nye måter» legg til grunn Michel Foucault sitt utgangspunkt for makt. Ved å illustrere Foucault sin maktforståelse kan ein få hjelp til å stille spørsmål og reflektere når tekstar skal analyserast makkritisk (Engebretsen & Heggen, 2012). Foucault har gjort omfattande studier av makt igjennom historia, og er med sitt arbeid rekna som ein av 1900 talets store tenkarar. Foucault opererer med tre hovedkategoriar av makt igjennom historien. Disse er *Suverenitetsmakt*, *disiplineringsmakt* og *styringsmentalitet*. Dei er former for makt som beveger seg frå å vere direkte og synlege for almennheten, til å bli meir og meir indirekte og tilsynelatande usynlege (Lundgren, et al., 2012). For å skape eit best mogleg grunnlag for videre kritisk tekstanalyse, vil eg i korte trekk beskrive alle dei tre formene for makt.

*Suverenitetsmakt* går ut på at ulydighet mot den utøvande maktinstans blir brutalt avstraffa, til dømes ved bruk av tortur, som videre skal vere iscenesatt for resten av befolkninga for å fungere som avskrekking. Denne forma for makt blei hyppig brukt opp mot 1800-talet. Frå 1750 endra maktformene karakter, og *disiplineringsmakt* oppstår (Foucault & Gordon, 1980).

*Disiplineringsmakt* består av meir indirekte former enn suverenitetsmakt, og viser seg til dømes i at enkeltborgarar blir gjenstand for dokumentasjon og kunnskapsinnsamling. Individ blir i denne forma for makt beskrivne, samanlikna, og sortert i hierarki. Foucault hevdar i denne samanhengen at kunnskap og makt gjensidig påverkar kvarandre (Foucault & Gordon, 1980).

Den siste forma for makt, som Foucault presanterer er *styringsmentalitet*. Styringsmentalitet blir beskrive som ei form for makt som er karakteristisk for det moderne demokratiet. Denne forma for makt er enno meir indirekte og subtil enn *disiplineringsmakta*. Styringsmentalitet handlar om å påverke borgarane sin sjølvforståelse og deira handlingar, ved å nytte myke, appellerande og indirekte formar for makt. Styringsmentaliteten søker å påverke individet sine haldningar, meiningar, åtferd og veremåte (Rose & Miller, 1992). Foucault hevdar at alle tre formene for makt framleis er til stades i samfunnet, og at dei gjensidig fortsetter å infiltrere og influere kvarandre (Lundgren, et al., 2012). Med hjelp av boka «Makt på nye måter» samt Foucault si forståing av makt, skal eg no nærmare beskrive metoden for dekonstruksjon som har til føremål å avdekke makt i språk og tekst.

### *Dekonstruksjon av tekst i offentlege dokument*

Dekonstruksjon av tekst er som tidligare nevnt influert av den franske filosofen Jacques Derrida, som var elev av Foucault. Derrida bygger Foucault sin forståelse av makt videre, til å også omfatte korleis makt kan opptre i tekst (Engebretsen & Heggen, 2012). Ved bruk av dekonstruksjon som metode illustrerer Engebretsen og Heggen (2012) kompleksiteten i språket. Språkets kompleksitet blir illustrert ved mellom anna å analysere eit ord sine *konnatasjonar* og *denotasjonar*. *Konnatasjonar* betyr ordets kulturelle tilhørigheit, og omhandlar assosiasjonane me får til eit gitt ord, ut i frå konteksten ordet blir bruka i.

*Denotasjonar* betyr ordets bokstavelege, eller synonyme betydning. Ordet «vanskeleg» har til dømes synonym som ‘delikat’, ‘innvikla’ eller ‘kresen’.

Å forholde seg til ordet ‘vansklig’ på ein bestemt måte, blir umogleg når ein tar hensyn til alle synonyma. Eit ords denotasjonar vil altså iverksette motsetningsfylte meiningsinnhald (Engebretsen & Heggen, 2012). For å illustrere eit ord sine *konnatasjonar* og *denotasjonar* bruker Engebretsen og Heggen (2012) ordet «heil» som døme. Ordet er norrønt, og betyr eigentleg ‘velkommen’, men etter som alle kjenner til nazistane si undertrykking av minoritetar, vil ordet ‘heil’ ha heilt andre assosiasjonar enn ‘velkommen’ hos dei fleste. Dekonstruksjon som metode legg til grunn at ein tekstforfattar aldri kan beherske alle denotasjonar og konnotasjonar i teksta.

Eit anna verktøy innfør dekonstruksjon av tekst, er å leite etter diskursar som ser ut til å vere sentrale i dokumenta, men som samstundes er abstrakte og vanskelege og definere. Disse sentrale diskursane omtalar Engebretsen og Heggen (2012) som *nodalpunkt*. Eit anna sentralt punkt for å leite etter makt i tekst er å analysere kva for *subjektposisjonar* teksta drar lesaren inn i. Som me skal sjå frå Kleppe, et al., (2012) si analyse av offentlege dokument av asylmottak, så blir til dømes konsekvent subjektposisjonen ‘bebruar’ brukt (Kleppe, et al., 2012).

6.1.1. Dekonstruksjon som metode for å analyse offentlege dokument om asylmottak Kleppe, et al., (2012) sin bruk av dekonstruksjon, for å analysere offentlege dokument om asylmottak, tar utgangspunkt i tre styringsdokument frå 2008. I boka «Makt på nye måter» blir metoden også bruka til å analysere offentlege dokument innfør andre felt, men for denne oppgåva vil eg nytte dømet vedrørande asylmottak, etter som disse analysane vil vere aktuelle for mi problemstilling.

### *Makta som ligg i bruken av bestemte subjektposisjonar*

Kleppe, et al., (2012) tar utgangspunkt i sentrale diskursar i dokumenta som er vanskelige å definere, disse sentrale diskursane kan omtala som dokumentets *nodalpunkt*.

Dei illustrerer mellom anna korleis dokumenta si konsekvente omtale av *subjektposisjonen* ‘bebruar’ kan sjåast som *nodalpunkt*. Videre reflekterer dei rundt at dersom dokumenta hadde opna for andre subjektposisjonar, som til dømes ‘potensielt traumatisert’, ville yrkesutøvaren truleg opplevd eit ansvar for å bygge ein terapeutisk relasjon for å bli kjent med bebuaren og den sine behov. Kleppe, et al., (2012) sine analyser av dokumenta viser at relasjonen mellom ansatt og bebruar i liten grad opnar for ein terapeutisk funksjon. Dette til tross for at mykje forsking viser at asylsøkarar har både dårlig helse og traumatiske erfaringar når dei kjem til Norge.

Videre viser Kleppe, et al., (2012) at ordet ‘bebruar’, slik det blir framstilt i dokumenta, gir assosiasjoner til ein kunde med kunderettigheter, Eit døme på dette ‘kundeforholdet’ er at dokumenta beskriv at bebuaren sin trygghet skal ‘tilretteleggast’ for. Kleppe, et al., (2012) hevdar her at ordet ‘tilrettelegge’ legg til grunn at det skal gis ei form for service, og at det soleis fratar dei profesjonelle ansvar for å sørge for at bebuarane faktisk er trygge.

‘Tilrettelegge’ inneber mellom anna at ‘bebuaren’ skal tilbys eit minimum av materiell standard, som seng og tilgang på dusj. Videre skal ‘tilrettelegginga’ sørge for at ‘bebuarene’ har tilgang på hjelp dersom dei blir utsett for kriminelle handlingar. Kravet omhandlar altså ikkje at ein skal sørge for at ‘bebuarane’ faktisk er trygge, men at ein skal bistå dersom ulykka skjer, altså sørge for å ha rutiner for håndtering av krisesituasjonar framfor å ha ansvar for, samt sørge for, at kriser blir avverga. At språket i dokumenta underkjenner dei særskilte behova til asylsøkarane er eit døme på korleis implisitt makt trer fram i språket ved nærgåande analyse (Kleppe, et al., 2012)

### *Eit ‘nøkternt’ og ‘forsvarleg’ innkvarteringstilbod*

Kleppe, et al., (2012) viser at dei offentlege styringsdokumenta som omhandlar asylmottak gjer det klart at tilboden skal vere eit innkvarteringstilbod som skal drivast ‘nøkternt og forsvarleg’. Dei peikar videre på at ein kan forstå dokumenta sin omtale av ‘forsvarleg’ dithen at det skal være ein viss kvalitet på tilboden. ‘Nøkternt’ kan imidlertid forstås som at kvaliteten skal dras ned, og ikkje bli for god. Grensa for når ‘nøkternt’ blir ‘uforsvarlig’ framgår ikkje av dokumenta, men det kan sjå ut til at tilboden skal ligge nær grensa for ‘uforsvarleg’. Det skal foreligge rutiner ved asylmottaket, og slik skal det sorgast for at

tilbodet blir drive forsvarleg. Det føreligg imidlertid ingen krav til kva rutinene skal innehelde. Ovanfor myndighetene står asylmottaket soleis kun ansvarlege for å vise at det føreligg rutiner. Analysen til Kleppe, et al., (2012) viser at individet sine rettigheter blir antatt for å vere oppfylt når dokument og prosedyrar er i orden. Tilsynsblikket er altså retta mot rutinene og dei strukturelle forholda, noko som kan begrense, og i verste fall avskrive ansvaret dei ansette på asylmottaket har. Slik blir kvalitet omgjort til å heller handle om kvantitet (Kleppe, et al., 2012).

#### *Konklusjon, korleis framtrer skjult makt i dokumenta som blir analysert?*

Alt i alt, finn Kleppe, et al., (2012), i sine maktkritiske analysar av offentlege styringsdokument om asylmottak, at asylmottaka blir definert med ei dobbel målsetjing. Asylmottak skal i følge dokumenta både vere ein ‘normal bustad’, i tillegg til å gi ‘moglegheit for vekst og utvikling’. Dei to målsetjingane kan imidlertid komme på kollisjonskurs etter som ansatte sin relasjon til ein ‘leigetakar’ (i ein normal bustad) vil vere anleis enn forholdet til ein bebur som treng hjelp til ‘vekst og sjølvutvikling’. Det som likevel bringer dei to diskursane ‘normal bustad’ og ‘moglegheit for vekst og utvikling’ saman, er at dei konsekvent forheld seg til ‘bebuaren’ og ikkje til ‘flyktningen’. Makta kjem fram i teksta ved at det ikkje blir opna for å sørge for at asylsøkarane faktisk er trygge, kun at det blir ‘tilrettelagt for’ at dei skal vere trygge. Analysen legg vekt på at det ikkje ser ut til at ein treng menneskleg kontakt for å vere trygg, kun materiell tilrettelegging og rutiner (Kleppe, et al., 2012). Analysa viser til slutt at når oppmerksomheta i teksta blir leia vekk frå relasjon til ivaretakelse av tekniske prosedyrar, så kan det innebere ei ansvarsbegrensing og i verste fall ansvarsfråskriving i praksis. Ein står videre i fare for å sikre prosedyrar som primært tilfredstiller eit offentleg tilsynsblick, og ikkje individet med sine individuelle behov (Kleppe, et al., 2012).

#### *Videre leiting av skjult makt i tekst*

Inspirert av boka «Makt på nye måter» vil eg i det videre føreta mi eiga kritiske analyse med dekonstruksjon som metode. I likhet med Kleppe, et al., (2012) er eg på jakt etter makt som ligg skjult i teksta. Føremålet er at mi dokumentanalyse kan tjene som supplement til Kleppe, et al., (2012) si, ved at dokumentet eg skal analysere omhandlar bu- og omsorgstilbodet i asylmottak for einslege mindreårige over 15 år. Eg ser det videre som nyttig å sjå med eit maktkritisk blick på eit dokument av nyare dato, etter som bu- og omsorgstilbodet til dei einslege mindreårige over 15 år har vore gjenstand for debatt i over 15 år. I tillegg vil det å avdekke makt i stortingsproposisjonar vere av særleg betydning etter som formuleringane i

propositionane er gjenstand for fortolking av lova, og videre får direkte innverknad på praksis.

Etter som eg skal nytte dekonstruksjon som metode for analyse av dokumentet, vil det vere av betydning å minne om at ei tekst alltid kan tolkast på fleire måtar (Engebretsen & Heggen, 2012). Min måte å fortolke Prop. 82L (2020-2021) på vil ikkje vere den einaste rette måten å tilnærme seg teksta på, men ei mulig fortolking der eg løftar fram bestemte maktaspekt ved meiningsinnhaldet i teksta.

#### 6.1.2 Ei kritisk analyse av Prop. 82L, med dekonstruksjon som metode

Når Prop. 82L (2020-2021) omtalar kvaliteten på bu- og omsorgstilbodet vekslar ordbruken mellom ord som ‘forsvarleg’, ‘enkelt, men akseptabelt’, ‘tilstrekkeleg’, ‘godt’ og ‘best mogleg’. Disse orda kan tolkast til å vere aktuelle *nodalpunkt* i teksta, etter som dei er sentrale, men motsetningsfylte.

##### *Subjektposisjonen si innverknad på fortolking av nodalpunktet ‘godt’*

La oss først ta ein kikk på ordet ‘godt’. Ordet blir nevnt i Prop. 82L, mellom anna i punkt 2.3: «*asylmottaket skal sikre einslege mindreårige nødvendig oppfølging og at de blir gitt et godt omsorgstilbod og oppvekstmiljø*». Dersom me ser på ordet ‘godt’ sine denotasjonar så får me opp synonym som ‘dyktig’, ‘rent’, ‘ryddig’, ‘effektivt’, ‘genialt’, ‘bestilt’, ‘kompetent’, ‘metodisk’ og ‘riktig’. Synonyma sprikar altså frå rent og ryddig til genialt og kompetent, og gir oss eit motstridande bilet av kva ‘godt’ eigentleg inneber.

Videre kan me sjå på ordet ‘godt’ sine *konnotasjonar*, altså i lys av konteksten, kven bu- og omsorgstilbodet skal vere godt for. Prop. 82L omtalar målgruppa konsekvent som ‘einslege mindreårige asylsøkarar’. Det blir ikkje opna for andre subjektposisjonar, som ‘barn’. Tidligare i oppgåva viste eg til ulik forsking som drøftar om subjektposisjonane, ‘barn’ versus ‘flyktning’ kan ha innverknad på kvaliteten i bu- og omsorgstilbodet (Aadnan & Pastoor, 2013; Paulsen, et al., 2015). Hennum (2015) har argumentert for at ‘barn’ representerer ei kraftig, men usynleg makt, at barn har makt i kraft av å vere barn fordi det er sosialt akseptert i allmennheten at alle barn fortener best mogleg omsorg.

Om ‘godt’ skal ligge nærmest tilstrekkeleg, der denotasjonane ‘rent og effektivt’ blir vektlagt, eller nærmest ‘best mogleg’ og innebere denotasjonane ‘kompetent og genialt’, vil med henblikk til Hennum (2015) kunne avgjerast av om det er subjektposisjonen ‘barn’, eller ‘einslege mindreårige’ som blir nytta. Me ser *styringsmentaliteten* tre fram i dokumentet, ved

at teksta leiar merksemda vekk frå at det er snakk om ‘barn’, og konsekvent brukar subjektposisjonen ‘einslege mindreårige’. Ordlyden i teksta leiar lesaren soleis til å forvente lågare kvalitet i bu- og omsorgstilbodet til ‘einslege mindreårige asylsøkarar’, enn om det var snakk om omsorgskvaliteten for ‘barn’. Ordet ‘godt’, samanlikna med dei andre orda Prop. 82L bruker om bu- og omsorgstilbodet, kan dermed tolkast å ligge ein stad i spenningsfeltet imellom ‘tilstrekkeleg’ og ‘best mogleg’, truleg nærmast ‘tilstrekkeleg’.

#### *Eit ‘forsvarleg’ bu- og omsorgstilbod, som avgrensar seg frå terapi*

Kleppe, et al., (2012) viste i sine analysar av offentlege dokument av asylmottak at det fins eit spenningsfelt for det profesjonelle arbeidet. Arbeidet skal på den eine sida vere ‘forsvarleg’, men på same tid være innfør ein ‘nøktern’ standard. Prop. 82L inneheld ikkje ordet ‘nøktern’, men ordet ‘forsvarleg’ er gjennomgåande også i denne teksta. Ser me på denotasjonane til ‘forsvarleg’ så får me opp synonym som ‘dugeleg’, ‘dyktig’, ‘god’, ‘omfattende’, ‘stor’ og ‘liten’. Også her ser me at ‘forsvarleg’ rommar eit spekter av ulike synonym, som gjer det ukjart kva teksta legg i ‘forsvarleg’ omsorg.

Igjen må me sjå ordet i lys av oret sine konnotasjonar eller kulturelle samanheng. I den samanheng blir det i Prop. 82L fleire gonger påpeika at kva som kan seiast å vere ‘forsvarleg’ omsorg må sjåast i samanheng med andre krav som stilles til asylmottaka. Konteksten kan soleis seiast å vere ‘andre krav til asylmottaket’. I punkt 8.4 i dokumentet står det: «*Hva som er forsvarlig må vurderes ut fra botilbudets formål og målgruppe.*». Føremålet med butilbudet, blir omtala i punkt 2.3. Her står det: «*Asylmottakene skal ivareta omsorgen til de enslige mindreårige som bor i asylmottak, men de skal ikke tilby behandling eller terapi.*». Det framgår samstundes frå Prop. 82L at asylmottaket har ansvar for at dei einslege mindreårige som viser omfattande åtferdsvansker, som sal av seksuelle tenester, blir fulgt opp i andre sektorar i henhold til sektoransvarprinsippet.

Her er det interessant å sjå på kva teksta ikkje seier noko om. For det første tar teksta avstand frå at det handlar om forsvarleg omsorg for ‘barn’, og omtalar borna som ‘målgruppa’. For det andre manglar informasjon om korleis psykosiale aspekt hos borna som ikkje har store åtferdsvansker skal ivaretas. Ansette kan ansjå omsorgsutøvinga som forsvarleg dersom dei sørger for at borna som viser omfattande åtferdsvansker blir fulgt opp i andre sektorar.

Det fins eit stort spenn mellom å streve psykisk med traumer frå flukt, til å selge seksuelle tenester. Igjen trer *styringsmentaliteten* fram i dokumentet, og kan føre til at borna som ikkje strever ‘nok’ står i fare for å ikkje bli fulgt opp vedrørande si psykiske helse. Det

kan verke som at det er viktigare å sørge for at det ikkje blir utøvd terapi, men å melde frå til barnevernet dersom barnet strevar med omfattande åtferdsvansker, enn å sørge for at alle borna får god psykososial oppfølging i bu- og omsorgstilbodet.

#### *Mål om ‘effektiv’ forvaltning av bu- og omsorgstilbodet*

Når departementet i Prop. 82L tala for at praksisen, der UDI har ansvaret for alle einslege mindreårige over 15 år, blei lovposta, framheva dei at lovfestinga kunne føre til meir ‘effektiv’ forvaltning. Denotasjonane til ‘effektiv’ er mellom anna ‘dyktig’, ‘imponerende’, ‘tilstrekkelig’ og ‘økonomisk’. Teksta fortel oss ikkje kva for aspekt ved ‘effektivt’ som blir vektlagt. I lys av aletisk hermeneutikk, der eit mål er å avsløra det som ligg skjult, så mistenker eg at ‘effektiv’ i hovudsak handlar om at forvaltninga skal vere ‘økonomisk’.

Prop. 82L viser til «*representantforslag om bedre vilkår for enslige mindreårige asylsøkere i 2017*» (Dok. 8: 125 S (2016–2017)), der det blei argumentert for å overføre omsorgsansvaret for alle einslege mindreårige til barnevernet. Forslaget fekk ikkje fleirtal, og departementet beror sine vurderingar i Prop. 82L på same informasjon som gjorde at representantforslaget blei nedstemt. Kva for informasjon som låg til grunn for nedstemminga framgår ikkje frå Prop. 82L. Dersom me likevel leitar opp grunnlaget for at forslaga i Dok. 8: 125 S (2016–2017) blei nedstemt, finn me mellom anna eit vedlegg frå Justis- og beredskapsdepartementet v/konstituert statsråd Per Sandberg til kommunal- og forvaltningskomiteen, datert 11. mai 2017 (Innst. 474 S, 2016–2017). Her kan det tre fram eit klårare bilet av dei underliggende insentiva for beslutningane Prop. 82L. beror på. Det framgår frå vedlegget i Innst. 474 S. (2016–2017):

«*En ev. Beslutning om å overføre omsorgsansvaret for enslige, mindreårige asylsøkere mellom 15 og 18 år til barnevernet antas å ha betydelige økonomiske konsekvenser. I 2015 kom det 5 480 enslige mindreårige til Norge. Av disse var 1 161 under 15 år. Det kan grovt anslås at en slik sammensetning av enslige mindreårige gir utgifter på om lag 5,5 milliarder kroner det første året etter ankomst (gitt bl.a. en forutsetning om botid i mottak på ett år). Dersom tilbuetet til de enslige mindreårige over 15 år hadde blitt oppjustert til samme nivå som de som er under 15 år, anslås utgiftene å kunne øke til om lag 12,2 milliarder kroner.*» (Vedlegg i Innst. 474 S, 2016–2017)

Faglege argument vedrørande barnets beste, som argumentert for i Dok. 8: 125 S (2016–2017), samt frå fagekspertisen i høringsinstansane tilknytt Prop. 82L, ser altså ut til å bli forbigått til fordel for økonomiske hensyn.

Departementet hevdar grunnlaget for lovfestinga bunnar i at alle einslege mindreårige får eit ‘tilstrekkeleg’ bu- og omsorgstilbod ut i frå sin alder slik ordninga i praksis er, og at det

derfor ikkje er snakk om ei form for diskriminering, og heller ikkje behov for å heve nivået på omsorga. Videre kan me frå punkt 8.4. i Prop. 82L lese at «*Utlendingsmyndighetene arbeider systematisk for å sikre best mulig omsorg for alle enslige mindreårige som bor i asylmottak*»..

*Styringsmentaliteten* trer fram i teksta på fleire måtar. For det første må det nærmast eit dektektilvarbeid til for å finne argumenta dokumentet beror sine beslutningar på, då det ikkje blir eksplisitt henvist til Sandberg sitt innspel, men kun vist til dei same grunnane som gjorde at representantforslaget blei nedstemt. For det andre ser ‘tilstrekkeleg’ omsorg, ved nærmare analyse, ut til å handle om å vere ei ‘effektiv’ løysing, som til sjunde og sist inneber manglande politisk vilje til å bevilge tilsvarande økonomiske ressursar til einslege mindreårige sitt bu- og omsorgstilbod som til andre born sitt tilbod. Målet om ei ‘effektiv’ forvaltning ser altså ut til å trumfe målet om å gi ‘best mogleg’ omsorg til borna.

#### *Konklusjon, korleis framtrer skjult makt i Prop 82L?*

Språket i Prop. 82L er både diffust og uforutsigbart, og fungerer soleis som indirekte styring ved å ramme inn forholdet mellom hjelpeapparatet og dei einslege mindreårige på ein bestemt måte (Engebretsen og Heggen, 2012). Barnefaglege hensyn blir til dømes ikkje nevnt, og det er så og sei umogleg å få tak på kva som eigentlig blir rekna for å vere god kvalitet i bu- og omsorgstilbodet. Det kjem likevel klårt fram at departementet ikkje ser behov for ei heving av omsorgsnivået, samt at tilboden skal avgrense seg frå å tilby terapi. Kanskje trer makta i hovudsak fram ved at ordlyden er av ein slik karakter at nivået på omsorga i praksis må føregå på eit minimumsnivå. Når oppgåvene til ansatte på asylmottak blir beskrive generelt, i staden for å vere konkrete og samsvare med prinsippet om barnets beste, er det begrensa kva for makt dei ansatte i praksis vil ha til å utøve best mogleg omsorg. Ved at dokumentet ser ut til å legge større vekt på innvandringsregulerande hensyn enn barnefaglege hensyn, blir det i praksis utøvd ein styringsmentalitet som heller sikrar minimumsstandardar for omsorgsutøvinga enn å sikre faktisk kvalitet på omsorga.

#### 6.2. Dagens praksis, i lys av korleis det bør vere

Så langt drøftingsdelen har eg kritisk analysert Prop. 82L. Den kritiske analysen er relevant i diskusjonen vedrørande korleis bu- og omsorgstilbodet bør vere, men gir ikkje direkte svar på spørsmålet. I denne siste delen av drøftingskapitlet vil eg difor diskutere problemstillinga i oppgåva meir direkte. Eg vil drøfte dagens praksis i lys av kva for føringar forsking og fagperspektiv legg for korleis bu- og omsorgstilbodet bør vere, men også i lys av

insentiva frå Prop 82L om korleis bu- og omsorgstilbodet er tiltenkt å vere. For å gjere drøftinga på ein ryddig måte, har eg valgt å ta utgangspunkt i to tema. Disse temaene er ‘rett til omsorg’ og ‘rett til medverknad’. Temaene er valgt fordi dei aktualiserer seg i både forskingsgjennomgangen og dagens praksis, samt at dei begge er sentrale punkter i FNs barnekonvensjon (Berg, et al., 2021). Også denne delen av drøftinga vil innebere element av eit makkritisk blikk.

6.2.1. Dagens praksis i lys av barna sin rett til omsorg i sitt bu- og omsorgstilbod  
Forskingfunn i kapittel fire har vist at mange einslege mindreårige har omfattande opplevelingar av stigma knytt til deira status som flyktning. Dei kjenner seg einsame, og opplever ofte at omsorgspersonar manglar evner til å «tune in» på behova deira og gi nødvendig hjelp. Slik praksis er i dag er kravet til fagkompetanse på asylmotak svært låg, og grad av fagkompetanse verkar også til å variere mellom dei kommunale bu- og omsorgstilboda. Forskinsfunn viser at det kan vere uklart for omsorgsutøvarar i bu- og omsorgstilbodet kva borna har behov for og videre kva for omsorg dei treng. I lys av eit traume- og resiliensperspektiv er det på si side av betydning at omsorgspersonane blir gitt eit klart mandat for omsorgsutøvinga i bu- og omsorgstilboden, samt at dei innehavar nødvendig fagkunnskap, fordi graden av fagkunnskap kan påverke korleis profesjonsutøvarane forstår omsorgsbehova.

Som me såg frå analysen av Prop. 82L, så kan det likevel sjå ut til at det råder ein *styringsmentalitet* som i praksis bagatalliserer det å utøve best mogleg omsorg for dei einslege mindreårige flyktningane. Ved at styringsdokumentet ikkje legg tydelege føringer for kvalitet, kan det tolkast som at ‘kven som helst’ kan utøve omsorg ovanfor einslege mindreårige, og at fagkompetanse ikkje speler ei sentral rolle. Forsking og fagperspektiv viser likevel tydelig at eit resiliensfremjande bu- og omsorgstilbod bør innebere ansatte med flyktningfagleg og barnefagleg kunnskap generelt, men også at dei ansatte innehavar spesifikk kunnskap om traumer og resiliens.

#### *Eit tredelt omsorgsansvar, kan det forsvaret i lys av barna sin rett til omsorg?*

Dagens omsorgspraksis inneber at omsorgsansvaret er delt mellom vaksne som har ansvar for dagleg omsorg i bu- og omsorgstilboden, og ein representant som har ansvar for dei juridiske aspekta ved barnets liv. I tillegg skal eventuelle psykiske utfordringar ivaretakast i andre sektorar. Forskinga har vist at einslege mindreårige bør ha tilgang på ein voksenperson der dei

bur som kan hjelpe dei med alle aspekt av livet. Dersom omsorgsansvaret skal vere delt er det i det minste behov for at ein omsorgsperson har oversikt og koordineringsansvar, i tillegg er det behov for tettare tverrfagleg samarbeid for å sikre at borna får tildelt riktig bu- og omsorgstilbod.

Når omsorgsansvaret likevel i dagens praksis er delt, så krever det at borna er ressurssterke og at dei evner å henvende seg til ulike personar verdørande ulike deler av deira omsorgsbehov. Å måtte sortere kva for omsorgsbehov som høyrer til kva for sektor, vil vere ekstra utfordrande dersom dei opplever kvardagen som kaotisk i utgangspunktet, eller dersom dei ber med seg traumer. At omsorgsansvaret er delt, kan altså by på utfordringar for ei heilskaplege omsorg for dei einslege mindreårige over 15 år, som i verste fall kan føre til at borna tar avstand frå hjelpeapparatet, og soleis ikkje får hjelpa dei treng.

At ansatte ikkje skal utøve terapi, kan vere utfordrande når det ikkje framgår korleis dei einslege mindreårige sine emosjonelle behov likevel skal bli ivaretatt i bu- og omsorgstilboden. Eit uklårt mandat kan føre til at ansatte blir usikre på i kor stor grad dei kan invistere emosjonelt i borna. Etter som forskingsfunn understreker betydninga av at vaksne omsorgspersonar invisterer emosjonelt i borna, og eit traume- og resiliensperspektiv understreker betydninga av sosial og emosjonell støtte etter vanskelege livserfaringar, kan ein praksis der det ikkje er rom til å invistere emosjoenelt i borna innebere ei uforsvarleg omsorgspraksis.

På same tid kan me frå dagens praksis sjå at nokre einslege mindreårige får tildelt fosterheim som bu- og omsorgstilbod når dei blir busett i kommunane. Funn frå fleire internasjonale studier viser at det å bli busett i ein fosterheim kan kompensere for manglande omsorgstilbod frå asylsystemet, ved at fosterforeldre i større grad innvolverer seg i alle aspekt av barnets liv; praktisk kvardag, traumehandtering samt vedrørende juridiske aspekter. I Norge har Fløistad (2020) påpeika at fosterheimar i tillegg kan egne seg enno betre som bu- og omsorgstilbod enn barnevernsinstitusjonar. Medan det på barneverninstitusjoner er ansatte som jobber i turnus, som gjer at ungdommane må forhalde seg til mange vaksne, vil ein fosterheim tilby færre omsorgs, samt eventuelle tilknytningspersonar. På den måten kan fosterheimar bidra til å gi borna den tryggleiken dei treng i sitt omsorgsmiljø.

Sjølv om det er få einslege mindreårige over 15 år som får tilbod om å bli busett i ein fosterheim, kan det ut i frå forskinga sjå ut til at ei større satsing på fosterheim som bu- og omsorgstilbod til dei einslege mindreårige over 15 år kunne vore med på å gi fleire den heilskaplege omsorga som dei har behov for.

### *Konklusjon når det gjeld dagens praksis i lys av barn sin rett til omsorg*

Som vist i kapittel fire, ber bu- og omsorgstilbod preg av at dei einslege mindreårige sin status som flyktning veg tyngre enn deira status som born. Videre viser forskingsfunn at mange einslege mindreårige opplever det som einsamt å bli busett åleine eller i bufellesskap. Dagens praksis inneber at einslege mindreårige først blir busett i asylmottak drivne av UDI, og at dei videre i hovudsak blir busett i bukollektiv med heil- eller deltids oppfølging, eller åleine i hybel. Offentlege dokument, som Prop. 82L, legg vekt på at dei einslege mindreårige sitt omsorgsbehov, i dagens praksis, blir vurdert til å vere ‘tilstrekkeleg’ ivaretatt. Borna sine tilbakemeldingar, som vist igjennom forsking, står altså i kontrast til påstanden om at omsorgsbehovet deira er tilstrekkeleg ivaretatt, og videre i kontrast til tilboden som blir gitt i praksis.

Med bakgrunn i diskrepansen som oppstår mellom forskingsfunn, analysane fra Prop. 82L og praksis, kan ein undre seg over om det er perspektivet på dei einslege mindreårige som ‘born’ – som skal ivaretakast, eller som ‘flyktningar’ – som utgiftspost, som veg tyngst i utforming av dagens praksis i bu- og omsorgstilboden. Frå høringsinnstansen i Prop. 82L blei det påpeika at krav til oppgåvane ansatte på asylmottak skal ivareta er for generelle. Det er difor ein risiko for at andre behov enn barnets beste blir grunnlaget for omsorgsutøvinga (Prop. 82L, 2020-2021). Forskingsfunn har i tillegg illustrert at ein føresetnad for god praksis i møte med einslege mindreårige er å forplikte seg til å først sørge for barnet sitt velbefinnande, heller enn å prioritere innvandringsregulerande hensyn. På bakgrunn av den kritiske analysen av Prop. 82L kan det likevel sjå ut til at vilkåra for god praksis i bu- og omsorgstilboden er sterkt influert av innvandringsregulerande hensyn, og at det framleis er ein veg å gå for å sørge for at det er hensynet til barnets beste kjem først.

Samstundes kan det sjå ut til at det er behov for meir forsking på området, slik at rettane til omsorg kan betre blitt ivaretatt, til dømes ved at ei tilsvarende ‘rettighetsforskrift’ som føreligg for bu- og omsorgstilboda i regi av barneverntenesta blir utforma også får denne gruppa.

6.2.2. Dagens praksis i lys av barna sin rett til medverknad i sitt bu- og omsorgstilbod  
Som vist frå kapittel 4, har føretaking av grundige kartleggingar, med fokus på at barnet får medverke, vist seg å vere viktig for å at bu- og omsorgstilbod skal treffe behova til borna. Ei grundig kartlegging kan sikre at dei borna som trengte mykje oppfølging får det, medan dei som har behov for større grad av sjølvstende får moglegheit til det.

I dagens praksis er det ansatte på asylmottaket som føretar kartlegginga som legg premissa for videre busetjing i kommunane. Det blir ikkje stilt krav til fagkompetanse hos den som føretar kartlegginga med tanke på videre busetjing, ei heller krav til at den som føretar kartlegginga skal ha god kjennskap til barnet.

Dette fører til utfordringar for kommunane i busetjingsarbeidet, då dei risikerer å plassere borna i eit tilbod som viser seg å vere ‘skivebom’, eller at dei blir nødt til å først plassere alle i institusjonar der dei skal kartleggjast ytterligare, for så å gi dei eit passande bu- og omsorgstilbod. Ved begge tilfelle kan bu- og omsorgstilboden i kommunen medføre eit midlertidig tilbod først, som inneber nok eit relasjonsbrot, samt at det kan ta enno lengre tid før dei einslege mindreårige opplever å ‘lande’.

Som sett frå analysa av Prop 82L viste, så er det kanskje ikkje eit solid fagtilbod asylmottaka først og framst skal representere. Då er det likevel desto større grunn til å stille seg kritisk til at det er asylmottaka som skal føreta kartlegginga som legg grunnlaget for videre bu- og omsorgstilbod. Forskingsfunn gir gode indikatorar på at kartlegging av barna på asylmottak ideellt sett burde føretakast av ein fagperson som både kjenner barnet, som har kunnskap om sentrale fagperspektiv som traumer og resiliens, og i tillegg er god på medverknad i praksis. Dagens praksis ser altså ikkje ut til å vere tilstrekkeleg kvalitetssikra med tanke på at bu- og omsorgstilboden dei einslege mindreårige får videre skal vere både utviklings- og resiliensfremjande. Det ser videre ut til at det trengs meir forsking på korleis kartleggingane på asylmottak kan styrkast, slik at borna i størst mogleg grad blir gitt riktig bu- og omsorgstilbod etter tida på asylmottak.

#### *Utfordringar for medverknad i bu- og omsorgstilboden*

Forskinga viser til at det også finns utfordrande aspekt ved å la borna få medverke i kva for bu- og omsorgstilbod dei skal få. At mange einslege mindreårige har eit sterkt ønske om å hjelpe familien i heimlandet kan ofte føre til at dei ønsker å flytte for seg sjølvne tidlegare enn det som er til deira beste. Å flytte i hybel åleine, eller eit kollektiv med jammaldrande kan til dømes gi meir kontroll på eigen kvardag og pengar, men på den andre sida gi mindre psykososial støtte, som borna ofte treng. Dersom borna sine ønsker blir tatt hensyn til ukritisk, kan ein spørje seg om det er fordi borna først og framst blir sett som sjølvstendige og ressurssterke flyktningar. På den andre sida vil dei fleste vere einige om at det er for tidlig for ein norsk tenåring, som er under omsorg frå barnevernet, å flytte på hybel åleine som 15åring.

Likevel har forskingsfunn vist at mange einslege mindreårige uttrykte stor grad av sjølvstendighet, samt at dei var stolte av å vere så sjølvstendige. Ein medverkande faktor for

deira oppleving av sjølvstendighet var at dei hadde ei sterk religiøs tru på ein Gud som hjalp dei, i tillegg til at mistillit til andre var ein meistringsstrategi. Å ivareta borna sin rett til medverknad er soleis kanskje ekstra viktig fordi forskinga viser at borna ofte evnar stor grad av sjølvstende. Soleis kan bu- og omsorgstilbod med lågare grad av oppfølging, som til dømes ein hybel åleine, treffe omsorgstbehovet til nokre einslege mindreårige. Likevel kan ein undre seg over om borna i dagens praksis blir tvungne til å vere sjølvstendige, ved at bu- og omsorgstilboden ikkje gir tilstrekkeleg rom for dei til å også vere sårbare. Det er også behov for å stille seg kritisk til i kor stor grad økonomiske hensyn spelar inn på at mange får tildelt eit bu- og omsorgstilbod med stor grad av sjølvstende og mindre grad av oppfølging.

I eit traumeperspektiv vil det også vere viktig å vere klar over at einslege mindreårige som ber på traumer kan oppleve livet som farleg og at andre ikkje er til å stole på. For disse einslege mindreårige kan mistillit til andre menneske vere ein viktig meistringsstrategi for å handtere kvardagen. Som hjelpar bør ein difor alltid sørge for at den einslege mindreårige er trygge nok til å kommunisere sitt hjelpebehov. Igjen vil bemanningskapasitet og fagkompetanse hos ansatte kunne spele inn på den reelle moglegheita for å bygge relasjon og tryggleik, i tillegg til kor mange gonger borna har blitt utsett for relasjonsbrot.

Ein anna utfordring i å la borna få medverke omhandlar at borna kan oppleve det som viktigare å bli kjent med sitt nye vertsland enn å ta vare på kulturen frå heimlandet, noko som kan medføre at dei underkjenner den krysskulturelle kompetansen dei har med seg. I dagens praksis bør ansatte difor ha kunnskap som legg til rette for at dei einslege mindreårige sin etniske og kulturelle identitet blir ivaretatt, i tillegg til å vere bevisst at behovet deira for å vere sjølvstendig kan gå på bekostning av omsorgsbehovet deira.

#### *Etablering av eksterne tilsynsordningar; ein føresetnad for medverknad?*

Inntil nyleg var det ei utfordring ved dagens praksis at det ikkje fantes ei uavhengig tilsynsordning ved asylmottak for einslege mindreårige, dermed var det heller ingen som sikra at stemmene til borna blei høyrt. Som følger av at dei føreslattede endringane i Prop 82L blei lovfestet, har einslege mindreårige i asylmottak fått rett til tilsyn frå statsforvaltaren (Haugli, 2010). Tilsynet skal likevel førast i henhold til asylmottaka sine driftsavtalar, som er regulert av utlendinglova (Prop. 80L, 2021-2022).

Sjølv om ei ekstern tilsynsordning i større grad kan sikre at stemmene til einslege mindreårige i asylmottak blir høyrt, er det framleis, slik eg ser det, utfordrande at tilsynet ikkje vil bli føretatt i henhold til barnevernet og Bufdir sine standardar for omsorg for born, som er høgare enn UDI sine standardar for omsorg. Frå Prop. 82L (2020-2021) kunne me sjå

at det ikkje kom tydeleg fram kva for kvalitet bu- og omsorgstilbodet i asylmottak skal innebere. Det kan soleis tenkast å vere utfordrande for statsforvaltaren å føre avvik, og å fremje dei einslege mindreårige sine stemmer, når ordlyden i offentlege dokument gjer det uklart kva som er å regne for eit ‘forsvarleg’ bu og omsorgstilbod i asylmottak.

Det er videre ikkje meg kjent at det har blitt etablert ei uavhengig tilsynsordning for einslege mindreårige som er busett i kommunane, for utanom for dei einslege mindreårige som er busett i regi av barnevernet og automatisk får tilsyn frå statstforvaltaren. For dei einslege mindreårige som i sitt kommunale bu- og omsorgstilbod blir ivaretatt av andre instansar enn barnevernet; flyktningtenesta, Nav eller rådmannen, synast det framleis å vere uavklart om dei kjem til å motta uavhengig tilsyn i sitt bu- og omsorgstilbod. For at medverknad skal innebere fremjing av resiliens, så må det handle om reell overføring av makt og innflytelse til barnet. Det er av betydning å sikre at det ikkje i realiteten er snakk om ‘påverknad’ der barnet blir invitert til å seie si meining, men ‘ekspertane’ beheld si beslutning utan å eigentleg å lytte (Kvello, 2010). I dagens praksis er det usikkert i kva for grad borna har reell makt til innflytelse på bu- og omsorgstilbodet, samt om dei opplever at dei blir tilstrekkeleg høyrt, sett og ivaretatt. Her trengs det meir forsking.

Einslege mindreårige har igjennom fleire forskingskjelder oppgitt å vere opptatt av meiningsfylte relasjonar til venner, samt at gode relasjonar fungerer som ein buffer mot diskriminering, stigmatisering og isolasjon dei opplever i samfunnet. Likevel synleggjer forsking at ansatte kan vere kritiske til at venner skulle bli busett saman i kommunane, av frykt for at dei då blir hindra i å etablere vennskap med born i lokalsamfunnet i busetjingskommunen. Dagens praksis legg kun til rette for at søsken og familie blei busett i same område. Etter som forsking viser at sterk etnisk og kulturell identitet er av avgjerande betydning for om depresjonssymptom opplevd i ankomstfasen vil synke med åra, så kan det tenkast at om borna får høve til å halde på venner -ved å bli busett nær venner dei har fått i ankomstfasen, så kan det verre lettare for dei å ta vare på sin etniske og kulturelle identitet enn om dei står i det åleine. I eit resiliensperspektiv vil i tillegg bevaring av vennskap kunne fungere som ein beskyttelsefaktor som videre fremjer gode resiliensprosessar.

#### *Konklusjon når det gjeld dagens praksis i lys av barn sin rett til medverknad*

Alt i alt ser det ut til at det er behov for at dagens praksis gir rom for medverknad, men at det samstundes blir tatt på alvor at mange av barna har behov for å hjelpe familiene sine i heimlandet, som kan gå på bekostning av deira eige omsorgsbehov. Å immøtekommе borna sine ønsker om sjølvstende bør derfor balanserast med kunnskap om ulike risikofaktorar, då

borna til dømes kan stå i fare for å seie frå seg eit bu- og omsorgstilbod med oppfølging dei har behov for, til fordel for friheten dei får ved å bu for seg sjølv eller i kollektiv med mindre oppfølging.

Videre ser det ut til at dagens praksis stiller store krav til at barnet, i seg sjølv, skal inneha det som trengs av ressursar og resiliens for å klare seg godt i samfunnet, heller enn å anerkjenne at omgivnadane, samt bu- og omsorgstilbodet som blir gitt, har makt til å påverke både barnets utvikling og resiliens. Det er av betydning at både barnets sårbarhet og ressursar blir ivaretake i ein kartleggingssituasjon, i tillegg å sørge for at den som kartlegger har god kjennskap til barnet, ein trygg relasjon i botn, og kompetanse på medverknad. Berre då kan barnet tørre å ha tillit nok til å uttrykke det det faktisk meiner, og videre kunne bli ansvarliggjort i sin medverknad.

Til slutt finns det ein risiko for at medverknad i praksis blir til ansvarsfråskrivelse frå det offentlege si side. Som påpeika frå Kleppe, et al., (2012) sine analysar av offentlege dokument om asylmottak, så er det å sørge for at dokument og prosedyrar er oppfylt ikkje vere det same som at individet sine rettigheter er ivaretatt. Det ser ut til at det i dagens praksis fins eit stort forbedringspotensiale både når det gjeld vilkåra for kartlegging av barnet, og generelt når det gjeld å sørge for reell medverknad for einslege mindreårige når det gjeld bu- og omsorgssituasjonen.

## 7. Konklusjon

Føremålet med denne studia har vore å besvare spørsmålet om korleis bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige flyktningar i alderen 15-18 år bør vere. For å besvare problemstillinga har tre ulike innfallsvinklar blitt nytta. Først såg eg på problemstillinga i lys av 23 vitskaplege forskingsartiklar. Ut i frå kva eg kan sjå, ser det ikkje ut til å vere belegg i forsking for å gi einslege mindreårige over 15 år eit redusert bu- og omsorgstilbod samanlikna med andre born. Forskingsfunn vektlegg eit heilskapleg bu- og omsorgstilbod der borna kan bli ivaretatt på alle aspekt ved livssituasjonen sin. Bu- og omsorgstilboden bør hjelpe dei einslege mindreårige med nettverksbygging, samt hjelpe dei til å byggje bru mellom sin noverande livssituasjon og dei krysskulturelle erfaringane dei ber med seg. I tillegg har ei rekke forskingsartiklar belyst betydninga av å først og fremst sjå dei einslege mindreårige som ‘born’, og som ‘flyktningar’ i andre rekke. Forskingsfunna ser videre ut til å vere like aktuelle om det gjeld bu- og omsorgstilbod på asylmottak eller bu- og omsorgstilbod i kommunen.

Innfallsvinkel nummer to innebefatta å belyse fagperspektiva ‘traumer’ og ‘resiliens’. Heller ikkje fagperspektiva ser ut til å rettferdigjøre at bu- og omsorgspraksis, i møte med einslege mindreårige over 15 år, bør inneha lågare standard enn tilboden andre born får. Tvert om kan fagperspektiva belyse at det er behov for brei fagkompetanse i bu- og omsorgstilboda til einslege mindreårige, då ein skal ivareta born som ikkje lid av alvorlege traumer, born som har traumer liggjande latent i kroppen, samt born som strever på ein slik måte at det krever spisskompetanse hos hjelparane. Eit resiliensfremjande bu- og omsorgstilbod vil i alle tilfelle tilby god psykososial støtte, og ofte vil det i tillegg vere av betydning at det er tilgjengeleg fagpersonell som innehavar kunnskap om traumebevisst omsorg.

Til tross for at forsking og fagperspektiv gir føringar for at bu- og omsorgstilboden bør vere fagleg sterkt, at det bør gis på bakgrunn av gode kartleggingar, samt representera eit utviklingsstøttande og resiliensfremjande miljø, er det i praksis lagt opp til at einslege mindreårige i stor grad skal klare seg sjølve. Som innfallsvinkel nummer tre retta eg difor eit kritisk sokelys på Prop. 82L (2020-2021), for å leite etter underliggjande premiss for bu- og omsorgstilboden. Prop. 82L omhandlar riktig nok tilboden i asylmottak, men maktstrukturane som trer fram ved nærlæsing av dokumentet synast å vere gjenspegla i dei rådande haldningane som preger bu- og omsorgstilboden over heile linja. Når eg har sett grundig på både forsking og fagperspektiv finn eg ikkje støtte for det som blir anført som eit ‘tilstrekkeleg’ bu- og omsorgstilbod i Prop 82L. Offentlege dokument, som angitt ved Prop. 82L anbefaler ikkje ei heving av kvaliteten i bu- og omsorgstilboden. Med bakgrunn i forsking

og fagperspektiv vil det derimot vere breitt belegg for å hevde at kvaliteten i bu- og omsorgstilbodet bør hevast. Heilt konkret kan ei heving av kvaliteten mellom anna innebere at dei ansatte blir gitt eit klart omsorgsmandat, at det blir utarbeida ei forskrift for einslege mindreårige sine rettar tilsvarende ‘rettighetsforskriften’, samt at eit eksternt tilsyn blir etablert for alle dei einslege mindreårige, og at tilsynet tar utgangspunkt i eit nivå for kvalitet som samsvarer med ‘barnets beste’.

#### *Framtidig forsking og avsluttande anbefalingar*

Ved framtidig forsking bør det rettast videre soknelys på omsorgsmandatet i bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige over 15 år. I tillegg bør det forskast meir på forholdet mellom dei offentlege incentiva, slik dei mellom anna framgår frå stortingsproposisjonar, og den faktiske praksisen som blir utført i bu- og omsorgstilbodet. For at bu- og omsorgstilbodet skal kunne strekke seg mot dei faktorane, som forsking og fagperspektiv framhever som essensielle, må dei same faktorane og incentiva vektleggast politisk. Per idag er spriket, mellom korleis offentlege dokument framstiller at bu- og omsorgstilboda er tiltenkt å vere, og det forsking og fagperspektiv framhever som viktig i bu- og omsorgstilbodet, så stort at føringane frå forsking og fagperspektiv vanskeleg lar seg gjennomføre i praksis.

På same tid synast forsking og fagperspektiv å gi tydelege føringar for praksis, og mange har benytta høvet til å ytre både fagkunnskap og forskingsfunn politisk, til dømes i samband med politiske høyringer. Trass tyngda som er formidla gjennom både forsking og fagkunnskap, så ser ikkje politiske gjennomslag ut til å først og framst basere seg på faglegheit. Det synast soleis å vere eit sterkt behov for at faglege hensyn blir tillagt større vekt når praksis for bu- og omsorgstilbodet er oppe til politisk drøfting og vurdering. For når alt kjem til alt kan det aldri vere økonomiske omsyn som bestemmer kva som er eit fagleg godt nok tilbod.

## 8. Kjeldeliste

- Alvesson, M. & Sköldberg, K. (2017). *Tolking och reflektion: vitenskapsfilosofi och kvalitativ metod*. Studentlitteratur AB.
- Antonovsky, A. (1987). *Unraveling the mystery of health: How people manage stress and stay well*. Jossey-Bass.
- Aadnanes, M., & Pastoor, L.W. (2013). Blir enslige mindreårige flyktninger diskriminert? En drøfting av deres rettigheter til omsorg etter bosetting. *Tidsskriftet Norges Barnevern*. 01/2013. Vol 90.
- Bauge, M. (2014). Diskrimineringsvernet for enslige mindreårige asylsøkere – et reellt lavterskeltibud? *Kritisk juss*. 02-03/2014. Vol. 40.
- Barnekonsvensjonen. (1989). *Konvensjon om barnets rettigheter* (20-11-1989 nr 1 Multilateral). Lovdata.URL: <https://lovdata.no/traktat/1989-11-20-1>
- Bath, H. & Saita, J. (2018). *The three pillars of transforming care: Trauma and resilience in the other 23 hours*. UW Faculty of Education Publishing, The University of Winnipeg
- Bergen kommune. (2021). *Bosetting og oppfølging av enslige mindreårige flyktninger*. URL: <https://www.bergen.kommune.no/innbyggerhjelpen/barn-og-familie/barnevern-og-foredrestotte/barnevern/bosetting-og-oppfolging-av-enslige-mindrearige-flyktninger>
- Berg, B., Grønås-Werring, M., Meltevik, S., Svendsen & S., Viblemo, T. (2021). *Evaluering av representantordningen for enslige mindreårige asylsøkere*. NTNU Samfunnsforskning og Oxford Research.
- Berg, B., Svendsen, S. & Haraldsvik, M. (2019). *Enslige mindreårige i Stavanger. Tiltak, organisering og seid*. URL: <https://samforsk.brage.unit.no/samforsk-xmlui/handle/11250/2629946>
- BLD. (26.10.2007). *Høringsmøte om oppfølging av FNs barnekonsvensjon*. Historisk arkiv. datidens barne- og likestillingsminister, Manuela Ramin-Osmundsen. URL: [https://www.regjeringen.no/no/dokumentarkiv/stoltenberg-ii/bld\\_2006-2009/Taler-og-artikler/2007/horingsmote-med-frivillige-organisasjone/id487384/](https://www.regjeringen.no/no/dokumentarkiv/stoltenberg-ii/bld_2006-2009/Taler-og-artikler/2007/horingsmote-med-frivillige-organisasjone/id487384/)
- BLD. (29.06.2009). *Overføring av omsorgsansvaret fra UDI til barnevernet utsettes*. URL: [https://www.regjeringen.no/no/dokumentarkiv/stoltenberg-ii/bld\\_2006-2009/Nyheter-og-pressemeldinger/pressemeldinger/2009/overforing-av-omsorgsansvaret-fra-udi-ti/id570369/](https://www.regjeringen.no/no/dokumentarkiv/stoltenberg-ii/bld_2006-2009/Nyheter-og-pressemeldinger/pressemeldinger/2009/overforing-av-omsorgsansvaret-fra-udi-ti/id570369/)
- Borge, A.I.H. (2018). *Resiliens, risiko og sunn utvikling*. Gyldendal Akademisk.
- Bradby, H., Liabo, K., Ingold, A. & Roberts, H. (2017). Visibility, resilience, vulnerability in young migrants. *Health; an interdisciplinary journal for the social study of health, illness and medixine*. Vol. 23 issue 5.
- Bruhn, J. C., & Wolf, S. (1979). *The Roseto story*. University of Oklahoma Press.
- Bufdir, (2022). *Anbefaling om kompetanse og utdanning for barnevernsinstitusjoner*. URL: <https://ny.bufdir.no/contentassets/ed7a489b2fbf4c808e4637c037e51450/anbefalinger-om-kompetanse-og-utdanning-for-barnevernsinstitusjoner2253.pdf>
- Cohen, J.A., Mannarino, A.P. & Deblinger, E. (2018) *Behandling av traumer og traumatisk sorg hos barn og ungdom*. Universitetsforlaget AS.
- Chase, L. & Sapkota, R.P., (2017). «In our community, a friend is a psychologist». An ethnographic study of informal care in two Bhutanese refugee communities. *Transcultural Psychiatry*, Vol. 54(3), s. 400-422.
- Dønnestad, E. & Steinkopf, H. (2017). Traumebevisst omsorg som faglig forståelsesramme. Gustumhaugen, K., Dønnestad, E. & Steinkopf, H. *Miljøterapeuten. Mennesket som metode i miljøterapi*. Universitetsforlaget AS.
- Dyregrov, A. & Yule, W. (2006). A review of PTSD in children. *Child and Adolescent Mental Health*. Vol 11. S. 176-184.

- Eide, K. & Broch, T. (2010). *Enslige mindreårige flyktninger. Kunnskapsstatus og forskningsmessige utfordringer*. Regionsenter for barn og unges psykiske helse, Helseregion øst og sør.
- Eide, K., Kjelaas, I., & Larsgaard, A.K. (2017). Hjem eller institusjon? Om tvetydigheten i omsorgsarbeid med enslige mindreårige flyktninger bosatt i kommunene. *Tidsskrift for velferdsforskning*. 04/2017. Vol. 20.
- Einarsson, J.H. (2016). Bofellesskap for enslige mindreårige flyktninger. *Tidsskriftet Norges Barnevern*. 02/2016. Vol. 93.
- Fløistad, B. (2020). FN's konvensjon om barns rettigheter – Norges manglende tilslutning til klageordningen under konvensjonen. *Nytt Norsk Tidsskrift*. 01/2020. Vol. 37.
- Foucault, M. & Gordon, C. (1989) *Power/Knowledge: selected interviews and other writings 1972-1977*. Harvester Press.
- Førde, S. (2014). *Tapte barndom, eller...? barns navigering fra krenkeleser og traumer mot psykisk styrke*. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Førde, S. (2017). Det tar en landsby å oppdra et barn – oppvekstmiljøets betydning for enslige mindreårige flyktningers navigering mot opplevelsen av psykisk helse og resiliens. *Tidsskrift for psykisk helsearbeid*. 02/2017. Vol. 14.
- Garvik, M., Paulsen, V., & Berg, B. (2016). *Barnevernets rolle i bosetting og oppfølging av enslige mindreårige flyktninger*. NTNU Samfunnsforskning.
- Gough, D., Thomas, J. & Oliver, S. (2012). Clarifying differences between review designs and methods. *Systematic Reviews* 2012, 1:28. URL:  
<http://www.systematicreviewsjournal.com/content/1/1/28>.
- Hauge, H.A. & Mittelmark, M.B. (2013). *Helsefremmende arbeid i en brytingstid. Fra monolog til dialog?* Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke AS.
- Haugli, T. (2010). Rettsikkerhet for barn og unge i sårbare situasjoner. I Befring, E., Frønes, Helsetilsynet. *Ikrafttredelse av ny uavhengig tilsynsordning for enslige mindreårige i asylmottak*. 01.07.22. URL:  
<https://www.helsetilsynet.no/presse/nyhetsarkiv/2022/ikrafttredelse-av-ny-uavhengig-tilsynsordning-for-enslige-mindrearige-i-asylmottak/>
- Hennum, N. (2015). Makten i barnevernet. *Tidsskriftet Norges Barnevern*. Vol. 92. utg. 2.
- Holt, K. (2019). *Kultur, migrasjon og traumer. Hva trenger hjelpperen for å bidra til god psykisk helse og livskvalitet?* Gyldendal Norsk Forlag.
- IMDI. *Bosetting av enslige mindreårige flyktninger*. Oppdatert 07.09.21.URL:  
<https://www.imdi.no/planlegging-og-bosetting/slik-bosettes-flyktninger/enslige-mindrearige-flyktninger/>
- Innst. 344L. (2020-2021). jf. Prop. 82L (2020-2021). *Vedtak til lov om endringer i utlendingsloven (lovfestning av omsorgsansvaret for enslige mindreårige som bor i asylmottak)*. URL: <https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/lovvedtak/2020-2021/vedtak-202021-101.pdf>
- Innst. 474S. (2016-2017). jf Dok. 8:125S (2016-2017). Vedlegg- Brev fra Justis- og beredskapsdepartementet v/konstituert statsråd Per Sandberg til kommunal- og forvaltningskomiteen, datert 11. mai 2017. *Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om representantforslag om bedre vilkår for enslige mindreårige asylsøkere*. URL: <https://www.stortinget.no/nn/Saker-og-publikasjonar/publikasjonar/Innstillinger/Stortinget/2016-2017/inns-201617-474s/?m=6>
- Jensen, T.K., Fjermestad, K.W. & Granly, L. (2015). Stressful life experiences and mental health problems among unaccompanied asylum-seeking children. *Clinical Child Psychology and Psychiatry*. 20(1): 101-116.

- Johannessen, A., Tufte, P.A. & Christoffersen, L. (2010). *Introduksjon til samfunnsvitenskaplig metode*. Abstrakt forlag AS.
- Johnson, B. (1980). *The critical difference: Essays in the contemporary rhetoric of reading*. Johns Hopkins University Press.
- Kaiser, M. (2018). Forskingens verdier. *De Nasjonale Forskningsetiske Komiteene*. URL: <https://www.forskningsetikk.no/ressurser/fbib/systematiske-historiske/verdier/>
- Kauhanen, L. & Kaukko, M. (2020). Recognition in the lives of unaccompanied children and youth: A review of the key European literature. *Child & Family, Social Work*. Utg. 4. Vol. 25.
- Keiserud, E. (2016). Advokatforeningens årstale 2015 – Rettssstaten – mellom prinsipper og praksis. *Kritisk juss*. 01/2016. Vol. 42.
- Kirkeberg, M.I., Lunde, H. & Sky, V. (2022). *Enslige mindreårige flyktninger 1996-2020 Demografi, utdanning, arbeid, inntekt og barnevern. Tall som forteller, rapporter*. 02/2022. s. 86-97. URL: [https://www.ssb.no/befolkning/innvandrere/artikler/enslige-mindrearige-flyktninger-1996-2020/\\_attachment/inline/c3f7693b-eaac-4c61-9aa7-9003961c41e6:9704f27f4c2d6405e261279894e8712bc98d9432/RAPP2022-20.pdf](https://www.ssb.no/befolkning/innvandrere/artikler/enslige-mindrearige-flyktninger-1996-2020/_attachment/inline/c3f7693b-eaac-4c61-9aa7-9003961c41e6:9704f27f4c2d6405e261279894e8712bc98d9432/RAPP2022-20.pdf)
- Korkiamäki, R. & Gilligan, R. (2020). Responding to misrecognition – A study with unaccompanied asylum-seeking minors. *Children and Youth Services Review*. Vol. 119.
- Kleppe, L., Engebretsen, E. & Heggen, K. (2012). Asylmottak og innsnevring av ansvar. I Engebretsen, E. Og Heggen, K (Red.). *Makt på nye måter*. Universitetsforlaget AS.
- Laub, D. (2005). Traumatic shutdown of narrative and symbolization: A death instinct derivative? *Contemporary Psychoanalysis*. Vol. 41 (2). Side 307-326
- Leseth, A.B. & Tellmann, S.M. (2018). *Hvordan lese kvalitativ forskning?* Cappelen Damm AS.
- Lidèn, H., Eide, K., Hidle, K., Nilsen, A.C.E. & Wærdal, R. (2013). *Levekår i mottak for enslige mindreårige asylsøkere*. Institutt for samfunnsforskning.
- Lindseth, A. (2017). Forskningens vei – fra livserfaring til en observerbar verden og tilbake til livets virksomheter. Halås, C.T., Steinsvik, K., & Kymre, I.G. (red.). *Humanistiske forskningstilnærmingar til profesjonspraksis*. Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Lundgren, V.G., Juritzen, T., Engebretsen, E., & Heggen, K. (2012). Engebretsen, E. Og Heggen, K (Red.). *Makt på nye måter*. Universitetsforlaget AS.
- Malt, U. Stigmatisering. (2020). *Store Norske Leksikon på snl.no*. Henta 25. okt. 2022. URL: <https://snl.no/stigmatisering>
- Malterud, K. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder for medisin og helsefag*. Universitetsforlaget.
- Masters, G.S., Seim, M., Arias, R.H., & Hollekim, R. (2020). Enslige mindreårige flyktningers overgang fra bofellesskap til selvstendig tilværelse. *Tidsskrift for psykisk helsearbeid*. 04/2020. Vol. 17.
- Namdal, M. (2015). Utsettes enslige asylbarn på mottak for diskriminering i strid med FNs barnekonvensjon? *Lov og rett* 02/2015, vol 54.
- Newbigging, K., & Tomas, N. (2011). Good practice in social care for refugee and asylum-seeking children. *Child Abuse Review*. Vol. 20. Issue 5.
- NOAS, (2021), *innspill til Prop. 82 L (2020-2021). Endringer i utlendingslåven (lovfestning av omsorgsansvaret for enslige mindreårige som bor i asylmottak)*. <https://www.noas.no/wp-content/uploads/2021/05/Prop.-82-L-2020-2021-Omsorg-for-EMA.pdf>
- NOU, 2011:10. *I velferdsstatens venterom. Mottakstilbudet for asylsøkere*. Justis- og

politidepartementet URL:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/78ca1005cf834de8961f06357c91aa92/no/pdfs/nou201120110010000dddpdfs.pdf>

NOU, 2011:20. *Ungdom, makt og medvirkning*. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet URL:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/e68e3849077544e0a23f060916e2e3f2/no/pdfs/nou201120110020000dddpdfs.pdf>

Nordanger, D. & Braarud, H. C. 2017. *Utviklingstraumer. Regulering som nøkkelbrep i en ny traumepsykologi*. Vigmostad & Bjørke AS.

Omland, G. B., Andenas, A. (2018). Negotiating developmental projects; Unaccompanied Afghan refugee boys in Norway. *Childhood*, 2018, vol 25 (1), s. 78-92.

Omland, G.B., Andenas, A. (2019). Peer relationships at residential care institutions for unaccompanied refugee minors: An under-utilised resource? *Qualitative Social Work*. 2020, Vol.19. (5-6) S.917-933.

Omland, G. B., Andenas, A., Sveass, N. (2018). “Discuss it with your legal guardian”; Challenges in practising care for young unaccompanied refugee minors. *Child & Family social work*, 2021, Vol.26 (3), S. 309-317.

Oppedal, B., Ramberg, V., Røysamb, E. (2020). The asylum-process, bicultural identity and depression among unaccompanied young refugees. *Jurnal og Adolescence*. Vol. 85. s. 59-69.

Paulsen, V., Michelsen, H. & Brochmann, M. (2015). *Barnevernets arbeid med barn i asylsøkerfasen. Faglige barrierer og utfordringer i mottaksapparatet*. NTNU Samfunnsforskning AS.

Persson, M. (2021). *Hvordan skrive en litteraturgjennomgang? En praktisk guide*. Universitetsforlaget AS.

Prop. 82 L. (2020-2021). *Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om endringer i utlendingsloven (lovfestig av omsorgsansvaret for enslige mindreårige som bor i asylmottak)*. Justis og beredskapsdepartementet. URL: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-82-l-20202021/id2833731/?ch=8>

Prop. 80 L. (2021-2022). *Endringer i utlendingsloven (tilsyn med omsorgen for enslige mindreårige som bor i asylmottak)*. Justis og beredskapsdepartementet. URL: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-80-l-20212022/id2907875/?ch=6>

Portnoy, S. & Ward, A. (2020). Unaccompanied asylum-seeking children and young people – understanding their journeys towards improved physical and emotional health. *Sage journals*. Vol. 25.

Raundalen, M. & Schultz, J.H. (2010). Oppfølgingsgrupper for enslige mindreårige flyktninger. Befring, E., Frønes, I. & Sørli, M.A. (red.). *Sårbare unge. Nye perspektiver og tilnærminger*. Gyldendal Norsk Forlag AS.

Raghallaigh, M.N. & Gilligan, R. (2010). Active survival in the lives of unaccompanied minors: coping strategies, resilience, and the relevance of religion. *Child and family, Social work*. 02/2010. Vol. 15.

Regjeringen. (2005). *Plattform for regjeringsamarbeidet mellom Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet 2005-09*. URL: [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/smk/vedlegg/2005/regjeringsplatform\\_soriamoria.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/smk/vedlegg/2005/regjeringsplatform_soriamoria.pdf)

Regjeringen. (2009). *Politisk plattform for flertallsregjeringen utgått av Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet*. URL:

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/smk/vedlegg/2009/ny\\_politisk\\_plattform\\_2009-2013.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/smk/vedlegg/2009/ny_politisk_plattform_2009-2013.pdf)

- Rettighetsforskriften. (2012). *Forskrift om rettigheter og bruk av tvang under opphold i barnevernsinstitusjon.* (FOR-2011-11-15-1103). Lovdata. URL: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-11-15-1103>
- Rezaie, H. (2019). Commentary on “Supporting unaccompanied asylum-seeking young people: the experience of foster care”. *Child & family, Social work.* 03/2019. Vol. 24.
- Richason, L. (2017). Social work for separated children seeking asylum in the Republic of Ireland: setting the standard for child-centred care and protection. *Child Care in Practice.* Vol. 24.
- Rose, N. & Miller, P. (1992). Political Power beyond the State: Problematics og Government. *British Journal of Sociology.* Vol. 43. No 2. Side 173-205.
- Rosenbaum, B. & Varvin, S. (2007). The influence of extreme traumatization on body, mind and social relations. *The International Journal of Psychoanalysis.* Vol 88 (6). S. 1527-1542.
- Rutter, M. (2006). Implications of resilience concepts for scientific understanding. *Annals of the New York Academy of Sciences,* Vol.1094 (1). s.1-12.
- Rutter, M. (2011). *Resilience: Causal Pathways and Social Ecology.* I Ungar. M. The Social Ecology of Resilience: A Handbook of Theory and Practice. Springer Science + Buisness Media.
- Sameroff, A.J. & Rosenblum. K.L. (2006). Psychosocial Constraints on the Development of Resilience. *Annals of the New York Academy of Sciences.* Vol.1094 (1), s.116-124.
- Sampson, R.J., Raudenbush, S.W. & Earls, F. (1997). Neighborhoods and Violent Crime: A Multilevel Study of Collective Efficacy. *American Association for the Advancement of Science.* Vol. 277. No 5328.
- Sandberg, K. (2012). Asylsøkende barns rettigheter. Høstmærlingen, N., Kjørholt, E.S. & Sandberg, K. (red.). *Barnekonvensjonen. Barns rettigheter i Norge.* Oslo: Universitetsforlaget.
- Sayyad, N., Randal, S.B., Bøe, T. & Kvestad, I. (2021). Det var godt å si det jeg hadde på hjertet. Når stemmen til enslige mindreårige flyktninger bidrar til tjenesteutvikling og ny kunnskap. *Tidsskriftet Norges Barnevern.* 02/2021. Vol. 98.
- Schoon, I. (2007). *Risk and resilience. Adaptons in changing times.* Cambridge: Cambridge University Press.
- Schore, A. (2019). *Right brain psychotherapy.* WW Norton & Co.
- Seglem, K.B. (2012). *Predictors of psychological adjustment among young unaccompanied refugees after resettlement: A population based study.* Universitetet i Oslo, Det samfunnsvitenskaplige fakultet.
- Shier, H. (2001). Pathways to Participation: Openings, Opportunities and Obligations. A New Model for Enhancing Children`s Participation in Decision-making, in line with Article 12.1 of the United Nations Convention on the Rights of the Child. *Children and society,* Vol. 15. S. 107-117.
- Sirriyeh, A. & Raghallaigh, M.N. (2018). Foster care, recognition and transitions to adulthood for unaccompanied asylum seeking young people in England and Ireland. *Children and youth services review.* Vol. 92. S. 89-97.
- Skårdalsmo, E.M.B., & Harnischfeger, J. (2017). Vær snill! – Råd fra enslige mindreårige asylsøkere og flyktninger til voksne omsorgsgivere. *Tidsskriftet Norges Barnevern.* 01/2017. Vol. 94. (1). S. 6-21.
- Sourander, A. (1998). Behaviour problems and traumatic events of unaccompanied refugee minors. *Child Abuse & Neglect.* Vol.22(7), s.719-727.

- Statsforvalteren, Fylkesmannen i Nordland. (2020). *Enslige mindreårige asylsøkere mellom 15 til 18 år. Rapport etter tilsynssaker*. 8. juli. 2020. URL:  
[https://www.statsforvalteren.no/contentassets/ff25e1cfb40e4206be6216424448c943/report-etter-tilssynssaker\\_ema\\_juli2020.pdf](https://www.statsforvalteren.no/contentassets/ff25e1cfb40e4206be6216424448c943/report-etter-tilssynssaker_ema_juli2020.pdf)
- Svendsen, S., Berg, B., Paulsen, V., Garvik, M. & Valenta, M. (2018).  
*Kunnskapsoppsummering om enslige mindreårige asylsøkere og flyktninger*. URL:  
<https://samforsk;brage.unit.no/samforsk-xmlui/handle/11250/2499876>
- Sönderqvist, Å., Sjöblom, Y. & Bülow, P. (2014). Home sweet home? Professionals understanding of “homw” within residential care for unaccompanied youths in Sweden. *Child & Family, Social Work*. 04/2016. Vol. 24. S.591-599.
- Saakvitne, K.W., Gamble, S., Pearlman, L.A., & Lev, B. (2000). *Risk connection: A training curriculum for working with survivors of childhood abuse*. Sidrom Press.
- Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse, en nnføring i kvalitative metoder*. Fagbokforlaget.
- Thommessen, S.A.O., Corcoran, P. & Todd, B.K. (2017). Voices rarely heard: Personal construct assessment of Sub-Saharan unaccompanied asylum-seeking and refugee youth in England. *Children and Youth Services Review*. Vol. 81. S.293-300.
- Tomas, S. Byford, S. (2003). *Research With Unaccompanied Children Seeking Asylum*. I British Medical Journal. Vol. 327, No 7428.
- UDI. (2016). *Tall og fakta 2015*. Oslo: utlendingsdirektoratet. URL:  
[https://www.udi.no/globalassets/global/aarsrapporter\\_i/tall-og-fakta-2015.pdf](https://www.udi.no/globalassets/global/aarsrapporter_i/tall-og-fakta-2015.pdf)
- UDI. (2022). *Representanter for enslige mindreårige asylosøkere*. URL:  
<https://www.udi.no/ord-og-begreper/representanter-for-enslige-mindrearige-asylosokere/>
- United Nations High Commissioner for Refugees (UNHCR). (1997). *Guidelines on policies and Procedures in dealing with unaccompanied children seeking asylum*. UNHCR.
- Valenta, M. & Garvik, M. (2019). Enslige mindreårige asylsøkere – opplevelser og mestring av midlertidighet. *Tidsskrift for velferdssforskning*. 02/2019. (vol 22). s.126-145.
- Wade, J. (2019). Supporting unaccompanied asylum-seeking young people: the experience of foster care. *Child & family, Social work*. 04/2019. Vol. 24. S.383-390.
- Varvin, S. (2015). *Flukt og Eksil*. 2.utg. Universitetsforlaget.
- Waaktaar, T. & Christie, H. J. (2000). *Styrk sterke sider. Håndbok i resiliencegrupper for barn med psykososiale belastninger*. Kommuneforlaget.
- Yule, W. & Smith, P. (2015). Post traumatic stress disorder. Thapar, I.A., Pine, D.S., Leckman, J.F., Scott, S., Snowling, M.J., Taylor, E. (red.). *Rutter's child and adolescent psychiatry* (6. utg. S. 806-822). John Wiley & Sons.

## Vedlegg

### *Vedlegg 1; Oversikt over forskingsinnhenting, og inklusjons og eksklusjonskriterier*

| <u>Database/Kilde</u>         | <u>Dato</u> | <u>Element/søkeord/<br/>Kombinasjoner</u>       | <u>Kommentarer/<br/>treffliste</u>   |
|-------------------------------|-------------|---|--|
| Idunn                         | 19.10.21    | «enslige mindreårige flyktninger 15-18 år»      | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fra 2011-2021</li> <li>• 32 treff</li> <li>• Gått igjennom alle sammendrag, eventuelt også konklusjon og funn</li> <li>• Antall relevante, ved fullstendig gjennomlesing:<br/>6 stk <ul style="list-style-type: none"> <li>- Skårdalsmo &amp; Harnischfeger (2017)</li> <li>- Aadnanes og Pastoor (2013)</li> <li>- Eide, Kjelaas, Larsgaard, 2017</li> <li>- Paulsen, Michelsen og Brochmann (2015) (Artikkel fra Paulsen, Berg og Michelsen, som viste til forskingsprosjekt av Paulsen, Michelsen og Brochmann. Funna er henta direkte fra forskingsprosjektet.)</li> </ul> </li> </ul> <p>To artikler tatt med og nytta ifm bakgrunnsinfo eller drøftinga i kap 6:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Namdal (2015)</li> <li>- Fløistad (2020)</li> </ul> |
| Idunn                         | 19.10.21    | «enslige mindreårige flyktninger 15-18 år + bo» | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fra 2011-2021</li> <li>• 21 treff</li> <li>• Gått igjennom alle, samme artikler funnet relevante som i første søk</li> </ul>  |
| Oria, kun søkt etter artikler |             | «enslige mindreårige flyktninger»               | <p>2011-2021; 20 artikler</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gått igjennom alle sammendrag, eventuelt også konklusjon og funn</li> <li>• Antall relevante, ved fullstendig gjennomlesing: 10, derav 6 av dei same som i søket i Idunn. Fann i tillegg: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Sayyad, Randal, Bøe &amp; Kvestad, (2021).</li> <li>- Førde (2017)</li> </ul> </li> </ul>  |

|  |  |   |  |
|--|--|---|--|
|  |  |   | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Einarsson (2016) (Brukt som bakgrunnsinfo)</li> <li>- Masters, Seim, Arias, Hollekim (2020)</li> </ul>  |
| Gjennomgang av kjeldelistene til dei forskingsartiklene som kom fram frå søket i Idunn og Oria |  |   | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Lidèn, Eide, Hidle, Nilsen og Wærdal (2013)</li> <li>- Antonovsky, A. (1987).</li> <li>- Bauge, M. (2014).</li> <li>- Berg, B., Svendsen, S. Haraldsvik, M. (2019).</li> <li>- Hennum, N. (2015).</li> <li>- Jensen, T.K., Fjermestad, K.W., - Granly, L. (2015).</li> <li>- Johnson, B. (1980).</li> <li>- Keiserud, E. (2016).</li> <li>- Portnoy, S., Ward, A. (2020).</li> <li>- Tomas, S. Byford, S. (2003).</li> </ul>  |
| Tips fra veileder  |  |   | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Omland og Andenas (2018)</li> <li>- Omland og Andenas, Sveaas (2018)</li> <li>- Omland og Andenas (2019),</li> </ul>  |
| PsychInfo  |  | «unaccompanied<br>AND asylum-<br>seeking» | <ul style="list-style-type: none"> <li>• 94 treff når søker blir begrensa frå 2011 til 2021</li> <li>• Gått igjennom alle sammendrag, eventuelt også konklusjon og funn</li> <li>• Antall relevante, ved fullstendig gjennomlesing: 11 <ul style="list-style-type: none"> <li>- Oppedal, Ramberg, Røysamb (2020)</li> <li>- Söderqvist, Sjöblom &amp; Bülow (2014)</li> <li>- Bradby, Liabo, Ingold, og Roberts (2017)</li> <li>- Korkiamäki &amp; Gilligan, (2020).</li> <li>- Kauhanen &amp; Kaukko (2020)</li> <li>- Wade (2019),</li> <li>- Rezaie (2019) og</li> <li>- Sirriyeh &amp; Ni Raghallaigh (2018).</li> <li>- Newbigging og Tomas (2011)</li> <li>- Richason, (2017).</li> <li>- Raghallaigh og Gilligan (2010)</li> <li>- Thommessen, Corocan &amp; Todd (2017)</li> </ul> </li> </ul> |

- Søkt i Norske samt Internasjonale databasar. Idunn, PsychInfo, Oria
- Framgangsmåte: Har lest igjennom alle abstract/sammendrag, samt gått inn i dei fleste artiklane for å kikke på funn og konklusjon i tillegg. Luka ut dei aktuelle artiklane, basert på inklusjons- og eksklusjonskriterier, og lest dei.
- Gjennomgåt kjeldelistene i relevante artiklar, for å finne andre relevante artiklar

### **Inklusjonskriterier**

1. Alle metoder
2. For å ver aktuelle for forskingsgjennomgangen skulle artiklane har direkte røtter i forskingsprosjekt
3. Siste 10 år
4. Språk eg behersker; engelsk, norsk
5. Fagfellevurderte artiklar
6. kom til Norge, busett I asylmottak, omsorgssenter eller i kommunen, Fokus på einslege mindreårige sine liv både i asylprosessen og ved tildelt flyktningstatus og bustad i kommunen.
7. Fokus på: bu- og omsorgssituasjonen, behov, ressursar, meistringsstrategiar, ulike tiltak, medverknad, omsorg,

### **Eksklusjonskriterier**

1. Studier før 2011
2. Andre språk enn engelsk og norsk
3. Studier; frå flyktningleirar, med medisinsk fokus, fokus på ei psykologisk tilnærming, fokus på alderstesting, konsekvensar av midlertidig opphold eller skulesituasjonen.